



Årsmelding 2021

Bjørnafjorden kommune

**BJØRN
FJØRDEN**



Innhold

Kommunedirektøren si innleiring.....	4
Økonomi	7
Innleining	7
Økonomisk stilling	7
Driftsrekneskapen	10
Finans.....	15
Disponering av netto driftsresultat	18
Avvik mellom budsjett og rekneskap	19
Investeringsrekneskapen.....	22
Balansen	23
Økonomistyring	28
Medarbeidar.....	30
Likestilling og lønn.....	32
HMS	36
Internkontroll og etikk	37
Oppfølging politiske tiltak.....	40
Miljø	43
Folkehelse.....	46
Samfunnsikkerheit og beredskap.....	48
Bjørnafjorden 22.....	51
Organisasjon og styring.....	53
Visjon og verdiar	54
Kommunen sine tenesteområde.....	55
Fellesområde.....	56
Skildring av tenesta	56
Status økonomi	56
KOSTRA Nøkkeltal	56
Status investeringsprosjekt	56
Stab	58
Skildring av tenesta	58
Utvikling og utfordringar	59
Status økonomi	59
Status målsettingar.....	60
KOSTRA Nøkkeltal	60
Status investeringsprosjekt	61

Oppvekst.....	62
Skildring av tenesta	62
Utvikling og utfordringar	62
Utvalde resultat.....	71
Viktige hendingar	74
Status økonomi	76
Status målsettingar.....	78
KOSTRA Nøkkeltal	82
Status investeringsprosjekt	83
Helse og velferd.....	84
Skildring av tenesta	84
Utvikling og utfordringar	86
Utvalde resultat.....	93
Viktige hendingar	98
Pleie og omsorg.....	99
Status økonomi	100
Status målsettingar.....	102
KOSTRA Nøkkeltal	104
Status investeringsprosjekt	106
Samfunnsutvikling.....	107
Skildring av tenesta	107
Utvikling og utfordringar	108
Utvalde resultat.....	112
Miljø og klima	114
Innbyggarservice.....	114
Landbruk	114
Viktige hendingar	115
Status økonomi	115
Status målsettingar.....	117
KOSTRA Nøkkeltal	121
Status investeringsprosjekt	122

Kommunedirektøren si innleiing

FOR eit år!

Dei har jobba, dei har slite. Dei har stått på seint og tidleg. Dei har tatt ekstravakter og timer, og strekt strikken langt. Når kollegaen har måtte bli heime i karantene har dei steppa inn. Alt for å gi eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane våre.

Eg vil starte med å hylle kvar og ein av medarbeidarane mine i heile Bjørnafjorden kommune uavhengig av stillingsstorleik, arbeidsområde eller arbeidsstad for den innsatsen dei har lagt ned under pandemien.

Vi trudde 2021 var året kor kvardagen igjen skulle bli normal, men slik blei det ikkje.

Etter ein roleg sumar slo nye bølger med korona og smitteverntiltak inn over oss. Eg skal glatt innrømme at det gjekk utover motivasjonen å ikkje kunne møte kollegaene i gangane på rådhuset og ute på tenestestadene.

At vi framleis måtte halde fram å berre møtast via skjerm og på Teams var tungt.

Difor er eg så imponert over den innsatsen som har blitt lagt ned frå alle i Bjørnafjorden kommune for å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane våre uavhengig av kva rammevilkår vi har jobba under. De har stått i stormen, og de har stått støtt. Det same gjeld dei tillitsvalde og vernetenesta som har vist klokskap, mot og rausheit i den situasjonen vi har vore i.

No håper eg at vi i løpet av 2022 endeleg kan seie at pandemien er over (bank i bordet) og at vi endeleg kan ta skikkeleg tak i arbeidet med å byggje ein felles kultur, ein felles måte å gjere ting på, ein felles måte å møte innbyggjarane på uavhengig av kor dei bur i kommunen eller kva teneste dei treng frå oss.

Vi skal aldri gløyme at vi er her for innbyggjarane, ikkje motsett.

Ein ting pandemien har gitt oss er betre og større kunnskap i bruk av digitale verktøy. Dette blir viktig i det vidare arbeidet. Det har også vore viktig i løpet av 2021 kor vi har jobba med og implementert fleire nye digitale løysingar i vårt møte med innbyggjarane.

Vi har jobba mykje med å gjere heimesida betre. Vi har tatt i bruk Frontdesk, slik at innbyggjarane kan booke time hos oss anten dei har ein bygge-, plan- eller oppmålingssak. Eller om dei treng rettleiing eller å møte nokon innan psykisk helse og rusomsorg, barnevernet eller på Ung Arena.

Tilbakemeldingane eg får er at dette har blitt godt mottatt og at fleire i mange tilfelle ønskjer eit digitalt møte med oss i staden for å måtte bruke tid og krefter på å ta seg fysisk til oss. Når det er sagt, så er det viktig for meg å understreke at sjølv om vi blir meir digitale, så skal vi framleis vere her for innbyggjarane og framleis møte dei som ønskjer det fysisk.

Men også der blir det endringar, særleg i dei reine kontorbygga våre. Kanskje vil innbyggjarane no møte ein terminal kor dei melder frå direkte til saksbehandlaren at dei har kome, i staden for at nokon sit og tek i mot dei og formidlar denne kontakten.

Slike løysingar ser vi mange andre stader, og dei fungerer. Det føler eg meg trygg på at den kjem til å gjere også hos oss.

Fokus på den økonomiske ståa og arbeidet med å gjennomføre Bjørnafjorden 22 har stått særslig sentralt gjennom heile 2021. I prosjektet sette vi som mål at vi skulle ned 37 millionar kroner i løpet av året.

Det har vi i det store og heile klart, men samstundes står det att å realisera ein reduksjon i driftskostnadane i 2022 med ytterlegare 43 millionar. Dette er eit tøft mål å nå. Vi har tatt ned årsverk både i administrasjon og i tenesteytinga. Vi skal ikkje gløyme at det er ei rekke lovpålagede oppgåver vi som kommune skal oppfylle. Ikkje berre i direkte tenesteyting mot innbyggjarane, men også når det kjem til arkiv, internkontroll, hms, innkjøp og økonomi.

Eg kan jo ikkje anna enn å gle over at vi gjer opp årsrekneskapen med eit netto driftsresultat på 157,8 millionar kroner, ein resultatgrad på 6,55% og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 84,8 millionar kroner. Men, samstundes vanskeleggjer det kommunikasjonen om at vi skal trekke ned driftsutgiftene ytterlegare i år som kjem. Det er difor viktig å hugse at det gode resultatet i hovudsak skuldast skatt/skatteutjamningsmidlar som følgje av ein formidabel skatteinngang i heile kommunesektoren og eit særslig godt resultat frå finansporteføljen vår.

Dette er ikkje inntekter vi kan rekne med blir like høge i år som kjem. Difor må vi halde att, vere nøkterne og tilpasse drifta vår til dei «faste» inntektene våre, så kan vi gle oss kvar gong dei «variable» inntektene slår positivt ut.

Ein annan sak det har vore jobba mykje med gjennom heile året er kommunedelplanen for Bjørnafjorden vest.

Det har vore eit langt lerret å bleike og det har vore jobba godt både administrativt og politisk. Eg er glad for at kommunestyret fatta eit endeleg vedtak i desember og med det sette eit førebels punktum. Så veit vi alle at det framleis står att tøffe tak i mekling med overordna mynde, men det er viktig at vi snart får landa denne, slik at vi kan gå vidare. Det er viktig. Ikkje minst for næringslivet.

Vi opplever at Bjørnafjorden er ein attraktiv kommune for nytableringar.

Både for næringsliv og familiar som vil busette seg her. Særleg spennande blir det hausten 2022 når den nye vegen til Bergen opnar.

Kva konsekvensar det får veit vi ikkje, men vi skal ikkje gløyme at vegen også vil gjere at fleire områder også i Bjørnafjorden aust i større grad vil bli innanfor det folk opplever som akseptabel pendlaravstand til Bergen.

2022 er forhåpentlegvis også det året kor vi vil sjå teikn til dei første fysiske etableringane i Lyseparken. Eg er glad for at kommunestyret sumaren 2021 gav si tilslutning til å opprette Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS) og valde styre til dette. BUS har allereie vist at dei blir ein viktig reiskap i å utvikle og realisere Lyseparken, men også at dei kan bli viktige i arbeidet med å utvikle heile kommunen. Medan BUS blei oppretta gjorde kommunestyret også vedtak om å gjere Os bygg- og eigedom AS til eit sovande selskap etter at det hadde realisert verdiar som låg i selskapet. Også her blei det valdt eit særslig kompetent styre som har leiia denne prosessen med stødig hand.

Det har gjennom 2021 skjedd mykje spennande med og i det lokale næringslivet, og eg er heilt sikker på at 2022 kjem til å bringe mange spennande nyhende med seg. Samstundes skal vi vere realistiske. Pandemien har satt sine spor, og den kjem heilt sikkert til å sette nye spor. Ikkje minst innan næringslivet, kor mange har hatt tøffe år. Det er ikkje sikkert at dei klarer å stable seg på beina igjen, men då skal vi vere der med det nettverket og verkemiddelapparatet vi som kommune rår over slik at vi tek vare på den einskilde arbeidstakaren som blir råka.

Eg ønskjer meg fleire slike stundar vi hadde ein augustnatt i Strandvik då Anders Mol og Christian Sørum tok OL-gull i strandvolleyball. Ei natt der vi vart samla på tvers av fjorden i felles glede over dei gode prestasjonane.

Eg ønskjer å bygge Bjørnafjorden kommune ilag med innbyggjarane, med næringslivet, lag og organisasjonar og sjølvsagt i lag med dei tilsette.

I 2022 GLER eg meg til å møte dykk alle!

Vi er her for innbyggjarane!

Christian F. Fotland

Kommunedirektør

Økonomi

Innleiing

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2021 viser eit netto driftsresultat på kr 157.833.934,99 for 2021. Årets rekneskapsmessige mindreforbruk (før strykingar), kr 84.816.303,78, er sett av til styrking av kommunen sin eigenkapital (fond). Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Konsolidert rekneskap for Bjørnafjorden kommune 2021 viser eit netto driftsresultat på kr 162.809.256,56.

Konsolidert rekneskap omfattar Bjørnafjorden kommune, Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men konsern-interne transaksjonar er eliminerte.

Det gode resultatet skuldast i hovudsak skatt/skatteutjamningsmidlar som følgje av ein formidabel skatteinngang i heile kommunesektoren. Samla skatteinntekter i 2021 er over 68 mill. kr høgare enn budsjettet. Også finansresultatet er svært godt i 2021; mellom anna er avkastning på kortsiktig og langsiktig finansportefølje bokført med 17,8 mill. kr.

Staten har uttrykt ei forventning om at kommunane over tid skal ha ein resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter). Resultatgraden for Bjørnafjorden kommune i 2021 blei 6,55%. For konsernet som heilskap blei resultatgraden 6,69%.

Økonomisk stilling

Kommunen skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handlefridomen blir ivaretatt over tid. Kommunen sine langsiktige utgifter skal vere finansiert av langsiktige inntekter. Dette inneber at tiltak av varig karakter som blir sett i verk må ha langsiktig budsjettdekning. Tiltak som berre gjeld innafor ein avgrensa tidsperiode kan bli finansiert med inntekter som ikkje er varige, eller av fondsmidlar. Det overordna målet med økonomistyring er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Allereie i førebuingane til kommunesamanslåinga var vi urolege for korleis økonomien i den nye kommunen ville bli, og fleire saker om dette blei lagt fram for Fellesnemnda og dei to kommunestyra. I arbeidet med budsjett og økonomiplan 2020 – 2023 blei det raskt klart at kommunen sin økonomi ikkje var berekraftig på sikt. For å oppnå ambisjonen om at Bjørnafjorden kommune skal ha ein berekraftig økonomi blei prosjekt Bjørnafjorden 22 etablert med representantar frå ulike faggrupper og tillitsvalde. Ambisjonen frå kommunedirektøren var i utgangspunktet å redusere årlege faste utgifter med ca. 90 mill. kr innan utgangen av 2022. I behandlinga av økonomiplanen for 2021- 2024 ble beløpet justert ned til kr 80.855.000, fordelt med kr 37.070.000 i 2021 og ytterlegare kr 43.785.000 i 2022. Status pr. 31.12.2021 er at ein har oppnådd 94% av målsettinga for 2021.

Sjølv om kommunen kjem i mål med prosjekt B22 og klarar å finne innsparingstiltak tilsvarande 80,85 mill. kr, vil vi likevel ikkje ha eit driftsnivå tilpassa kommunen sine inntekter. I framlegg til statsbudsjett kom meldinga om at staten avsluttar SIO-prosjektet (Statleg finansiering av omsorgssektoren) allereie frå 2022. Prosjektet inneber m.a. at kommunen i prosjektperioden får eit trekk i rammetilskotet og i staden mottar øyremerka statstilskot ut frå vedtaka som blir utførte i omsorgssektoren. Administrasjonen har sidan starten av prosjektet vore uroleg for at det blir utfordrande å ta omsorgssektoren tilbake til ordinære driftsbudsjett fordi veksten i omsorgssektoren har vore høgare enn det rammetilskotet kommunen vil få tilbake. Kommunen har vore deltakar i prosjektet i seks år, og i denne perioden har det vore sterk vekst i den eldste aldersgruppa samstundes som kommunen har

opna mange nye sjukeheimspllassar. Som eit svar på denne utfordringa har det i økonomiplanen for 2022 – 2025 blitt sett i verk fleire tiltak, m.a. auka avdragstid på lån, fjerning av kompensasjon for prisvekst og redusert investeringsnivå. Det største tiltaket er likevel oppretting av eit nytt prosjekt «Økonomisk handlefridom», som tek sikte på å finne ytterlegare kostnadsreduksjonar i 2023 og 2024 med til saman 50 mill. kr.

Kommunen sin økonomiske stilling vil såleis vere vanskeleg dei komande åra.

Det gode resultatet i 2021 og tidlegare år gjer at kommunen ved utgangen av 2021 likevel har eit visst økonomisk handlingsrom. Ein måte å vurdere kommunen si handlefridom på er å sjå på lånegjeld, netto driftsresultat og disposisjonsfond. Riksrevisjonen skriv i ein rapport om kommunesektoren: «Det er samanhengen av store lån, lavt disposisjonsfond og lavt driftsresultat som gir utfordringer». KS har utvikla ein «trafikklysmodell» for dette:

Netto lånegjeld, korrigert for ubunde investeringsfond, i % av driftsinntekter	Netto driftsresultat, korrigert for netto bundne avsetninger, i % av driftsinntekter	Disposisjonsfond, inkl rekneskapsmessig mer-/mindreforbruk, i % av driftsinntekter
Under 65%	Over 2%	Over 8%
Mellan 65% og 85%	Mellan 1% og 2%	Mellan 5% og 8%
Over 85% av driftsinntekter	Under 1% av driftsinntekter	Under 5% av driftsinntekter

Netto lånegjeld er langsiktig lånegjeld fråtrekt totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av egne midlar).

Grønt nivå indikerer større grad av økonomisk handlefridom, gult nivå indikerer moderat økonomiske handlefridom medan raudt nivå indikerer avgrensa/lite økonomisk handlefridom.

For Bjørnafjorden kommune slår modellen ut slik:

Økonomisk handlefridom	År 2021		År 2020		År 2020
	Kommune	Konsern	Kommune	Konsern	
Nøkkeltal lånegjeld	116,0 %	114,8 %	118,5 %	117,5 %	87,4 %
Nøkkeltal Netto driftsresultat	6,0 %	5,9 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %
Nøkkeltal Disposisjonsfond	26,5 %	26,3 %	22,6 %	22,5 %	11,6 %

Tal for 2021 er basert på ureviderte rekneskapstal og førebelse kostra tal pr. 15.03.2022. Endelige tal og tal for landet kjem i slutten av juni.

Ut frå denne modellen er den økonomiske handlefridomen i kommunen god på fleire felt og har utvikla seg positivt frå 2020 til 2021. Det er lånegjelda som er den store utfordringa, då denne ligg langt over tilrådd nivå. Dette gjer at kommunen må bruke ein god del av driftsinntektene sine til å betale renter og avdrag. Dette er midlar som elles kunne blitt brukt på (annan) tenesteproduksjon. Ein auke i rentenivået vil slå hardare ut for Bjørnafjorden kommune enn for gjennomsnittet av kommunane. KS gjer kvart år ei kartlegging av kommunane ut frå kriteria for økonomisk handlefridom, og det er her vi har henta tala for Landet 2020. Bjørnafjorden kom i 2020 ut på gult nivå, altså ein kommune med moderat økonomisk handlefridom.

Svakheita til modellen er at den fokuserer på fortida og ikkje framtida. Om vi legg økonomiplanen for 2022 – 2025 til grunn må vi forvente at nøkkeltalet for lånegjeld blir noko svakare før det stabiliserer seg medan nøkkeltalet vedr disposisjonsfond ser ut til å halde seg meir stabilt. Netto driftsresultat er forventa å bli vesentleg svakare framover. Eit anna element som ikkje blir fanga opp av modellen er ev. etterslep på vedlikehald. Eit vedlikehaldsetterslep vil utgjere ein risiko for høgare utgifter i framtida. Administrasjonen vil sjå nærmare på dette temaet i 2022.

Å sette finansielle/økonomiske måltal er også eit verkemiddel kommunane har for å oppnå økonomisk handlefridom og stabile driftsrammer. Kommunen sine måltal er at

- Budsjettet resultatgrad skal minst vere i tråd med Teknisk beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi si tilråding – for tida 1,75%
- Budsjettet avdrag skal minst vere 4% av lånegjelda, eks. vidareutlån
- 25% av ordinære investeringsprosjekt skal vere finansiert med eigenkapital

Med resultatgrad meiner vi netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter. Med lånegjeld meiner vi langsiktig lånegjeld eks. startlån til vidareutlån. Med ordinære investeringsprosjekt meiner vi investeringsprosjekt som ikkje er gebyrfinansierte. Med eigenkapital/eigenfinansiering meiner vi sal av anleggsmiddel/eigedom, bruk av fond eller bruk av driftsmidlar.

Økonomiske måltal	Mål	År 2021	Budsjett 2021
Resultatgrad	1,75 %	6,55 %	1 %
Budsjettet avdrag	4 %	4,0 %	4 %
Eigenkapitalfinansiering	25 %	10,4 %	17,1 %

Det er særleg resultatgraden som peikar seg ut i forhold til måltalet og budsjettet. Som nemnt innleiingsvis er den høge resultatgraden ein konsekvens av svært gode skatteinntekter for 2021.

Administrasjonen tek sikte på å legge fram sak om rullering av kommunen sine økonomiske måltal i 2022.

Driftsrekneskapen

Eit samandrag av Økonomisk oversikt drift §5-6 viser følgjande oversikt over kommunen sin driftsrekneskap for 2021:

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT §5-6	Regnskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr. budsjett 2021	Regnskap 2020
Driftsinntekter	2 408 214 619	2 145 318 453	2 092 373 903	2 220 712 706
Driftsutgifter	2 245 283 067	2 035 886 473	2 019 935 154	2 182 119 628
Brutto driftsresultat	162 931 552	109 431 980	72 438 749	38 593 078
Finans	139 239 479	163 731 749	163 733 749	125 764 189
Motpost avskrivningar	134 141 862	111 547 000	111 547 000	128 549 448
Netto driftsresultat	157 833 935	57 247 231	20 252 000	41 378 337
<hr/>				
Disponering av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	7 852 388	7 852 000	4 000 000	23 016 477
Netto avsetninger bundne driftsfond	14 181 383	- 1 588 630	-	- 4 101 130
Netto avsetninger ubundne driftsfond	135 800 164	50 983 861	16 252 000	87 192 955
Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	-	-	- 64 729 966
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
Sum disponering	157 833 935	57 247 231	20 252 000	41 378 337

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2021 viser eit netto driftsresultat på kr 157.833.934,99 for 2021.

Vi vil under gå nærmere inn på driftsrekneskapen:

Driftsinntektene

DRIFTSINNTEKTER PR ART	Regnskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr. budsjett 2021	Regnskap 2020	Endr. mot reg. budsjett	Endr. mot regnskap 2020
Rammetilskudd	405 771 365	347 264 000	323 842 000	407 125 672	58 507 365	- 1 354 307
Inntekts- og formueskatt	808 559 555	794 594 000	794 880 000	701 061 357	13 965 555	107 498 198
Eiendomsskatt	- 2 640	-	-	-	- 2 640	- 2 640
Andre skatteinntekter	1 675 335	-	-	1 620 673	1 675 335	54 662
Andre overf. og tilskudd fra staten	29 942 441	32 088 000	32 088 000	71 411 269	- 2 145 559	- 41 468 828
Overføringer og tilskudd fra andre	906 134 503	732 444 801	696 510 500	810 668 389	173 689 702	95 466 114
Brukertilbetalinger	64 042 840	60 217 224	59 947 000	58 075 925	3 825 616	5 966 915
Salgs- og leieinntekter	192 091 220	178 710 428	185 106 403	170 749 421	13 380 794	21 341 799
Sum driftsinntekter	2 408 214 619	2 145 318 453	2 092 373 903	2 220 712 706	262 896 168	187 501 913

Driftsinntektene i 2021 er ca. 187,5 mill. kr høgare enn 2020, ein vekst på 8,4%. Av veksten utgjer skatteinntekter ca. 107,5 mill. kr. Driftsinntektene blei ca. 262,9 mill. kr høgare enn budsjettet. Her er det refusjonar frå NAV vedr sjukeløn mv. som utgjer største avviket, då desse postane ikkje blir budsjettet. Vi vil her gi ein nærmare omtale av inntektsgruppene:

Rammetilskotet til Bjørnafjorden kommune er «kunstig» lågt som ein følgje av at kommunen er deltakar i det nasjonale prosjektet Statleg finansiering av omsorgssektoren (SIO). Formålet med forsøket er å prøve ut om ein modell med statlege kriteria og statleg finansiering av omsorgstenestene gir auka likebehandling på tvers av kommunegrenser og riktig behovsdekning for brukarane av tenestene. Prosjektet inneber m.a. at kommunen får pengar etter utførte vedtak innanfor omsorgssektoren (aktivitetsbasert finansiering) i staden for finansiering via rammetilskotet. Kommunen fekk i statsbudsjettet eit trekk i rammetilskotet for 2021 på 385,4 mill. kr vedr SIO. Kommunen fekk også i 2021 kompensasjon via rammetilskot som følgje av Covid-19:

Korona tiltakspakker	År 2021
Statsbudsjettet, pandemi 1 halvår 2021	20 445 000
Statsbudsjettet, kontrolltiltak	1 000 000
Termin 03 Ekstra midler til vaksinasjon	2 323 000
Kompensasjon Covid-19 for 2 halvår 2021 RNB	4 646 000
Vaksinering Covid-19 RNB	3 517 000
Termin 07 - Skjønstilskot pandemi 1 halvår frå Statsforvaltaren	5 600 000
Ekstra skjønn statsforvaltar vedr Covid-19 for 2 halvår 2021	3 400 000
Korona og influensavaksinasjon, prop 244 S	2 458 000
Kompensasjon merutgifter Covid-19, nysaldering statsbudsjett	1 247 000
Sum	44 636 000

Merk at skatteutjamningsmidlar inngår i inntektsgruppa «Rammetilskot». I 2021 blei kommunen tilført midlar frå skatteutjamninga med vel 53 mill. kr.

Kommunesektoren opplevde ein formidabel vekst i skatteinntektene i 2021. Samla vekst i skatteinntektene for kommunane var på heile 16%, i Bjørnafjorden kommune var veksten 15,3%. Målt mot budsjettet var auken nærare 14 mill. kr, men om vi legg til skatteutjamninga og andre skatteinntekter ser vi at samla skatteinntekter er over 68 mill. kr høgare enn budsjettert. Dette er den viktigaste årsaka til det gode rekneskapsresultatet for 2021. Målt mot 2020 var skatteveksten heile 107,5 mill. kr.


Andre skatteinntekter gjeld naturressurs-skatt (1,1 mill. kr) og konsesjonsavgift (0,6 mill. kr) frå Sunnhordland kraftlag AS.

Under Andre overføringer og tilskot frå staten er det ført integreringstilskot vedr flyktningar med ca. 19,6 mill. kr, midlar frå Havbruksfondet med ca. 7,2 mill. kr og rentekompensasjon vedr bygg på ca. 3,2 mill. kr. I 2020 var denne inntektsgruppa vesentleg høgare m.a. som følgje av stor utbetaling frå Havbruksfondet og reformstøtte frå staten som følgje av kommunesamanslåinga.

Overføringer og tilskot frå andre omfattar m.a. refusjon frå NAV vedr sjukeløn/foreldrepermisjon på til saman 74,7 mill. kr (ikkje budsjettert). Vedtakstilskotet vedr SIO (prosjekt Statleg finansiering av omsorgssektoren) ligg og her og blei 37,4 mill. kr høgare enn budsjettert og 46,3 mill. kr høgare enn 2020. Det blei og meirinntekter på mva kompensasjon og ymse andre refusjonar frå staten i forhold til budsjett. I 2021 har kommunen mottatt nærare 14,6 mill. kr i korona-tiltakspakkar retta mot næringslivet. I forhold til 2020 er det veksten i SIO tilskotet som utgjer den største auken.

Brukabetalinger for kommunale tenester, i hovudsak skulefritidsordning, barnehageopp hold, betaling for heimetenester m.v. har ein normal utvikling i forhold til 2020. Sals- og leigeinntekter aukar noko meir. Denne inntektsgruppa omfattar i hovudsak husleigeinntekter og inntekter frå kommunale gebyr. Ein post som svingar ein del frå år til år er tilkoplingsgebyr som blir ført her. I 2021 blei det ført tilkoplingsgebyr om over 10 mill. kr mot ca. 5,4 mill. kr i 2020.

Vi kan illustrere fordelinga av driftsinntektene slik:



Driftsutgiftene

DRIFTSUTGIFTER PR ART	Regnskap 2021	Reg. budsjett 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020	Endr. mot reg. budsjett	Endr. mot regnskap 2020
Lønnsutgifter	1 117 291 809	1 061 411 086	1 023 709 864	1 087 955 630	- 55 880 722	- 29 336 179
Sosiale utgifter	268 592 211	243 941 265	301 837 278	274 054 753	- 24 650 946	5 462 542
Kjøp av varer og tjenester	596 539 719	510 436 942	494 992 012	573 988 969	- 86 102 777	- 22 550 750
Overfø. og tilskudd til andre	128 717 466	108 550 180	87 849 000	117 570 828	- 20 167 287	- 11 146 638
Avskrivninger	134 141 862	111 547 000	111 547 000	128 549 448	- 22 594 862	- 5 592 414
Sum driftsutgifter	2 245 283 067	2 035 886 473	2 019 935 154	2 182 119 628	- 209 396 594	- 63 163 439

Driftsutgiftene i 2021 er 63,2 mill. kr høgare enn i 2020, ein vekst på 2,9%. Veksten i driftsutgifter er langt lågare enn veksten i driftsinntekter. Målt mot budsjett er avviket 209,4 mill. kr. Størst vekst er det i lønnsutgifter. Vi vil her gi ein nærmare omtale av utgiftsgruppene:

Lønsutgifter er den største utgiftsgruppa i kommunen. Samla lønsutgifter er 55,9 mill. kr høgare enn budsjettet. Løn i faste stillingar er likevel lågare enn budsjettet, så auken ligg for ein stor del på vikarar, engasjement og overtid. Noko av dette at kan nok forklarast med at vikarar og vikarbyrå har mått erstatte fast tilsette som følgje av rekrutteringsutfordringar. Frå avsnittet om driftsinntekter så vi at refusjon frå NAV vedr sjukeløn/foreldrepermisjon er på til saman 74,7 mill. kr, og dette tyder på at det er bra kontroll på lønsutgiftene. Om vi ser på veksten fra 2020 så er den på 29,3 mill. kr. Over halvparten av dette gjeld ordinær lønsauke, slik at den store veksten vi har sett tidlegare år ser ut til å ha stagnert.

Oversikt over kommunale årsverk ser slik ut:

Sektor	2020	2021
Fellesutgifter	5,7	4,30
Stab	68,69	65,30
Oppvekst	585,81	589,23
Helse og velferd	632,11	651,94
Samfunnsutvikling	125,33	123,68
Sum	1417,64	1434,45

Utgiftene til pensjon er 22,8 mill. kr høgare enn budsjettet, eks arbeidsgivaravgift. Auken har vore varsle gjennom året, ettersom lønsoppgjeren blei mykje høgare enn det pensjonsleverandørane la til grunn for berekning av pensjonspremie for 2021. Målt mot 2020 var auken over 53 mill. kr. Ordinært premiefond i KLP blei i 2021 inntektsført med vel 12 mill. kr, litt meir enn i 2020. Det er ikkje tatt ut midlar frå lukka premiefond (ekstraordinær tilbakeføring av midlar frå pensjonsleverandør på grunn av at avsetningskravet til framtidige alderspensjonar er redusert som følgje av ny pensjonsordning frå 2020).


Premieavviket i 2021 blei positivt med heile 78,2 mill. kr. Beløpet er avsett på fond for å dekke utgiftsføringa i 2022. Premieavviket frå 2020, 17,6 mill. kr, er utgiftsført i 2021 og finansiert med fond avsett i 2020.

Utgiftene til kjøp av varer og tenester til driftsføremål er høgare enn budsjettet og høgare enn i 2020. Mykje av veksten kan tilskrivast auka kjøp av tenester i ulike former, til dømes innan pleie- og omsorgssektoren.

Overføring og tilskot til andre omfattar utgifter til moms, sosialhjelputgifter, ulike tilskot og overføring til kommunale føretak. Utgiftene er ca. 20,2 mill. kr høgare enn budsjettet og det meste gjeld høgare utgifter til moms. Målt mot 2020 er det ein stor auke i tilskot til næringslivet, som følgje av tiltakspakkene frå staten for å kompensere for verknadene av pandemien.

Avskrivingar er ført med 134,1 mill. kr. Avskrivingar har i kommunane ikkje effekt på netto driftsresultat.

Vi kan illustrere fordelinga av driftsutgiftene slik:



Finans


FINANS	Regnskap 2021	Reg. budsjett 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020	Endr. mot reg. budsjett	Endr. mot regnskap 2020
Renteinntekter	8 407 173	6 002 251	6 000 251	8 891 406	2 404 922	- 484 233
Utbytter	- 258 378	1 000 000	1 000 000	5 339 950	- 1 258 378	- 5 598 328
Gevinst og tap fin. omløpsmidler	17 772 402	-	-	18 667 055	17 772 402	- 894 653
Renteutgifter	45 574 556	51 133 000	51 133 000	51 226 411	5 558 444	5 651 854
Avdrag på lån	119 586 120	119 601 000	119 601 000	107 436 189	14 880	- 12 149 932
Sum netto finansutgifter	- 139 239 479	- 163 731 749	- 163 733 749	- 125 764 189	24 492 270	- 13 475 292

Netto utgifter til finans er ca. 13,5 mill. kr høgare i 2021 enn i 2020. En stor del av dette skuldast høgare utgifter til avdrag.

Til tross for den pågående pandemien, høgare inflasjon, sterkare signal om renteauke og problem i dei globale forsyningkjedene, vart avkastninga i finansmarknadene sterkt også i 2021. Både Oslo Børs og New York nådde «all-time high» i 2021. Blant det som dreiv fram veksten i 2021 var også avkastning i dei store børsnoterte selskapa. 4 av dei 5 største selskapa internasjonalt oppnådde avkastning på over 30%. Dei fem største selskapa i verdsindeksen er no Apple, Microsoft, Amazon, Alphabet og Tesla. Dette har bidratt til ein økt konsentrasjon i aksjemarknaden, der dei 10 største selskapa i verda no står for 17 % av verdsindeksen, mot 12 % for berre tre år sidan.

Sterk vekst i verdsøkonomien, kombinert med flaskehalsar i globale verdikjeder og aukande energiprisar, trakk prisveksten opp i mange land. Dette gjaldt også Norge der KPI-veksten var på 5,3% mellom desember 2020 og desember 2021. Dette førte til rentehevingar og signal om innstramming av pengepolitikken i fleire land, blant dei Norge. Etter vel eitt og eit halvt år med styringsrente på 0%, satt Norges Bank opp styringsrenta med 0,25% to gonger mot slutten av 2021, slik at den var 0,50% pr. 31/12.

NIBOR-renta følgde etter og ligg ved utgangen av 2021 på 0,95%, mot 0,49% ved starten av 2021.




Renteinntektene omfattar og renteinntekter vedr formidlingslån og andre krav i tillegg til bankinnskot. Renteinntektene er noko høgare enn budsjettert. Kommunen sin hovudbank var fram til 31.10.2021 Sparebank1 SR-bank. Etter anbod har kommunen pr. 01.11.2021 inngått bankavtale med DnB ASA. Den nye avtalen har lågare innskotsrente enn før, og dette kan medføre reduserte renteinntekter framover. Kommunen har ikkje motteke utbyte frå BIR AS i 2021 slik ein fått dei siste åra.

Kommunen har ein kortsiktig og ein langsiktig finansportefølje. Den kortsiktige finansporteføljen omfattar delar av kommunen sin overskotslikviditet. Dette er midlar plassert i pengemarknadsfond til lav risiko og som kan gjerast om til driftslikviditet på kort varsel. Pr. 31.12.2021 hadde den kortsiktige finansporteføljen ein marknadsverdi på 355,5 mill. kr, og avkastninga i 2021 var på ca. 2,5 mill. kr.

Bjørnafjorden kommune sine langsiktige finanzielle midlar er midlar som ikkje er meint å skulle dekke løpande betalingsplikter kommande år. Midlane skal gje høgast mogleg avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Finansreglementet stiller krav til at kommunen sine langsiktige finanzielle midlar skal være godt diversifiserte, ved bruk av ulike aktiva klasser og spreiing på ulike fond innan kvar aktivaklasse. Oversikt over langsiktige finanzielle midlar 31.12.2021:

	Markedsverdi	Fordeling	Strategi	Frihetsgrad
Norske aksjefond	17 103	10,3 %	10 %	5% - 30%
Globale aksjefond	50 404	30,5 %	30 %	20% - 40%
Eigedomsfond	18 793	11,4 %	10 %	0% - 20%
Norske obligasjonsfond	16 115	9,7 %	10 %	5% - 30%
Globale obligasjonsfond	48 152	29,1 %	30 %	20% - 40%
Pengemarknadsfond	14 743	8,9 %	10 %	5% - 30%
Klientkonto	-	0,0 %		
Sum portefølje	165 310	100 %	100 %	



Avkastninga på Bjørnafjorden kommune sine langsiktige finansielle midlar i 2021 var 15,3 millionar, dvs. 10,0%. Dette er betre enn risikofri rente på 2,5%, som er målsettinga i finansreglementet, og litt betre enn referanseindeksen på 8,4%. Det er særleg aksjefond, både norske og globale, saman med eigedomsfond, som har gitt god avkastning i 2021, medan obligasjonsfond og pengemarknadsfond viste lav eller negativ avkastning som følgje av kursfall etter den renteauken ein såg i 2021. Kommunen har i 2021 nytta Gabler Investment Consulting AS som uavhengig rådgivar i samband med forvaltning av finansporteføljene.

Bjørnafjorden kommune sin gjeldsportefølje består av lån tatt opp for å finansiere kommunen sine anleggsmidlar, og lån tatt opp til vidare utlån (startlån). Kommunen si målsetting er å forvalte gjeldsporteføljen slik at dei langsiktige finanskostnadene blir lågast mogleg innanfor definerte krav til forutsigbarhet, stabilitet og renterisiko.

I budsjettet for 2021 blei det t.d. lagt til grunn ei flytande rente på gjeldsbrevlån på 1% og sertifikatlån med 0,4%. Fastrentelån blei budsjettert med sine respektive satsar. Som følgje av den rentereduksjonen pandemien førte med seg i 2020 og 2021, både på korte og lange renter, har kommunen oppnådd gode vilkår på dei låneopptak som er gjort gjennom året. Kommunen har tatt opp og rullert desse låna i 2021:

Nye lån i 2021				
Långiver	Dato	Type lån	Beløp	Rente
Husbanken	24.03.2021	Startlån	60 000 000	0,719
DnB Markets	10.06.2021	Sertifikat 3 mnd	172 300 000	0,183
Sum/Snitt			232 300 000	

Reforhandla eller rullerte lån i 2021

Långiver	Dato	Type lån	Beløp	Rente
SEB Merchant Bank	20.01.2021	Sertifikat 12 mnd	198 240 000	0,534

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

DnB Markets	10.09.2021	Sertifikat 6 mnd	172 300 000	0,585
Sum/Snitt			370 540 000	

Gjennomsnittleg rente på kommunen sine lån i 2021 var 1,56%. Samansetninga av låneporteføljen pr 31.12.2021 er slik:

	Beløp	Fordeling %	Rentesats	Strategi	Frihetsgrad	Kontroll
Lån med flytande rente	1 639 193 450	51 %	1,34	50 %	20% - 80%	OK
Sertifikatlån/Obligasjon 0 -12 mnd	370 540 000	11 %	0,56	10 %	0% - 30%	OK
Fastrentelån, 1 - 5 år	386 295 955	12 %	2,62	20 %	0% - 80%	OK
Obligasjonslån, 1 - 5 år	433 000 000	13 %	2,04	10 %	0% - 30%	OK
Fastrentelån, 5 - 10 år	-	0 %		5 %	0% - 50%	OK
Obligasjonslån, 5 - 10 år	389 000 000	12 %	1,93	5 %	0% - 30%	OK
Renteswap	-	0 %		0 %	0% - 20%	OK
Anna definert som gjeld i balansen	16 044 026	0 %	0,00	0 %		
SUM	3 234 073 431	100 %		100 %		

Kommunen har i 2021 budsjettet med ein avdragstid på 25 år for investeringsslåna. Avdraga er ført i samsvar med dette. Avdraga har auka med ca. 12,1 mill. kr i forhold til 2020 som følgje av høgare lønegjeld. Frå 2022 vil kommunen gå over til å føre berre minimumsavdrag, dette for å lette belastninga på driftsbudsjettet.

Kommunen har i 2021 nytta Bergen Capital Management AS som uavhengig rådgjevar i samband med forvaltning av gjeldsporteføljen. Som eit innsparingstiltak er avtalen sagt opp frå 2022.

Kommunen si lønegjeld er nærmere omtalt under Balansen.

Disponering av netto driftsresultat

Som det går fram av tabellane og teksten over så er netto driftsresultat i 2021 157,8 mill. kr. Netto driftsresultat er disponert slik:

Det er overført driftsmidlar for nærmere 7,9 mill. kr til finansiering av investeringsutgifter. Dette gjeld i hovudsak eigenkapitalinnskot KLP med 4 mill. kr og ferdigstilling av Os idrettspark med 3,7 mill. kr.

Det er brukt 7,1 mill. kr av bundne driftsfond og avsett 21,3 mill. kr til bundne driftsfond, netto 14,2 mill. kr. Bundne driftsfond som er bruk omfattar m.a. restmidlar frå tiltakspakke vedr pandemi retta mot næringslivet 1,2 mill. kr, sjølvkostfond med 1,9 mill. kr, kompetanseheving i grunnskulen 0,7 mill. kr og gåvemidlar til sjukeheimane med 0,9 mill. kr. Avsetningar til bundne driftsfond omfattar m.a. miljøløftet med 6,4 mill. kr, sjølvkostfond med 7,2 mill. kr, kompensasjonspakke 6 vedr pandemi med 1,4 mill. kr og besøksvert 1,5 mill. kr.

Det er i utgangspunktet brukt ca. 45,7 mill. kr av disposisjonsfond i 2021 m.a. for å dekke utgiftsføring av premieavvik 2020 med 17,6 mill. kr, pandemiutgifter med 9,3 mill. kr, digitale læremiddel med 6,2 mill. kr og ferdigstilling av Os idrettspark med 3,7 mill. kr. Nye rekneskapsreglar seier at bruk av disposisjonsfond likevel ikkje skal gjennomførast dersom driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk. Det er krav om å redusere mindreforbruket så mykje så råd er ved å stryke bruk av disposisjonsfond. I samsvar med dette er all bruk av disposisjonsfond stroke (debitert) og ført inn på fond for mindreforbruk i rekneskapen. Mindreforbruk etter strykninga er på vel 39 mill. kr.

Avsetningar til disposisjonsfond er ført med 135,8 mill. kr. Dei største postane gjeld koronapandemien med 14,4 mill. kr (ref. budsjettvedtak for 2021), årets premieavvik 78,2 mill. kr og avsetning av årets mindreforbruk etter strekningar 39 mill. kr (ført inn på fond for mindreforbruk i rekneskapen).

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Rekneskapen blir lagt fram med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på 84,8 mill. kr. I samsvar med nye rekneskapsreglar frå 2020 er mindreforbruket satt av på disposisjonsfond. Det er berre kommunestyret som kan bruke av dette fondet.

Kommunestyret tildeler budsjetttrammene på sektor-nivå, og sektor-budsjetta blir så vidarefordelt ut i organisasjonen slik at kvar einingsleiar får sitt budsjett som dei får ansvar for.

Samla rapport på bevilgningsnivå viser:

Sektor	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik
Frie inntekter m.v.	(1 152 656 677)	(1 140 137 000)	12 519 677	(1 245 372 882)	(1 173 946 000)	71 426 882
Finans m.v.	75 449 475	108 752 747	33 303 272	196 781 716	221 284 110	24 502 393
Fellesområde	8 614 471	41 339 740	32 725 269	(21 025 907)	(24 419 410)	-3 393 504
Stab	94 591 897	88 977 450	-5 614 447	86 113 489	78 472 848	-7 640 641
Oppvekst	685 146 354	680 208 381	-4 937 973	686 765 470	685 450 101	-1 315 369
Helse og Velferd	94 863 746	82 543 168	-12 320 578	124 475 689	125 671 027	1 195 338

Samfunnsutvikling	139 667 736	138 315 514	-1 352 222	87 446 121	87 487 325	41 204
Sum	-54 322 998	0	54 322 998	-84 816 304	0	84 816 304

Rapporten viser at kommunen sitt mindreforbruk i det alt vesentlege kjem frå frie inntekter og finans. Som nemnt tidlegare har skatteinngangen i kommunane vore svært god i 2021, og skatt inkl. skatteutjamningsmidlar har eit positivt avvik på 68,2 mill. kr. Også rammetilskotet blei noko høgare enn budsjettet, m.a. på grunn av auka løyingar i samband med pandemien. Finans bidrar og positivt til resultatet i hovudsak som følgje av god avkastning på finansporteføljene og lågare renteutgifter enn budsjettet.

Vi vil kommentere sektorane sine resultat slik:

Fellesområde

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon og har fleire løvingspostar og avrekningspostar som kan gjere samanlikningar vanskeleg. I 2021 blei premieavviket positivt med heile 78,2 mill. kr, og inntekter frå premiefond KLP er ført med over 12 mill. kr. Økonomisk avvik relaterer seg i stor grad til pensjon, som i 2021 blei høgare enn budsjettet grunna høgare lønsoppgjer enn det som var lagt til grunn av pensjonsleverandørane. Også Folkevalde organ hadde eit negativt avvik på 0,7 mill. kr medan Fellesutgiftene fekk ei innsparing på ca. 1 mill. kr vedr midlar til lønsoppgjer.

Stab

Stab har vore under omorganisering i 2021 ved at mesteparten av dei tilsette blir samla i ei ny eining Innbyggarservice organisert under sektor Samfunnsutvikling. Parallelt med dette har det vore gjennomført ein nedbemanningsprosess knytt til prosjekt B22 som vil halde fram i 2022. Prosessen inneber ein reduksjon i talet på tilsette med 15 årsverk. Stab hadde eit meirforbruk på 7,6 mill. kr i 2021. Det største meirforbruket knyter seg til IT området, noko som er varsle gjennom året. Utgiftene har nok vore for lågt budsjettet i 2021 då nivået på utgiftene faktisk er ein god del lågare enn i 2020. IT budsjettet for 2022 er auka noko i forhold til 2021 ved omprioritering innafor ramma. Innsparingskravet om reduksjon av kommunale innkjøpskostnader på 1,5 mill. kr er ikkje oppfylt. Innsparingskravet gjeld for heile kommunen, men er ført på Stab. Kommunen har allereie innkjøpsavtaler etter anbod på dei fleste områda, og nye anbod fører som oftast ikkje til lovare prisar enn før, sjølv om dei kan vere levere enn om vi ikkje hadde brukt anbod som verkemiddel.

Oppvekst

Oppvekst sektoren fekk eit samla meirforbruk på ca. 1,3 mill. kr. Skuleområdet hadde eit meirforbruk på ca. 2 mill. kr i 2021. Dette fordeler seg på dei fleste skulane i varierande grad og skuldast ofte utfordringar med elevgrupper og høgt sjukefråvær. Barnevernet fekk eit meirforbruk på 9,5 mill. kr, ein del høgare enn det som var varsle. Årsakene er samansette. Langvarige plasseringar i fosterheim, samtalemøter med bruk av juridisk hjelp, kjøp av tenester til miljøterapeutiske tiltak på ettermiddag/kveld og ettervern for unge vaksne er stikkord som kan forklare meirforbruket. PPT og Førebyggande helsetenester har brukta mindre enn budsjettet, noko av dette som følgje av rekrutteringsvanskar til jordmor og helsejukepleiar stillingar.

Barnehage området fekk ei innsparing på om lag 6,3 mill. kr i 2021, der over halvparten knyter seg til lågare tilskot til private barnehagar enn budsjettet, m.a. grunna redusert barnetal ved oppstart av nytt barnehageår august 2021. Også kommunale barnehagar har innsparinger i forhold til budsjett, noko som i stor grad skuldast lågare aktivitet og vikarmangel grunna pandemien.


Helse og velferd

Helse og velferd fekk eit mindreforbruk på ca. 1,2 mill. kr i 2021. Rekneskapen til helse og velferd er også i 2021 prega av deltaking i SIO prosjektet (Statleg finansiering av omsorgstenestene) med store øyremerkte tilskot. Også pandemien har sett sitt preg på sektoren som gjennom året har fått tilført 23,8 mill. kr for å handtere meirutgiftene til denne. Det er i 2021 som tidlegare år gjort ei avrekning av totale inntekter og utgifter for SIO funksjonane (merk at det blir ført utgifter på SIO funksjonar også utanfor Helse og velferd). For første gong er samla utgifter høgare enn samla inntekter, og det har såleis ikkje blitt sett av midlar til SIO fondet, slik som vi forventa når vil la budsjettet for 2022. Medan utgiftene til heimebasert omsorg ser ut til å ha stabilisert seg, så aukar utgiftene til drift av sjukeheimar, særleg Luranetunet. Ekstrabemannning på grunn av store brukarbehev og rekrutteringsutfordringar er faktorar som driv utgiftene opp. Sektoren har og aukande etterspurnad etter Brukarstyrt Personleg Assistanse (BPA), som er ei kostnadskrevjande ordning for kommunen. Tilrettelagte tenester for vaksne driftar samla sett omtrent i balanse i 2021 medan tilrettelagte tenester for barn og unge har eit mindreforbruk på 8,3 mill. kr. Mindreforbruket skuldast m.a. innsparing på vikarbruk og sal av tenester. Psykisk helse har eit mindreforbruk på ca. 2,4 mill. kr, m.a. grunna lågare lønsutgifter enn budsjettet i bufellesskapa.

Om vi ser på den delen av sektoren som ikkje er ein del av SIO prosjektet, så kan vi merke oss at utgiftene til legevakt og legetenester har eskalert, og er samla sett 14,3 mill. kr høgare i 2021 enn i 2020 og 11,2 mill. kr høgare enn budsjettet. Rekrutteringsutfordringar er ein del av forklaringsbiletet også her. Sosialhjelpsutgiftene derimot har blitt 5,9 mill. kr lågare enn budsjettet, og har lågare utgifter enn i 2020. Også bustadkontoret/Flyktingtenesta har eit mindreforbruk i 2021. Frå 2021 er føring av integreringstilskot flyktingar flytta frå Helse og velferd til Andre generelle statstilskot.

Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling driftar omtrent i balanse i 2021. Den største utfordringa for sektoren i 2021 har vore store utgifter til vintervedlikehald, høge straumprisar og mange utrykkingar i brannvesenet. For å bøte på situasjonen har ein nytta intern rekruttering ved ledige stillingar, men og sett i verk generell innsparing på driftspostar. Sektoren får høge inntekter i 2021 på grunn av sal av konsesjonskraft. Det kan vera store svingingar i denne marknaden. I 2020 hadde kommunen ein netto gevinst på ca. 1.6 mill. kr på sal av konsesjonskraft, dette til tross for at 2020 var eit krevjande år med lave straumprisar. Hadde kommunen selt konsesjonskrafta til spotpris så ville resultatet vore mykje lågare. For 2021 oppnådde kommunen ein netto gevinst på kr 3.7 mill. Dette er ca. 0.9 mill. lågare enn om konsesjonskrafta hadde vore sold til spotpris. Bruk av «forward» kontraktar for delar av krafta dvs. at det blir avtalt ein fast salspris for ein periode, er såleis med på å dempe svingingane. Kommunen har inngått forvaltningsavtale med Strøyma kraft i forhold til sal av konsesjonskrafta, som igjen har ein avtale med Kinect Energy Group.



Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen for 2021 er gjort opp i balanse (0).

Oversikt investeringer §5-5	Regnskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr. budsjett 2021	Regnskap 2020
Investeringsutgifter	357 693 808	420 553 682	521 300 000	362 484 788
Investeringsinntekter	338 586 570	402 303 682	453 200 000	347 928 443
Netto utgifter videreutlån	- 3 059 822	-	-	286 715
Overføring fra drift og avsetninger	16 047 416	18 250 000	68 100 000	14 843 060
Udekket beløp	0	0	0	0

Investeringsutgifter

Det er i 2021 investert i anlegg/tomter for om lag 348,7 mill. kr, nesten identisk beløp som i 2020. Beløpet er likevel 62,3 mill. kr mindre enn regulert budsjett. Det er brukt ca. 25 mill. kr mindre på vass- og avlaupsprosjekt, 10,7 mill. kr mindre på prosjekt Parkeringsanlegg og ca. 7,3 mill. kr mindre på prosjekt Os Aktiv. Dette er dei største investeringsprosjekta i 2021:

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Opph. budsjett 2021	Rekneskap 2020	Avvik mot reg busjett
Borgafjellet barneskule	119 421 420	119 575 786	124 000 000	144 424 214	154 366
Parkeringsanlegg	49 598 455	60 323 841	51 000 000	5 676 159	10 725 386
Vassprosjekt	36 948 712	40 000 000	40 000 000	29 412 407	3 051 288
Avlaupsprosjekt	29 429 632	35 000 000	40 000 000	10 205 947	5 570 368

Ferdigstilling Os Idrettspark Kuventraæ	16 919 181	21 000 000	21 000 000	615 619	4 080 819
Brannstasjon Eikelandsosen - Tilbygg	11 964 419	11 236 992	5 000 000	13 763 007	-727 427

I 2021 er det gitt investeringstilskot til kyrkjeleg fellesråd vedr investeringar i gravplassar/minnelund på 5,4 mill. kr. Det er investert i aksjar for 3,4 mill. kr (eigenkapitalinnskot KLP).

Investeringssinntekter

Bruk av lån er største finansieringskjelde for investeringane. Bruk av lån er på 277,8 mill. kr, omrent same nivå som 2020, men lågare enn budsjettet som følgje av lågare nivå på utgiftene.

Som følgje av lågare investeringsnivå enn budsjettet, er det og bokført lågare inntekter vedr mva kompensasjon. Tilskot frå andre er ført med 9,5 mill. kr og gjeld m.a. husbanktilskot og spelemidlar vedr fleirbrukshall Os idrettspark medan sal av varige driftsmidlar er ført med 1,7 mill. kr (sal av tomt og innbytte av bilar).

Netto utgifter vidareutlån omfattar kommunen sine inntekter og utgifter vedr startlån.

Overføring frå drift og netto avsetning

Det er overført driftsmidlar for nærmere 7,9 mill. kr til finansiering av investeringsutgifter. Dette gjeld i hovudsak eigenkapitalinnskot KLP med 4 mill. kr og ferdigstilling av Os idrettspark med 3,7 mill. kr. Bruk av bundne investeringsfond er ført med 17,9 mill. kr der 11 mill. kr gjeld ferdigstilling av Os idrettspark (øyremerk statstilskot 2020) og 6,7 mill. kr gjeld ekstra avdrag på startlån innbetalt i 2020.

Det er meir informasjon om dei enkelte investeringsprosjekta under sektorane sine kapittel.

Balansen

Eigendalar

Kommunen har følgjande anleggsmidler pr 31.12.2021:

	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Endring
Varige driftsmidler	4 160 879 312	3 948 404 548	212 474 765
Finansielle anleggsmidler	278 249 960	230 036 637	48 213 323
Immaterielle eiendeler	-	-	-
Pensjonsmidler	1 833 499 659	1 795 102 994	38 396 665
Sum anleggsmidler	6 272 628 931	5 973 544 178	299 084 753

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Varige driftsmidlar omfattar kommunen sine eigedomar, anlegg og maskiner. Auken reflekterer årets investeringar fråtrekt avskrivingar og ev. sal. Finansielle anleggsmidlar består av kommunen sine langsiktige aksjar (ikkje ein del av finansporteføljen) med 76,5 mill. kr og utlån 201,8 mill. kr. Auken i finansielle anleggsmidlar gjeld i hovudsak auka utlån av startlån.

Kommunen har følgjande omløpsmidlar pr 31.12.2021:

	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Endring
Bankinnskudd og kontanter	622 116 904,16	674 632 272,58	- 52 515 368
Finansielle omløpsmidler	520 694 981,09	503 589 282,09	17 105 699
Kortsiktige fordringer	181 830 904,92	106 375 328,53	75 455 576
Sum omløpsmidler	1 324 642 790,17	1 284 596 883,20	40 045 907

Bankinnskota har, kanskje litt overraskande, gått ned med 52,5 mill. kr. Redusjonen har samanheng med at unytta lån er kraftig redusert frå 2020. Finansielle omløpsmidler omfattar kortsiktig og langsiktig finansportefølje, og endringa gjeld avkastning og omkostningar knytt til desse. Kortsiktige fordringer omfattar kundefordringar og premieavvik. Den store auken i kortsiktige fordringer gjeld premieavvik og periodiseringar. Kundefordringane er omtrent på same nivå som 2020.

Eigenkapital

Kommunen sin eigenkapital består av fond, kapitalkonto og konti for endringar i reknesaksprinsipp. Vi kan sette opp slik oversikt over kommunen sin eigenkapital pr. 31.12.2021:

	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Endring
Dispositionsfond	637 513 476	501 713 312	135 800 164
Bundne driftsfond	105 668 974	91 487 591	14 181 383
Ubundet investeringsfond	46 549 704	46 549 704	-
Bundne investeringsfond	15 936 845	24 131 874	- 8 195 029
Annен egenkapital	1 418 031 352	1 284 225 135	133 806 217
Sum egenkapital	2 223 700 351	1 948 107 616	275 592 736

Kommunen sine dispositionsfond har auka med 135,8 mill. kr. Auken skuldast i hovudsak at årets mindreforbruk (84,8 mill. kr) og årets premieavvik (78,2 mill. kr) er sett av på fond. Bundne fond har auka med 14,2 mill. kr. Den største endringa i 2021 gjeld avsetning av midlar i samband med miljøloftet (byvekst midlar) med 6,4 mill. kr. Det er ikkje brukt av ubundne investeringsfond i 2021, men bundne investeringsfond er redusert. Det er brukt vel 11 mill. kr til rehabilitering av Os idrettspark Kuventräe

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

(øyremerkte midlar frå 2020), medan ekstra innbetalingar på startlån er sett av på bunde investeringsfond. Anna eigenkapital er i stor grad det som heiter kapitalkonto. Her blir det m.a. ført kjøp/sal og avskrivning av anleggsmidlar/aksjar, utlån og avdrag på desse, bruk av lån og avdrag på lån og endring i pensjonsplikter.

Langsiktig gjeld

	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Endring
Gjeld til kredittinstitusjoner	2 141 366 019	2 215 747 054	- 74 381 035
Obligasjonslån	722 000 000	722 000 000	-
Sertifikatlån	370 540 000	198 240 000	172 300 000
Pensjonsforpliktelse	1 813 781 614	1 854 778 666	- 40 997 051
Sum langsiktig gjeld	5 047 687 634	4 990 765 720	56 921 914

Kommunen sin langsiktige lånegjeld pr. 31.12.2021 var på 3,2 mrd. kr. Kommunen sine lån består av ordinære gjeldsbrevlån, obligasjonslån og sertifikatlån. Andelen sertifikatlån/obligasjonslån er 42,7%, noko høgare enn strategien (40%). Av lånegjelda er 199,1 mill. kr startlån til vidareutlån.

Deler av låneporleføljen har rentebinding for å redusere risiko for auka utgifter ved ev renteauke. Pr. 31.12.2021 er låneporleføljen sett saman slik:

	Beløp	Fordeling %	Rentesats	Strategi	Frihetsgrad	Kontroll
Lån med flytande rente	1 639 193 450	51 %	1,34	50 %	20% - 80%	OK
Sertifikatlån/Obligasjon 0 -12 mnd	370 540 000	11 %	0,56	10 %	0% - 30%	OK
Fastrentelån, 1 - 5 år	386 295 955	12 %	2,62	20 %	0% - 80%	OK
Obligasjonslån, 1 - 5 år	433 000 000	13 %	2,04	10 %	0% - 30%	OK
Fastrentelån, 5 - 10 år	-	0 %		5 %	0% - 50%	OK
Obligasjonslån, 5 - 10 år	389 000 000	12 %	1,93	5 %	0% - 30%	OK
Renteswap	-	0 %		0 %	0% - 20%	OK
Anna definert som gjeld i balansen	16 044 026	0 %	0,00	0 %		
SUM	3 234 073 431	100 %		100 %		

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Ut frå bokførte verdiar kan vi rekna at om lag 1,05 mrd. kr av gjelda kan tilskrivast vass- og kloakkområdet (sjølvkost), medan 131,5 mill. kr er lån med rentekompensasjon frå staten. Dette betyr at ein god del av lånegjelda har eksternfinansiert rente:

Låneformål	31.12.2021	31.12.2020
Totale innlån:	3 234 073 431	3 135 987 054
Innlån startlån til vidare utlån	199 133 050	153 927 965
Lån til investeringsformål:	3 034 940 381	2 982 059 089
Lån knytta til sjølvkost*	1 051 765 345	983 364 359
Lån med rentekompensasjon:	131 523 554	134 817 823
Lån med eksternfinansiert rente:	1 183 288 899	1 118 182 182
Lån som finansierast av kommunen:	1 851 651 482	1 863 876 907

* Rekna ut frå UB balanseførte anlegg


I 2021 blei det tatt opp startlån til vidareutlån med 60 mill. kr og lån til investeringar med 172,3 mill. kr. Det er gjennomført anbodskonkurranse i samband med låneopptak til investeringar. For investeringslåna er det betalt avdrag med 119,6 mill. kr. tilsvarende ein avdragsprofil på 4% (målt mot IB gjeld investeringslånen). I årsoppgjeret er det gjort overslag som viser at nedbetalingsprofilen for låna er godt innafor forskriftene sine krav til minimumsavdrag. Frå 2022 vil kommunen forlenge nedbetalingsprofilen på låna for å redusere det årlege utgiftsnivået.

Andre trekk ved låneporteføljen pr 31.12.2021:

Nøkkeltal:	31.12.2021	31.12.2020
Vekta gjennomsnittsrente:	1,56 %	1,42 %
Rentebindingstid (år):	1,52	1,96
Rentebinding under 1 år:	64,78 %	60,60 %
Rentesensitivitet ved 1% renteaukeuke:	20 797 796	18 859 898
Løpetid/Kapitalbinding (år):	8,09	9,10
Budsjettert avdragstid (år):	25,0	25,0
Verdi på lån som har forfall innan 1 år:	370 540 000	198 240 000
Andel netto renteeksponert gjeld	57 %	59 %

Merk at nøkkeltalet rentesensitivitet ikkje tar omsyn til at deler av låneporteføljen har ekstern finansiert rente (startlån, avgiftsfinansierte lån og rentekompenserte lån).

Om vi mäter langsiktig gjeld eks pensjonsforplikter i forhold til driftsinntektene er nøkkeltalet 132,8% (konserntal).



Tala er henta frå SSB pr 15.03.2022.

Figuren viser at lånegjelda i Bjørnafjorden kommune målt i forhold til driftsinntektene er høgare enn for landsgjennomsnittet, men at kommunen har noko lågare gjeld enn kostragruppera vår. Nøkkeltalet har utvikla seg positivt i 2021.

Det er i økonomiplanen for 2022 – 2025 lagt opp til slik utvikling i lånegjeld eks startlån:

Utvikling av lånegjeld 2022 2025	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
IB Lånegjeld eks startlån	3 041 073 000	3 086 546 000	3 148 110 000	3 135 221 000
Låneopptak eks startlån	152 000 000	170 200 000	98 600 000	91 600 000
Avdrag eks startlån	106 527 000	108 636 000	111 489 000	111 262 000
UB lånegjeld eks startlån	3 086 546 000	3 148 110 000	3 135 221 000	3 115 559 000
Avdragsprosent	3,5 %	3,5 %	3,5 %	3,5 %

Tala viser at lånegjelda fortsett vil auke noko før den er planlagt å flate ut/synke.

Merk og at kommunen har stilt garantiar for andre sine lån. Oversikt over kommunale garantiar ligg i notane til årsrekneskapen.

Kortsiktig gjeld

Kommunen sin kortsiktige gjeld består av leverandørgjeld, ev. premieavvik og anna kortsiktig lånegjeld. Pr 31.12.2021 var kortsiktig gjeld slik:

	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Endring
Leverandørgjeld	89 832 592	88 892 883	939 709
Annen kortsiktig gjeld	236 051 144	229 956 336	6 094 808
Premieavvik	-	418 506	- 418 506
Sum kortsiktig gjeld	325 883 736	319 267 725	6 616 011

Som ein ser så er leverandørgjelda relativt stabil medan annan kortsikt gjeld har auka noko. Anna kortsiktig gjeld består m.a. av skuldig skattetrekk, feriepengar og ymse periodiseringar. Avsette feriepengar og skuldig skattetrekk utgjer mykje av auken frå 2020.

Andre nøkkeltal frå balansen

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er likviditetsgraden. Nøkkeltalet fortel om kommunen si evne til å dekka sine kortsiktige plikter. Dette nøkkeltalet bør vera større enn 2. Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) er og ein måte å måla likviditeten på. Arbeidskapitalen bør vere positiv – då vil vår skuld til andre kunne dekkast av inneståande i bank og det andre skylder oss.

	2021	2020
Likviditetsgrad 1	4,06	4,02
Arbeidskapital	998 759 054	965 329 158

Begge nøkkeltala har ein positiv utvikling i 2021.

Økonomistyring

Rutinar for økonomistyring

Kommunen praktiserer rammestyring. Dette inneber at kommunestyret tildeler budsjetttrammene på sektor-nivå, og sektor-budsjetta blir så vidarefordelt ut i organisasjonen slik at kvar einingsleiar får sitt budsjett som dei får ansvar for. Kommunalsjefane har likevel mynde til å flytte midlar internt i sin sektor. Kvart tertial blir det lagt fram ein rapport til kommunestyret om utviklinga i tenesteområda og den økonomiske stoda. Tertialrapportane fokuserer på kjerneoppgåver, mål/utviklingsområde og oppnådde resultat.

I tillegg til tertialrapportane rapporterer administrasjonen om økonomisk utvikling til formannskapet ca. månadleg. Langsiktig finansportefølje blir rapportert månadleg til formannskapet og kommunestyret.

Administrativt rapporterer einingane til kommunalsjef månadleg. Rapportane skal fokusera på å identifisere avvik eller fare for avvik i forhold til årsbudsjett (prognose for resultat), og i tilfelle visa til tiltak for korleis avvika skal lukkast. Økonomirådgivarane har utstrekkt kontakt med einingsleiarane med tanke på oppfølging, kontroll og støtte. Kommunalsjefane utarbeider i samarbeid med økonomirådgivarane ei månadleg oppsummering av stoda for kvar sektor med fokus på prognose pr. 31.12.

Kommunen har utarbeidd økonomireglement som m.a. gjer greie for styringsprinsipp, økonomiske måltal, rapportering og avslutning av årsrekneskapen. Kommunen har utarbeidd finansreglement som m.a. gjer greie for krav til forvaltning, handtering av risiko, rapportering og administrative rutinar. Finansreglementet heimlar og kommunen sin finansstrategi og utføring av stress-test. Økonomiske reglement og rutinar ligg tilgjengeleg for alle i kommunens kvalitetssystem.

Økonomistyring i 2021

Driftsresultatet kjem også i 2021 i stor grad som følgje av hendingar utanfor kommunen sin kontroll: Ein svært god skatteinngang og eit godt år i finansmarknaden. Sektorane har jobba hardt for å halde økonomiske rammer som blir stadig trøngare. Det har vore stort fokus i 2021 på prosjekt B22, og det har blitt arbeidd målretta med å finne varige tiltak som reduserer driftsutgiftene. Dette har ein lukkast godt med i 2021 og arbeidet vil halde fram i 2022. Covid-19 har tatt mykje merksemd dette året også, og SIO prosjektet set framleis tydelege spor i rekneskapen. Begge deler har medført store overføringer frå staten som er ført ut i sektorane, særleg helse og velferd. Frå 2022 vil venteleg dette endre seg men vi frykter at utgiftsnivået blir hengande ved ein periode. Stram økonomistyring og rapportering blir dermed svært viktig.

Endring av rekneskapsprinsipp

Det har ikkje vore endringar i rekneskapsprinsipp dette året.

Medarbeidar

Arbeidsgivarstrategi

Bjørnafjorden kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgivar

- som er nyskapande og endringsdyktig
- som har leirarar som viser veg og legg til rette for meistring
- som har engasjerte medarbeidrarar med evne, vilje og riktig kompetanse

Strategiar:

1. Vi nyttar oppdatert kunnskap om beste praksis og driv eit systematisk utviklingsarbeid.
2. Vi er løysingsorienterte og serviceinnstilte.
3. Vi gjennomfører eit digitalt løft i heile organisasjonen.
4. Vi vågar å prøve noko nytt og bruker erfaringane til forbetring.
5. Vi satsar på tverrfagleg samarbeid og samskaping for å finne nye løysingar.
6. Vi satsar på Innolab (utviklingsverkstad) for å fremje tverrsektoriell samhandling og innovasjonskultur.

Leiarane set innbyggjarar, medarbeidrarar og nyskaping i fokus, viser veg og legg til rette for meistring. Vi har engasjerte medarbeidrarar med evne, vilje og riktig kompetanse. Det er meiningsfylt og kjekt å jobbe i Bjørnafjorden kommune.

Det andre året i ny kommune har ein forset arbeidet med implementering og opplæring av nye system og rutinar. Pandemien påverka også dette året arbeidet, men ein har langt på veg kome i hamn med planlagde tiltak. Eit av arbeida som er fullførte og sett i verk er rekrutteringsstrategi og digital leiariopplæring i KS læring. 10 faktor undersøkinga som var planlagd haust 2021 kjem i gong i Q1 2022 med gjennomføring for alle tenestene.

Tal på medarbeidrarar

Mål: Å halde talet på innbyggjarar fordelt på årsverk likt, eller helst noko høgare år for år, slik at folkeveksten gjev oss rom for naudsynte investeringar.

Pr 31. desember 2021 var det 1820 fast tilsette i kommunen fordelt på 1434,45 årsverk, 81% kvinner og 19% menn.

Årsverk pr tenesteområde – fast tilsette og innbyggjarar pr årsverk

Årsverk - Fast tilsette		
Sektor	2020	2021
Fellesutgifter	5,7	4,30
Stab	68,69	65,30
Oppvekst	585,81	589,23
Helse og velferd	632,11	651,94
Samfunnsutvikling	125,33	123,68
Sum	1417,64	1434,45
Innbyggjarar	25049	25213


Innbyggjarar pr årsverk	17,7	17,6
----------------------------	-------------	-------------

Tal på tilsette - Fast tilsette

Sektor	2020	2021
Fellesutgifter	5	4
Stab	70	67
Oppvekst	664	665
Helse og velferd	914	925
Samfunnsutvikling	161	159
SUM	1814	1820

Tal på tilsette fordelt på alder

Gjennomsnittsalderen for fast tilsette er 44,86 år.



Likestilling og lønn

Tilstand for kjønnslikestilling

Kjønnsbalanse		Midlertidig tilsette		Foreldrepermisjon		Faktisk deltid	
Oppgis i tal		Oppgis i %		Oppgis i gj.snitt tal veker		Oppgis i tal av alle tilsette	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
1482	338	82,6%	17,4%	35,5	19,5	801	132

Kjønnsfordeling pr sektor for 2021

Sektor	Tal			Prosent	
	Totalt	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Stab	44	27	17	61%	39%
Helse og velferd	938	820	118	87%	13%
Oppvekst	662	567	95	86%	14%
Samfunnsutvikling	176	68	108	39%	61%
BF kommune	1820	1482	338	81%	19%

Fordeling av kvinner og menn i kommunedirektøren si toppleiargruppe er 3 menn (43 %) og 4 kvinner (57%).

Kommunestyret består av 24 menn og 9 kvinner totalt 35 representantar. Totalt er kvinneandelen i kommunestyret 25.7 %

Formannskapet har totalt 9 medlemmer hvorav 5 er menn og 4 kvinner. Totalt 44 % kvinneandel.

Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

Likestillingsarbeidet skal omfatte heile grunnlaget for diskriminering i lovverket. Dette skal vere knytt til rekruttering , lønns – og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmogelegheit, tilrettelegging og mogelegheit for å kombinere arbeid og familieliv, arbeid mot trakassering og seksuell trakassering og kjønnsbasert vold.

Likestillingsarbeidet er forankra i kommunen sin overordna strategi og hensynet til likestilling og ikkje-diskriminering er inkludert i personalpolitikken.

Likestilling mellom kjønna er eit mål innanfor yrkesgruppene kommunen sysselset. Likestilling skal vurderast ved alle kunngjeringsar og tilsetjingar. Tilsette og leiarar skal aktivt fremje likestilling mellom kjønna.

I andre del av 2022 skal ein utarbeida ein eigen strategi for likestilling og ikkje-diskriminering med mål om betre identifisering av forbettingsområder og utviklingspotensialer.

Lønn

I kommunal sektor tener kvinner i gjennomsnitt litt mindre enn menn. Dette skuldast i hovudsak ulik stillingsplassering og utdanning. Lokalt er kvinner si løn 93,2 % av menn si lønn når vi ser på forteneste pr månad (grunnløn, faste og variable tillegg) og 93,3 % når vi ser på grunnløna.

Kommunen nyttar PAI-statistikk ved samanlikning av lønnsnivå og lønnsutvikling. Statistikken er basert på pålagt innrapporterte tal til KS 15. desember kvart år.

Kommunen rapporterer annakvart år på lønnsforskellar mellom kvinner og menn knytt til alder, stillingsgruppe, stillingskode og utdanning. Det blei ikkje rapportert i 2020.

Lønnsforhold justert for ulike faktorar – Bjørnafjorden kommune.

Tabellen syner gjennomsnittleg forteneste pr månadsverk og gjennomsnittlig grunnløn månadsverk for kvinner i prosent av menn si løn.

Justert for	Årstal								
	2019	2020	2021	Kvinner pr mnd i % av menn si forteneste	Kvinner % av menn si forteneste	Kvinner pr mnd i % av menn si forteneste	Kvinner % av menn si forteneste	Kvinner pr mnd i % av menn si forteneste	Kvinner % av menn si forteneste
Ujustert	91,3	91,6	91,9	91,9	91,9	93,2	93,2	93,3	93,3
Alder	91,3	91,6	91,9	91,9	91,9	93,2	93,2	93,3	93,3
Stillingsgruppe	95,4	97,0	96,4	98,0	98,0	97,6	97,6	99,0	99,0
Stillingskode	95,9	97,9	100,2	98,4	98,4	101,4	101,4	99,0	99,0
Utdanning	94,0	93,1	94,7	93,6	93,6	95,7	95,7	96,0	96,0

Tala viser kva kvinner si løn som del av menn si løn ville vore om dersom kvinner og menn hadde hatt same fordeling av årsverk innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør ein bruka som mål på kjønnsforskjell i løn, sidan tala i stor grad held utanfor den delen av lønnsforskjellen som er knytt til ulike yrkesval.

Kjønnsbalansen totalt i verksemda: 1482 kvinner og 338 menn

Mellombels tilsette (kjønnsforskjell i prosent): 82,6% kvinner og 17,4% menn

Tilsette i deltidsstillingar (kjønnsforskjell i tal): 801 kvinner og 132 menn

Gjennomsnitt tal på veker foreldrepermisjon for kvinner og menn: 35,5 veker for kvinner og 19,5 veker for menn

Heiltidskultur

Heiltidskultur er avgjerande for å kunne møte framtidas kompetansebehov. Vi har mykje forsking som viser at heiltidskultur og store stillingar er positivt både for arbeidsgjevar, arbeidstakar og ikkje minst for brukarar/innbyggjarar. Å utvikle heiltidskultur handlar om meir enn turnusordningar og å få helgene til

“å gå opp”. Det handlar om haldningar, forankring, normer for “korleis vi har det/gjer det hos oss”. Å utvikle heiltidskultur handlar om organisasjonsendring med politisk vilje, tydeleg leiing, engasjerte tillitsvalde og tilsette som arbeider for same mål i same retning. Å arbeide for ein heiltidskultur er ein langsigktig og kontinuerleg prosess som også inneber store omstillingar.

Gjennomsnittleg stillingsprosent

	2020	2021
Stab	98	98
Oppvekst	88	89
Helse og omsorg	69	71
Samfunnsutvikling	78	78
Samla	78	79

Gjennomsnittleg stillingsstorleik gir eit overordna tal for heile kommunen der alle stillingar er tatt med, også helgestillingar. Biletet er meir nyansert når vi ser på ulike stillingsgrupper og ulike einingar. Omfanget av deltidsarbeid er ulikt mellom kjønn, aldersgrupper, utdanningsnivå og sektorar. Bjørnafjorden kommune er det først og fremst kvinner som jobber deltid. 81 prosent av dei tilsette i kommunen er kvinner, 54 prosent er i deltidsstillingar. Største delen av deltidstilsette finn vi innanfor pleie- og omsorg.

I 2021 blei det ferdigstilt lokale retningslinjer for arbeidet med heiltidskultur. Retningslinjene er integrert i rekrutteringsprosessen og skal vera eit naturleg vurderingspunkt i behovsanalyisen før utlysning av ledige stillingar. I overordna rekrutteringsstrategi har ein for 2021-22 prioritert arbeid med utlysing av større / heile stillingar for helsepersonell. Etablering av Bemanningssentralen er også eit viktig grep som har gitt effekt på stillingsstorleiken i Helse og velferd.

Lærlingar

Læreplasser er et satsingsområde, og kommunen har dei siste åra auka talet på lærlingar i ulike sektorar. Gjennom lærlingeordningen bidrar ein til å utdanne arbeidskraft for framtida og samtidig vise fram kommunen som arbeidsgjevar. Det er noko ulikt mellom fagområda, nokre fag har få plassar og mange søkerar, medan andre ikkje får nok søkerar. Det siste har vore tilfellet i kommunen vår, kor ein har opplevd for få kvalifiserte søkerar for å fylle alle plassane. På utdanningsmessa 2021 hadde kommunen stand for lærlingar frå alle sektorane var representerte, og gjorde et godt rekrutteringstiltak for framtidige lærlingar.

For 2021 hadde kommunen totalt 37 lærlingar, 19 Helse og Velferd, 3 Samfunnsutvikling og 15 Oppvekst.

Sektorane har fagsamlingar med lærlingar 2 gonger pr år, og det same for rettleiarane. I 2021 har det også vore gjennomført 1 fellessamlingar for lærlingar med ulike fagtema frå kommunen og arbeidslivet generelt. For rettleiarane ble det planlagd kompetansehevingskurs i 2021, med gjennomføring januar 2022.

Nærvær – sjukefråvær

Mål: Sjukefråværsprosent på 7 prosent

Sjukefråværet i Bjørnafjorden kommune var i 2021 på 9,7 prosent. 2,5 prosent er fråvær på 1-16 dagar, og 7,1 prosent er fråvær over 17 dagar. 0,3 prosent av fråværet er «koronafråvær».

Sjukefråvær pr kvartal i 2021

	2020	2021
kvartal	8,9	9,7
kvartal	8,2	8,9
kvartal	8	8,1
kvartal	9,6	10,9
På årsbasis	9,0	9,7

2021 fordelt på tenesteområde

	Stab	Oppvekst	Helse og velferd	Samfunnsutvikling	Samla
Samla	5	8,7	11	4,9	9,7
Kvinner	5,5	5,5	12,6	6,7	10,7
Menn	5	9,3	5,4	3,9	5,2

Sjukefråvær er fast tema på AMU-møta, og hausten 2021 blei det vedteke ny prosedyre for oppfølging av sjukemeldte. Mykje av det høge sjukefråværet i 2021 skuldast koronapandemien.

Tiltak som bidrar til redusert sjukefråvær er målretta og systematisk arbeid over tid for å betre arbeidsmiljøet. Fokusområder er å styrke nærværet til jobb, førebygge sjukefråværet og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet. I eit år som 2021 har det ordinære arbeidet kring sjukefråvær vore krevjande, og andre fokus knytt til fråvær og mobilisering i pandemien har vore nødvendig å prioritere. Samstundes kan ein sjå at gjennom pandemi og bruk av heimekontor har ein andre problemstillingar knytt til fråvær og tilbakekomst til ei jobbkvardag på kontoret. Dette krev gjerne andre tiltak som inneholdt meir tilpassing for den einskilde knytt til kor og korleis ein kan løyse oppgåvene sine.

Gravide i jobb

Jobb-jordmor er eit tiltak som skal legge til rette for at gravide kan stå i arbeid gjennom graviditeten gjennom individuell tilrettelegging. Den gravide, leiar og jordmor kjem gjennom felles samtalar fram til tiltak som kan støtta den gravide i jobb-kvarden.

I 2021 har jobb-jordmor fulgt opp 37 gravide tilsette. Samtalane har vore gjennomført digitalt.

HMS

Forbetringsportalen - Bjørnafjorden kommune sitt system for avvik og forbetringsforslag, Forbetringsportalen i kvalitetssystemet. Det blei meldt inn 3087 avvik i 2021, av desse var 28 knytt til personvern og informasjonssikkerhet.

Total pr 31.12.21	
Lukka	2141
Ny melding	521
Tiltak satt i gong	354
Under behandling	186

KLP- prosjekt «Vi i Bjørnafjorden» - Arbeidsmiljøarbeid

Prosjektet er no avslutta og for vår kommune blant anna gevinsten eit nytt og forankra system for partsamarbeid og medverknad for arbeidsmiljøet komen på plass. Arbeidsmiljøgrupper (AMG) blei rulla ut i tenestene ved årsskiftet og alle tenestastader skal no ha faste møter mellom leiar, tillitsvalde og verneombod. Kanalar for medverknad frå tilsette, årshjul for tema og behandling av saker blir dokumentert i Kvalitetssystemet med tilgong for alle i tenestene.

Kvar januar skal leiarane via si arbeidsmiljøgruppe rapportere HMS status frå einingane. Rapporten er eit verktøy for å sikra det systematiske HMS arbeidet i kommunen. Kommunedirektøren sikrar gjennom dette ansvaret for at internkontrollforeskrifta er fulgt, og kan dokumentere at pålegg i forskifta blir utført. AMU er behandlande instans for den samla oversikta frå årsrapportane. For 2021 er det levert 39 rapportar frå tenestene. Talet er ikkje tilfredstillande og krev oppfølging og opplæring i lederlinja for 2022.


AMU - Det blei gjennomført 5 møter i AMU i 2021, alle digitale. AMU behandla 65 saker, 45 saker fremja av arbeidsgjevardsida og 20 saker fremja av arbeidstakarsida.

Grunnopplæring i HMS -er obligatorisk for leiarar og verneombod. Det blei i 2021 gjennomført to dagars digital grunnopplæring i HMS for leiarar, verneombod og AMU medlemmer.

Verneombodssamlingar - Det blei gjennomført 2 samlingar for verneombod i 2021. På våren var møta sektorvise og på hausten gjennomførte eit samla digitalt møte med alle 75 verneomboda. Fellesmøtet blei gjennomført saman med Nav arbeidslivssenter og Bedriftshelsetenesta Arsana AS.

Internkontroll og etikk

Styring og internkontroll



Kommunelova stiller krav om rapportering på internkontroll.

I Bjørnafjorden kommune er internkontrollen integrert i ordinær styring av verksemda.? Den heilskaplege styringa av kommunen omfattar alt frå vedtekne politiske planar, strategiar og saker, til iverksetting av desse gjennom kommunedirektøren sin interne styring av verksemda. Bjørnafjorden sin visjon -? eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping, etiske retningslinjer og verdiar – vi lyttar med respekt, vi finn smarte løysingar, vi gjer det vi seier og vi er inkluderande - skal ligge til grunn for styringa av verksemda.

Leiingsprosesser inneber å styre verksemda slik at mål blir nådd, lover og regler blir etterlevd, og at ressursar blir brukt effektivt og hensiktsmessig. Kommunebudsjettet med mål og tiltak dannar grunnlag for leiaraftaler med tiltaksplanar og resultatoppfølging gir overordna føringar for styringa av kommunen.

Støtteprosessar er retta mot å understøtte verksemda sine tenester til innbyggjarane. Kommunen sine administrative einingar leverer tenester til kommunen sine innbyggjarar i tråd med gjeldande lover og forskrifter, strategiar og planar.

Tenester til brukarane og innbyggjarane (kjerneprosessar) omfattar størstedelen av kommunen sin verksemde. Staten regulerer store deler av kommunen sin verksemde gjennom lover og forskrifter, kontroll og tilsyn. Ut over dei lovbestemte oppgåver bestemmer kommunen sjølv (politisk vedtak) kva tenestetilbod kommunen sine innbyggjarar skal få. Risikostyring og god internkontroll er viktige forutsetningar for måloppnåing. Ansvar for internkontroll, risikostyring, sikkerheit og beredskap ligg i linja.

Leiingsprosesser, støtteprosesser og kjerne prosesser er dokumenterte i kommunen sitt kvalitetssystem. Mange rutinar er på plass og det jobbast no med å oppdatere elektronisk årshjul med fristar for oppgåver og rapportering internt og fra rådmannen til politisk nivå.

I 2021 har kommunedirektøren mellom anna gjennomført følgande tiltak for å sikre betryggande kontroll:

Vidareutvikla eit styringssystem (kvalitetssystemet) som støtter opp om prinsippa for kvalitetsleiing (ISO9001)

Kontinuerleg arbeid med å få dokumentert prosessar og prosedyrar for heile kommunen i det elektroniske kvalitetssystemet

Vidareutvikla samanhengen mellom dei styrande dokumenta og leiingsprosesser, støtteprosesser og kjerneprosesser.

Det er laga system og prosedyrar for leiaravtalar, leiarsamtalar og medarbeidarsamtalar.

Innføring av prosessen med systematisk leiaroppfølging er starta, arbeidet vil fortsette i 2022.

Det er gjennomført forbetingstiltak i tenester etter avviksmeldingar, risikovurderinger og funn ved forvaltningsrevisjonar og tilsyn

Gjennomført opplæring i prosesstankegangen – effektive arbeidsprosessar

Gjennomført opplæring i kvalitetssystemet sine ulike moduler

Gjennomført opplæring av tilsette og leiarar i høve personvern og informasjonssikkerheit.

Personvern og informasjonssikkerheit

Det overordna målet er å sikre god internkontroll kring personvern og informasjonssikkerheit i heile Bjørnafjorden kommune. For å klare dette er det viktig at alle tilsette kjenner regelverket for personvern og informasjonssikkerheit. Det er derfor innført obligatorisk opplæring for medarbeidarar og leiarar i personvern og informasjonssikkerhet. I tillegg har kommunen system for arbeid med og oppfølginga av arbeidet med personvern og informasjonssikkerhet med bl.a. sikkerhetsforum og arbeidsgruppe for sikkerhetsforum. Sikkerhetsforum består av toppleiringa, representantar frå områda, personvernkoordinator og personvernombod. Sikkerhetsforum har regelmessige møter kor dei gjennomgår plan for arbeid, kor langt er vi kommen i arbeidet og aktuelle personverntema.

Arbeidsgruppa for sikkerhetsforum jobbar ut mot område og bistår i arbeid kring behandlingsprotokoller, risikovurderingar, DPIA og databehandlingsavtalar. I 2021 har hovudfokuset vore å få på plass behandlingsprotokoller og starte arbeidet med DPIA (personvernkonsekvensar)

Det har og vore gjort ein del arbeid med å utforme malar og prosedyrar for å gjere arbeidet lettare og meir forståeleg.

Det er inngått ny avtale om kjøp av personverntenester frå Bergen kommune, dei innehavar rolla som personvernombod for Bjørnafjorden kommune. I tillegg gir dei råd ved personvernarbeid, utarbeiding av malar og prosedyrar og godkjenning av alle DPIA er. Dei gir og råd ved brot på personvernet og meldinger til datatilsynet.

I 2021 var det meldt 28 avvik på personvern og informasjonssikkerhet, av desse vart 3 avvik meldt til datatilsynet. Desse avvika vart lukka lokalt.

Etisk arbeid i Bjørnafjorden

Bjørnafjorden kommunestyre vedtok i sitt møte 17.12.2019, sak 48/2019, det etiske reglementet for tilsette og politikarar i Bjørnafjorden kommune.

Desse skildrar på ein god og oversiktleg måte kva forventingar kommunen har til dei tilsette og folkevalde når det gjeld at desse skal opptre i tråd med lover, reglar, interne retningsliner og avtalar, samt kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak. Vidare skildrar reglementet dei tilsette sin rett til ytringsfridom, korleis forholde seg til habilitet og interessekonflikt, møtet med innbyggjarane, forbod mot gåver og andre ytingar m.v.

Bruk av retningslinjer og fokus på etiske problemstillingar er eit kontinueleg arbeid og temaet inngår i kommunen si digitale leiaropplæring. På alle nivå i organisasjonen skal etisk refleksjon vera eit naturleg element, frå politisk nivå og ut i alle tenestene.

Kommunestyret vedtok 12.05.2020, sak 41/2020, at Bjørnafjorden kommune skal vere medlem i Transparency International Norge. Dette var ei vidareføring av medlemskapet Os kommune hadde i organisasjonen. Medlemskapet er eit godt supplement til dei etiske retningslinene og gir eit godt grunnlagt som ein del av det kontinuerlege kvalitetsarbeidet i kommunen.

Oppfølging politiske tiltak

Generelt/felles	Status	Kommentar
Endring i godtgjersle-reglement folkevalde	Gjennomført	
Fokus på personalomsorg og nærværarbeid	Gjennomført	Sett i verk e-læring for leiarar med fokus på blant anna personal / nærvær
Fokus på oppfølging av sjukemeldte	Gjennomført	Ny oppdatert rutine for oppfølging av sjukemeldte vedteke sept 21
Fleire lærlingar	Gjennomført	Auke i lærlingeplassar til totalt 42 plassar
Klimabudsjett	Gjennomført	
Seksjonering og sal av adm bygget til politiet og Ohara	Ny avgjerd gjort	
Stab		
Ny stilling som miljørettleiar	Gjennomført	
Bemanningssentral – vikarpool oppvekst		
Tenestepensjon på anbod	Gjennomført	
Leigeavtale - gamle Lyssandfabrikken	Gjennomført	
Leigeavtale - Baronsgården	Gjennomført	
Oppvekst		
Lærarnorm	Gjennomført	Vi har lagt lærarnorm inn i finansieringsmodellen for skulane frå hausten 2021. Det er utfordnade for enkelte skular
Guttas campus	Gjennomført	Er gjennomgjort med 6 deltararar
Leksefrei skule, forsøksordning	Under arbeid	Utprovning i gang. Evaluering etter skuleåret 2021/22
Evaluering Ungdomsskulegutar som leikeressurs	Gjennomført	Er gjennomført hausten 2021 med 9 gutar. Alle som søkte fekk tilbod. Ikke gjennomført våren pga koronapandemi. Ordninga blir avslutta i 2021 jfr. Budsjettvedtak.
Ide-bank læringsverktøy	Under arbeid	Er i gang. Bjørnafjordenpakka er utvikla og vi jobbar med Ide-bank for SFO.
Forsøkskommune fritidskort	Ikkje gjennomført	Det blei ikkje tatt inn nye kommunar i ordninga i 2021

Foreldre-fadrar i grunnskulen	Ikkje gjennomført	Det har ikkje vore kapasitet til å starte dette arbeidet i ei pandemiperiode.
Helse og velferd		
Treffpunkt - utviding av tilbod	Under arbeid	
Mål-tal el-bilar	Gjennomført	
Oppretting av nye VTO plassar	Under arbeid	Avhenger av tildeling frå stortinget
Vaskeri-tenester ASVO	Under arbeid	
Digital opplæring for innbyggjarar	Gjennomført	
Eikhovdaheimen	Gjennomført	
Omsorg +	Gjennomført	
Utgreiing ombygging FBBS	Gjennomført	
Evaluering av kriseteamet	Under arbeid	
Måltal arbeid og aktivitet	Gjennomført	Del av tertialrapport
Sosialhjelp som lønstilskot		Vurdert opp mot andre føremålstenelege tiltak og verkemiddel. Konklusjonen er at det er vurdert som ikkje føremålsteneleg.
Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp	Gjennomført	
Samarbeidsprosjekt NAV, Flyktningetenesta, Barnevernet	Gjennomført	
Hellemysra bufellesskap	Gjennomført	Den gamle brannstasjonen er vurdert som lite eigna.
Samfunnsutvikling		
BUA utlånssentral	Gjennomført	
Stimulering torghandel og lokal matkultur	Gjennomført	Første REKOring utdeling i Os skjedde i juni 2020. Vidare omsetningskanalar er del av prosjekt 100 dagar sjølvforsynt
Pilotforsøk Hent-meg-buss	Under arbeid	Er i dialog med Skyss og VLK, dette vil bli fulgt vidare opp vinteren 2022.
KUP midlar til utdeling, endra retningsliner	Gjennomført	
Gjennomgang av tilskotsordningar	Gjennomført	

Parkeringsløsing	Gjennomført	Vedtak kommunestyret 20.1.2022. Vidare arbeid gjennom vedtatt prosjekt 7263.
Vaktordning og tilskot veterinær	Gjennomført	
Strategi for solenergi	Gjennomført	Oppfølging i KLEM-planen. Nye bygg er prosjektert med solcelleanlegg som t.d. Jettegryto barnehage.
Bølggebrytarar - alternativ for reduserte utgifter	Gjennomført	Inngått samarbeid med brann om bruk av båt etc, for å få ned kostnader. Vi har en juridisk bindene avtale inngått i forbindelse med investeringen av bølgedemperene.
Os idrettspark Bjørnafjorden KF - kommunal eining?	Gjennomført	
Egna område for gravplassar	Gjennomført	Sak ferdig, avventer politisk behandling (utsatt til PBU 23.02.2022)
Fjellheim	Gjennomført	
Tunnel Sævareid - presentasjon forprosjekt		Etter dialog med ABO så kan vi ikke finne planarbeidet, trenger mer avklaring for videre arbeid - saken har heller ikke vært høyest prioritert.
Møtepunkt med næringsaktørar mv.	Gjennomført	Møter med byggebransjen har vært utført.
Bibliotek på Osøyro?		SU: Mulighet for literaturhus på øyro inngår som del av sentrumsplanarbeidet.
Ferdigstilling av friidrettsanlegg på Kuventæ	Under arbeid	Vurdering av reklamasjon utført - ikkje aktuelt med sak her. For å få løst setningsskadene må det til totalrenovering. Tiltak vurderes i ny sektorplan for kultur og idrett.
Effektivisering av sjølvkostområda	Gjennomført	Kommunestyresak 86/2021
Driftsmodellar Os hamn	Under arbeid	Intern gjennomgang og fordeling av ansvar er klart. Det kalles inn til informasjonsmøte med Bergen Havn. Det blir også arbeidet med elektrifiseringsprosjekt, der BKK/Plug og Bergen Havn er med.
Årsmeldinga: oversikt over omdisponert dyrka jord	Gjennomført	

Miljø

KLEM-planen

Kommunedelplanen for klima, energi og miljø (KLEM) vart ferdigstilt sommaren 2021. Den politiske slutthandsaminga vart gjort i løpet av hausten/vinteren og planen vart fullt ut operativ på nyåret 2022.

Konsulenten leverte eit planutkast som administrasjonen berre delvis kunne stille seg bak, og mykje av kunnskapsgrunnlaget i planen måtte justerast. I tillegg måtte underteikna skrive om nesten heile kapittelet om energi samt delkapittelet om naturmangfald.

Det meste relatert til klima, energi og miljø har ei så rask utvikling m.t.p. stadig nye nasjonale og internasjonale føringar at planen raskt må rullerast for å rette opp i formuleringar og henvisningar som ikkje lenger har gyldigheit. Dette rulleringsarbeidet vil starte opp utover våren 2022.

Hummarfredning

Ei av sakene som det har vore størst fokus på hausten/vinteren 2021 er vedtaket frå kommunestyret om å etablere fredningsområde for hummar i Bjørnafjorden. Det er gjort eit grundig forarbeid med å greie ut potensialet for måloppnåing ved 14 kandidatområde. Administrasjonen har tilrådd å gå vidare med to område, som Havforskinsinstituttet har uttalt er svært gode kandidatområde med omsyn til måloppnåing, Røttinga og Vinnes. Forslaga skal ut på breid høyring før kommunestyret fattar endeleg avgjerdsle i saka, som meget godt kan innebere at det er andre område enn dei som administrasjonen har tilrådd som vert etablert.

Miljøløftet

Arbeidet inn mot ByvestavtaLEN er no organisert på ein ny måte. Det vert no samarbeid etter geografisk plassering, og ikkje i tematiserte arbeidsgrupper. Administrasjonen er ikkje overtydd om dette er eit riktig grep, men samarbeidet i arbeidsgruppe sør, saman med Bergen kommune, fungerar bra. Det er imidlertid ei betydeleg utfordring at gruppa ikkje har teke stilling til administrasjonen sitt sprørsmål om å få ei prinsipiell avklaring på korleis ueiningheit i gruppa skal handterast. Det er som forventa stor forståing frå statleg og regional myndighet kring Bergen sine utfordringar som storby; utfordringar som ein ikkje har eller i tilfelle i ein heilt annan skala i Bjørnafjorden.

Vassdragsforvalting/Vassdirektivet

Det er ei rekke av kommunen sine vassdrag som ikkje oppfyller vassdirektivet sine krav om god kjemisk og økologisk tilstand. Dette har hatt eit stort fokus i 2021 og det er gjort vurderingar kring kva vassdrag som skal løftast fram i vassprøveprogrammet samt kva vassdrag som skal prioriterast med omsyn til gjennomføring av tiltak. Administrasjonen har levert fleire søknadar til Miljødirektoratet om tilskot for gjennomføringa av desse tiltaka og avhengig av kva søknadar som vert innvilga stønad skal arbeidet med å sette vassdraga i betre stand startast opp våren 2022.

Administrasjonen har tett og god dialog med leiinga av vassregion Vest, og har levert inn prosjektsøknader til sekretariatet for å kome i posisjon til å starte opp det fysiske restaureringsarbeidet i løpet av 2022. Initiativet administrasjonen har teke opp mot landbrukskontoret i Bergen kommune har allereie bore frukter, og dei to kommunane jobbar no for å formalisere korleis ein i fellesskap skal styrke forvaltinga av Osvassdraget, som begge kommunane har eit stort ansvar for.

Akutt forureining

Administrasjonen brukte våren og sommaren på å gå gjennom varslings- og oppfølgingsrutinane ved akutt forureining. Det vart utarbeid skisse til ny arbeidsroutine som inkluderar fleire av kommunen sine fagetatar. Lokal forureiningsmyndighet er plassert hjå bransjefen, med klima- og miljøvernrådgjevar

som fagansvarleg for å utarbeide forslag til avbøtande tiltak. Det er brannvesenet som gjennomfører den første akutte utrykkinga, som så vert fulgt opp av klima- og miljøvernrådgjevar og til sist representant frå landbrukskontoret eller byggesaksavdelinga.

Klimatilpassing

FN sitt klimapanel leverte sin førebels siste klimarapport sommaren 2021. Denne stadfestar det som nasjonale myndigheter, herunder NVE, har varsle kommunane om at må gjerast for å sikre eigedom, liv og helse i større grad mot følgjene av eit hyppigare og meir valdsamt ekstremvær. Oversvømming av Osøyro har vore eit sentralt tema i komunedelplanen for sentrum, og klima- og miljøvernrådgjevar har vore prosjektleiar for utarbeidingsa av ein fagrapp (Multiconsult) for avbøtande tiltak i og kring sentrum. Rapporten peiker på samfunnsøkonomisk gunstige tiltak, som er trekt fram i framlegg til sentrumsplanen. Mellom anna så er gjenopning av Baron selva trekt fram, då dette ikkje berre vil ha positiv effekt med omsyn til flaumsikring, men òg bety mykje for lokalt naturmangfold og auka trivnad for innbyggjarane i sentrum.

Reduserte klimagassutslepp (sykkel, kollektiv)

Sentralt for arbeidet i Miljøloftet er å stimulere til endra reisevanar slik at færre bruker personbil til sine reiser. De skal leggjast betre til rette for å kunne bruke sykkel og buss, men òg gange. Administrasjonen har jobba fram beslutningsgrunnlag for to av dei tre innfartstraseane til Lyseparken. Den tredje og siste vert utarbeid våren 2022. Administrasjonen deltek i feltarbeidet og kvalitetssikrar rapporten når det gjeld vurderingar knytt til mellom anna busettingar og reisemønstre.

Saman med Skyss har administrasjonen etablert ei arbeidsgruppe som skal sjå nærmare på kva mulegheiter som ligg i å etablere eit ringbuss-tilbod kring Osøyro. Det er dokumentert at stamlinna til Bergen (rute 600) fungerar tilfredsstillande for kommunen sine innbyggjarar, men at det er ei utfordring med eit for dårleg utbygd tilbod på mate-linene ut i krinsene. Ein ser noko av det same, men i noko mindre skala, på Fusasida.

For å stimulere til meir bruk av sykkel har administrasjonen i fleire av sine Miljøloftet-prosjekt lagt til grunn at det skal byggjast trygg og funksjonell sykkelparkering ved sentrale trafikknutepunkt, som t.d. på Osøyro og på IP-anlegget i Idrettsvegen. Det har vore fleire telefonmøte med leverandørar av ulike typer sykkelparkeringshus, som er venta å bli detaljprosjektert utover sommaren 2022.

Arbeidet med å utbetre fortau, byggje nye, manglende strekningar m.v. er starta opp både i Gymnasvegen og i Nilsavegen. Desse prosjekta vil bli ferdigstilte i 2022.

Administrasjonen har i 2021 teke del i det regionale samferdsleprosjektet, «Berekraftig mobilitet i Vestland», eit samarbeid mellom Stord, Fitjar, Bjørnafjorden og Sunnfjord kommunar. Bjørnafjorden kommune har spelt inn til ny RTP ambisjonen om å etablere seg som eit regionalt trafikknutepunkt for trafikken mellom Sunnhordland og Bergensregionen. Prosjektet, «Fjordmetroen», som har som mål å styrke hurtigbåttilboden på Bjørnefjorden med moderne, klimavenlege båtar, er spelt inn som kommunens bidrag i det regionale prosjektet. Som del av Sentrumsplanen har administrasjonen hatt arbeidsmøter med datterselskapet til BKK, som tilbyr infrastruktur for landstrøm.

Naturmangfold (Raudlio-Stokkedalen)

Kommunen har kjøpt det tidlegare statseigde skogområdet, Raudlio-Stokkedalen, og har ambisjonar om å legge til rette for aktiv skogbruk og friluftsliv i kombinasjon i området. Administrasjonen har utarbeid eit kunnskapsgrunnlag for naturmangfaldet i området, og med bakgrunn i dette fått utarbeid ein fullverdig analyse av sårbarheita til naturmangfaldet innanfor dei områda som peikar seg ut som område med potensiell konflikt mellom ulike brukargrupper.

Hausten 2021 sendte administrasjonen ut anbodspapir til konsulentbransjen for å få utarbeid ein temoplan for naturmangfald i kommunen. Det skal gjerast ei kartlegging av viktige naturtypar og artsmangfald og på bakgrunn av kartlegginga skrivast ein handlingsplan som skal vise veg for ei berekraftig arealforvalting. Oppdraget er tildelt Asplan Viak og startar opp våren 2022.

Klimagassrekneskap og klimabudsjett

Eit svært viktig arbeid administrasjonen gjer er å hente inn utsleppsdata frå kommunen sin eiga verksemd. Desse vert rapport inn i ein klimarekneskap, som igjen utgjer grunnlaget for eit klimabudsjett. Klimabudsjettet skal gi politikarane rettleiing om kva kostnader som er forbunde meg gjennomføringa av naudsynte klimatiltak.

Energi

Det vart gjort forsøk på å starte opp tre delprosjekt knytt energikapittelet i KLEM-planen i 2021. Av ulike årsaker vart desse utsatt med oppstart i 2022. Det er gjennomført innleiande telefonmøte med forskingsmiljøa på NTNU og SINTEF, som er leiande innan forsking og utvikling av verdikjeder knytt til berekraftig energi. Det er søkt støtte frå Miljødirektoratet for å finansiere studien, som skal gje svar på korleis Bjørnafjorden kommune bør innrette seg for å redusere den store sårbarheita som BKK har påpeikt i sin energianalyse for kommunen. Kommunen er fullstendig avhengig av elektrisitet på linjenettet til BKK/Statnett, som til tider er på bristepunktet kapasitetsmessig. Bjørnafjorden har i likskap med andre kommuner i Vestland spelt inn sine framtidige kraftbehov til BKK, som har meldt tilbake at ein ikkje vil kunne tilby dette før om tidlegast 8-10 år. Lokalprodusert energi vil difor vere eit sentralt tema i studien.

Gjennom arbeidet i Miljøløftet er det innvilga støtte for å greie ut kva mulegheiter som ligg i å etablere eit distribusjonsanlegg for hydrogen i kommunen. Dette arbeidet byggjer på forundersøkelser og telefonmøter hausten 2021, og vil starte opp våren 2022.

Folkehelse

FHI leverer kvar vinter folkehelseprofilar, der dei samanliknar kommunar på utvalde indikatorar for folkehelse. FHI vel årleg eit tema for folkehelseprofilen, og denne gongen er det livskvalitet. Profilane gir informasjon om helsetilstand og påverknadsfaktorar, og er eit grunnlag for det lokale arbeidet med å betra helsetilstanden. For kvar indikator blir det vist om kommunen skårer likt, signifikant **betre** eller **dårlegare** enn landsgjennomsnittet. Også «grøne» verdiar kan innebera ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsgjennomsnittet ikkje alltid representerer eit ønska nivå. Heile profilen, med kjelder og forklaringar til indikatorane, finn du [ved å klikka her](#).

Folkehelseprofilen for Bjørnafjorden for 2022 (med data frå 2021 eller tidlegare) viser at vi ligg **signifikant betre** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Hushald med vedvarande låginntekt
- Barn av einslege forsørgjarar
- Mottakarar av uførepensjon, 45-66 år
- Bur trøngt, 0-17 år
- Blir mobba på skulen, 7. trinn
- Luftkvalitet (finkorna svevestøv)
- Valdeltaking, 2021
- Trener sjeldnare enn vekentleg, 17 år
- Røyking kvinner
- Venta levealder, menn
- Venta levealder, kvinner
- Psykiske symptom/lidingar, 0-74 år
- Muskel og skjelett
- Vaksinasjonsdekning meslingar, 9 år

Bjørnafjorden ligg **signifikant dårlegare** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. trinn
- Drikkevatn, hygienisk og stabilt
- Med i fritidsorganisasjon, Ungdata 2021
- Skjermtid over 4 timer, Ungdata 2021
- Hjarte- og karsjukdom

Kommentarar til område der vi ligg på raudt nivå

Vi har framleis for mange barn på lågaste meistringsnivå i lesing, men vi ser ei betring på resultata for skuleåret 2020-2021. Meistringsnivå i lesing vert målt som eit treårig gjennomsnitt, og vi treng gode resultat over fleire år før det viser att i indikatoren. Vi jobbar systematisk med analyse av resultata og er i prosess med å jobba fram felles leseplan for kommunen og har også større fokus på begynnaropplæringa.

Den dårlege skåren på drikkevassforsyning handlar om manglande stabilitet i leveringa. Tilfredsstillande leveringsstabilitet inneber mindre enn 30 minutt ikkje-planlagte avbrot i året per tilknytt innbyggjar. Det vert jobba for auka leveringsstabilitet. Data levert til Mattilsynet for 2021 viser ein nedgang i ikkje-planlagte avbrot på ca. 40 % samanlikna med 2020 i områda til kommunen sitt største vassverk.

Ein lågare del unge hos oss er med i fritidsorganisasjon samanlikna med landsgjennomsnittet. Gjennom organisert fritidsaktivitet kan ein knyta band, vera fysisk aktiv, gje til andre eller fortsetja å læra. Dette dekkjer fire av dei fem grepene FHI løftar fram for auka livskvalitet og sterkare psykisk helse. Kanskje vi treng større breidde av fritidsorganisasjonar, der ein er fri frå det presset som kan opplevast i skule og idrett? I delar av Bjørnafjorden kan det offentlege transporttilbodet vera til hinder for tilgang til fritidsarenaer.

Ein større del unge i Bjørnafjorden enn landsgjennomsnittet har dagleg skjermtid på over fire timer. Når ein bruker meir tid på skjerm bruker ein mindre tid på å vera fysisk aktiv og å vera meir til stades, som er faktorar for auka livskvalitet og styrka psykisk helse. Sosiale og digitale medium kan gje jenter angst, depresjon og därleg sjølvbilete, medan gutane kan få aggressive reaksjonar og åtferdsvanskar.

Hjarte- og karsjukdom avspeglar usunne levevanar i befolkninga, sånn som røyking og fysisk inaktivitet. I Noreg har det no i mange år vore ein langsam nedgang i hjarte- og karsjukdom. Det ser vi òg i Bjørnafjorden, men til liks med Vestland ligg førekomensten hos oss noko høgare enn landssnittet.

Samfunnsikkerheit og beredskap

Koronaarbeid har vore hovudsaka i 2021. Det vi i 2020 trudde var ein maraton viste seg å bli eit ultraløp. Stikkord er smittebølgjer og skiftande virusvariantar, TISK, lokale forskrifter og massevaksinering. Og tilsette og innbyggjarar som gong etter gong bretta opp ermane og stod på for å halda smitten så låg som mogleg og samfunnet mest mogleg i gang.

Det dukka stadig opp nye variantar av viruset som gav nye utfordringar. Ved årsskiftet 2020/21 fekk vi våre første tilfelle av den britiske varianten (alfa) og utbrot med den. I februar kom den sørafrikanske varianten (beta) til Bergen. Den fekk ikkje fotfeste hjå oss. Så kom den deltavarianten og vart den dominerande store deler av året, til omikron dukka opp i november/desember.

Smitten var aldri heilt vekke i 2021, men gjekk i bølgjer, med større og mindre utbrot og toppar. Den første kom i veke 9 med 23 nye smittetilfelle. Så kom der ein stor topp i mai – etter den tids forhold – med 40 nye tilfelle på ei veke etter eit skuleutbrot. Sommaren var roleg, før nye utbrot rundt skulestart i august med 67 nye tilfelle til saman i veke 32-33. Smittetalet gjekk ned i september. Frå midten av oktober steig det gradvis igjen fram til toppen i midten av desember, med 132 smitta på ei veke. Kvar enkelt av desse vart smittespora. TISK – testing, isolasjon, smittesporing og karantene – var det viktigaste verktøyet vårt i kampen mot korona. Dette arbeidet vart etter vart meir og meir ressurskrevjande ettersom smitten auka.

Eit anna verktøy var innføring av lokale smittevernforskrifter, for å handtera lokale utbrot. Vi innførte fem lokale forskrifter i Bjørnafjorden i 2021: 11.2. om smittevernfagleg drift på byggeplassar, 19.8. om framleis smittekarantene for barn og unge t.o.m. ungdomsskule-alder; 19.11. om registreringsplikt på serveringsstader og bruk av munnbind; 10.12. om utvida munnbindplikt, smittekarantene for husstandsmedlemmar også ved Delta-varianten, og mogleg unntak for kritisk helsepersonell/samf.kritisk personell; 15.12. hastevedtak som oppheva karantenefritaket for barn og unge som «andre nærbondar» for å dempa på smittetrykket i skulane siste skuledagane før jul.


Massevaksinering

I 2021 kom endegle vaksinane, og helsevesenet vårt dreiv med vaksinering gjennom heile året. Det starta med bebuarane på sjukeheimane våre før vi fekk vaksinar til å massevaksinera prioriterte grupper etter tur. Vi hadde samarbeid med dei lokale Røde Kors-laga i Fusa og Os frå start til slutt om dette omfattande arbeidet, med faste massevaksineringsdagar kvar veke i Osbadet/idrettshallen på Kuventræ og i Fjord'n Senter i Eikelandsosen.

Tildelinga av vaksinar var det som avgrensa kor mange og kor fort vi kunne vaksinera innbyggjarane våre. I juni vedtok nasjonale styresmakter å omfordela vaksinar til Oslo og områda rundt, der det var høg smitte. Bjørnafjorden var ein av kommunane som dermed måtte venta til månadsskiftet juli/august – midt i ferien – før vi fekk større leveringar av vaksine. Ved neste månadsskifte var det svært god vaksinetilgang og dose 2-vaksineringa vart framskunda. Med smitteauken i landet i oktober, vart det klart at vi måtte vaksinera med ein 3. dose for auka immunitet.

Vaksinedekninga i Bjørnafjorden er svært god: Vel 77 % av alle innbyggjarar – og 92 % av alle over 16 år – har fått *ein* vaksinedose. 71 % av alle – og 90 % av dei over 16 – har fått dose 2. Tredje dose er gitt til 52 % av befolkninga.

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune



Det har vore stort press på tenestene våre. Vi har måttå omdisponera både folk og oppgåver i periodar for å få gi forsvarlege tenester, beskytta sårbare grupper og skjerma barn og unge mest mogleg for inngripande tiltak. Dei tilsette har gjort ein formidabel jobb for å halda hjula i gang. Etter nesten to år med koronahandtering var det mange slitne medarbeidarar ved årsslutt. Kommunedirektøren vil rosa og takka alle for den store innsatsen.

Forvaltningsrevisjon

Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon av koronahandteringa i løpet av 2021, på bestilling av kontrollutvalet. Problemstillingane for revisjonen var: 1) Korleis var den kommunale pandemihandteringa, og i kva grad var kommunen sine planar for beredskap, krisehandtering og smittevern tenlege reiskapar i handteringa? I høve der pandemiresponsen måtte avvike frå plan – kva omsyn blei lagt til grunn? 2. I kva grad klarte kommunen å oppretthalde tenesteleveransane frå barnehage, skule, barnevern og førebyggande helsetenester til born og unge i sårbare livssituasjoner?

Kontrollutvalet behandla revisjonsrapporten frå BDO 28.10.2021.

Koronasamarbeid

Vi har hatt utstrekkt samarbeid både internt i kommunen og med andre instansar for å handtera pandemien. Kommunal kriseleiing KKL har hatt svært mange møte også i 2021, i hovudsak digitale. Teams har fungert godt til dette. Det har også vore faste møte i pandemigruppa, med Statsforvaltaren, kommunane i bergensregionen, pandemikoordineringsgruppa i Helse Bergen, og på slutten av året med helseministeren.

I store deler av året har vi rapportert på status for smittesituasjon, tenestekapasitet og risikovurdering til Statsforvaltar/Hdir. kvar veke.

Vi inngjekk ny beredskapsavtale med Hordaland Røde Kors og dei to lokallaga våre Fusa RK og Os RK 5.11.2021. Dei tidlegare avtalane var med dei to gamle kommunane.

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Bjørnafjorden beredskapsråd hadde møte i august. Tema var innspel til arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen og koronaevaluering.

Anna beredskapsarbeid

Vi har heldigvis vore forsikra frå andre store beredskapshendingar i 2021. Det var ein tørr og kald vinter, som førte til for lite vasstilsig til vassbehandlingsanlegga på Skjelbreid og på Helland. Vi måtte fylla på med vatn frå Skjelbreidvatnet for å sikra vassforsyninga, og det gjorde at abonnentane måtte koka vatnet over ein lengre periode.

Beredskapsplanen for VA er oppdatert.

Bjørnafjorden 22

Bakgrunn for prosjektet:

Bjørnafjorden kommune skal ha ein berekraftig økonomi for å sikre at kommunen vil vere i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt. Med berekraftig økonomi meiner vi at kommunen sine årvisse utgifter skal vera finansiert av sikre, årvisse inntekter, og at kommunen skal levere økonomiske resultat i tråd med staten sine forventningar til oss. I 2022 skal vi legga fram, eit budsjett for 2023 med den marginen som staten ventar av oss på 1,75%.

Målet for prosjektet:

Prosjektet skal rusta organisasjonen til å nå målet om ein berekraftig økonomi for å sikre at kommunen vil vere i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt. Vår kommune, til liks med andre virksomheiter, må kunna stå i multiple endringar og intergrera endring og kontinuerleg endring som ein del av det daglege arbeidet. Endring er den og vil bli den nye normalen. Prosjektarbeidet har difor fokus på å styrka endringskapasiteten i organisasjonen på leiarnivå, på medarbeidarnivå og på struktur og systemnivå. Ein skal setja i gong og bidra til gjennomføring av endringsarbeid som fremmar kvalitet og effektivitet i drifta.

I starten av prosjektet, vinteren 2020, hadde ein eit samarbeid med NHH kor leiarande fekk eit skreddarsydd kompetanseprogram som kunne hjelpe oss i møtet med omstillingsutfordringar og kommanede oppgåver. Teorien i dette programmet har vore fundamentet og bodskapen til prosjektgruppa i arbeidet ut i sektorane, gjennom identifiserte omstillingsarbeid.

Kva arbeidde ein med i 2021?

Gjennom heile 2021 har prosjektet hatt høg aktivitet og mange og omfattande omstillingsarbeid er gjennomført. Sektorane sine måltall har vore tett knytt til arbeidet og tiltaka ein har prioritert har vore identifisert og forankra i linja og hos arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta.

Det utøvande arbeidet i sektorane er fasilitert gjennom endringsforum tilhøyrande sektoren, og endringsagentane og medlemmane i forumet har opparbeidd seg høg og brei kompetanse på verktøy og prosessarbeid.

Eit sentralt moment i prosjektgruppa og endringsforuma sitt arbeid har vore å setje varig avtrykk av kompetanse i linja. Dette vil seie at ein byggjer endringskapasitet for å kunne stå i kontinuerlig forbedring, og forsette jakta på nye løysingar utover prosjektperioden til BF 22.

Økonomisk måloppnåing totalt sett i 2021 for alle sektorane og stabstenestene var på heile 94 %

Sektor	Mål	Gjennomført	Prosentvis innsparing
Helse og velferd	7 725 000	6 050 000	78,3 %
Oppvekst	14 685 000	13 732 000	93,5 %

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Samfunn	8 460 000	8 752 000	103,5 %
Stab og fellesområdet	6 200 000	6 310 000	101,8 %
Totalsum	37 070 000	34 844 000	94,0 %

To døme på store omstillingsarbeid som vart gjennomført i 2021 er omorganisering innanfor Oppvekst med etableringa av Familiens hus og omorganisering av stabtenestene med etablering av Innbyggarservice og HR avdelinga. Begge desse prosessane vart fasilitert og fagleg støtta gjennom endringsforum i BF 22. Fellesnevnarar for begge arbeida var betre heilskapelege tenester, høgare effektivitet og meir treffsikre tenester, mot innbyggjarane og mot organisasjonen internt.

Frå hausten 2021 gjorde vi ein omstrukturering av prosjektmatrisa i BF 22, med bakgrunn i organisasjonen sitt behov i den komande fasen, ny organisering av HR faget og med bakgrunn i reduksjon i årsverk i organisasjonen totalt sett. Framover vil vi ha eit endringsforum som fagleg er forankra i HR avdelinga, og som skal vera organisasjonen sitt faglege nettverk for omstillingskompetanse og internkonsulentoppgåver, også etter BF 22 er avslutta som prosjekt.

Organisasjon og styring

Her finn du korleis Bjørnafjorden kommune er organisert administrativt og politisk.

Politisk organisering og styring

Kommunestyret er det øvste organet i Bjørnafjorden kommune. Kommunestyret består av 35 representantar og blir leia av ordføraren.

Ordføraren i Bjørnafjorden kommune er Trine Lindborg frå Arbeidarpartiet. Mikal Leigland frå Senterpartiet blei vald som varaordførar på det konstituerande kommunestyremøtet 29. oktober 2019.

Bjørnafjorden kommune har fem faste politiske utval:

- Formannskap
- Administrasjonsutval (partssamansatt utval)
- Egedomsutval
- Plan-, bygnings- og miljøutval (utgjer også trafikksikringsutval)
- Kontrollutval

I tillegg er det tre lovpålagte brukarråd med politisk representasjon:

- Eldreråd
- Råd for menneskje med nedsett funksjonsemne
- Ungdomsråd

Administrativ organisering og styring

Christian Fredrik Fotland er kommunedirektør og den øvste administrative leiaren i Bjørnafjorden kommune.

Med seg i leiargruppa har han kommunalsjef for oppvekst Line Rye, kommunalsjef for Helse og velferd Monica Totland Melvold, kommunalsjef for samfunnsutvikling Torgeir Sæter (Grete Nesheim har vikariert i delar av året), økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik og kontorsjef Andris Hamre.

Plan- og styringssystem

Bjørnafjorden blir styrt etter ein planstrategi som omfattar alle sektorar og områder.

Kommunen sin planstrategi er styrande for alt vi gjer. Budsjett og økonomiplan er ein sentral del av dette og lovpålagt å ha. Kravet til økonomiplan er at den skal strekke seg fire år fra i tid, men vi har vald å sjå ti år fram når vi har laga økonomiplanen.

Visjon og verdiar

Fellesnemnda vedtok i 2019 følgjande visjon, misjon og verdiar for Bjørnafjorden kommune.

Visjon:

Eit rauost og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping.

Misjon:

Det gode liv for alle.

Verdiar:

- Vi lyttar med respekt.
- Vi finn smarte løysingar.
- Vi gjer det vi seier.
- Vi er inkluderande.

Satsingsområde:

Folk: Vi skal legge til rette for trygge, stolte, likeverdige og engasjerte innbyggjarar og medarbeidrarar.

Fellesskap: Vi skal bygge nye fellesskap - små og store, internt og eksternt.

Framtidsretta: Vi skal vere nytenkande, endringsvillig og yte treffsikre tenester.

Kommunen sine tenesteområde



Fellesområde

Skildring av tenesta

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon. Området har fleire løvingspostar og avrekningspostar som omfattar heile kommunen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021			
Sum	-5 131	-21 026	-24 419	-3 393	-13,9 %

Kommentar til status økonomi

Økonomisk avvik relaterer seg i stor grad til pensjon, som i 2021 blei høgare enn budsjettet grunna høgare lønsoppgjer enn det som var lagt til grunn av pensjonsleverandørane. Også Folkevalde organ hadde eit negativt avvik på 0,7 mill. kr medan Fellesutgiftene fekk ei innsparing på ca. 1 mill. kr vedr midlar til lønsoppgjer.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

Prioritet	Bjørnafjorden 2020	Bjørnafjorden 2021	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	316	301	374	429

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Gravplass Hålandsdalen	3 000	1 500	1 500	1 500 Ikke vurdert
IKT infrastruktur	5 000	996	2 000	0 Ikke vurdert
Minnelund	3 400	3 400	3 400	3 400 Ikke vurdert
Oppgradering kyrkjer og kyrkjegardar	2 500	1 000	500	500 Iht. plan
Sum	13 900	6 896	7 400	5 400

Statustekst investeringar

Gravplass Hålandsdalen

Midlane er overført til Kyrkjeleg Fellesråd.

Minnelund

Midlane er overført Kyrkjeleg Fellesråd.

Oppgradering kyrkjer og kyrkjegardar

Midlane er overført Kyrkjeleg Fellesråd.

Stab

Skildring av tenesta

Stab har sidan oppstart av Bjørnafjorden kommune omfatta Rådmannens stab, økonomiavdelinga, Personalavdelinga og Organisasjon og utvikling. I 2021 blei det i regi av Bjørnafjorden 22 sett i verk eit prospekt for å sjå på omfanget av administrative tenester, i hovudsak Stab, med sikte på effektivisering. Ekstern konsulent blei brukt i arbeidet for å få ein uhilda gjennomgang. Gjennomgangen viste at det var eit potensiale for effektivisering på 20% - 25%. På bakgrunn av dette blei det bestemt å redusere bemanninga i Stab med 15 årsverk. Det blei og gjennomført ei om-organiseringa av Stab. Om-organiseringa innebar at Stab blei redusert til avdelingane HR og Økonomi samt ei lita avdeling for kommunedirektør og kontorsjef, medan resten av dei tilsette blei overført til sektor Samfunnsutvikling og den nyopprettet avdelinga Innbyggarservice.

Rådmannens stab

Rådmannens stab omfatter løn og driftsutgifter til kommunedirektør og kontorsjef.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga skal gjennom sitt arbeid bidra til at kommunen sin økonomiske handleevne blir ivaretatt. Målet med økonomistyringa er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Økonomiavdelinga omfattar fagområda rekneskap, innkjøp og økonomistyring.

Rekneskapsavdelinga fører rekneskapen for kommunen og kommunale KF m.v. Innkjøpsavdelinga har spesialkompetanse på offentlege anskaffingar og hjelper einingane med dette. Faggruppe økonomistyring skal med utgangspunkt i kommunedirektøren sine styringssignal fungere som ein rådgivar, pådrivar og utfordrar i høve økonomisk styring. Kvar eining har ein fast økonomirådgivar.

HR avdelinga

HR blei etablert som avdeling våren 2021, gjennom omstillingsprosessen i Bjørnafjorden 22 og har samla fire fagområder; lønn, personal, organisasjonsutvikling og IT.

Avdelinga har ansvar for utvikling og tilrettelegging for gode HR prosessar - og rutiner, og skal gje leiistarstøtte ute i tenestene på desse områda.

HR skal koordinere det overordna arbeidet med kompetanseutvikling og- styring.

HR skal levere strategiske beslutningsgrunnlag til kommunedirektøren, innafor avdelinga sine fagområder.

Organisasjon og utvikling

Organisasjon og utvikling har omfatta utvals sekretariat, IT, dokumentsenter, dialog og kvalitet. Avdelinga har gjennom omstillingsprosessen i Bjørnafjorden 22 blitt lagt ned, og funksjonane er overført til andre avdelingar i Stab og til sektor Samfunnsutvikling.

Utvikling og utfordringar

Økonomiavdelinga

2021 har vore eit travelt år for økonomiavdelinga m.a. på grunn av kommunesamanslåinga som har kravd mykje arbeid også i 2021. Ikkje minst var rekneskapsavslutninga for 2020 krevjande, der data frå to balanser måtte gjennomgåast og ryddast i samtidig som det blei innført nye rekneskapsforskrifter. Nye rapporteringsrutiner er innført ved at einingane frå 2021 skal rapportere i Framsikt. Avdelinga har også arbeidd mykje med prosjekt B22 (på fleire nivå), bygging av ny organisasjonsstruktur i datasistema og konkurranseutsetjing pensjon. I samband med innsparingskrava i prosjektet BF22 har avdelinga fått eit måltal om å redusere tilsette med 1 årsverk samt seie opp avtale om gjeldsrådgiving. Ut over dette har økonomiavdelinga sett 1 årsverk vakant (innkjøp).

HR avdelinga

HR avdelinga har siden etableringa hatt to fokusområder i omstilling; reduksjon i årsverk og nye arbeidsmodellar for tenesteleveransar. Reduksjon i årsverk er knytt til måltala for BF 22 og var for HR avdelinga 7 årsverk. Hausten 2021 og fram til Q1 2022 har HR redusert med 9 årsverk.

I omstillingsprosessar vil det alltid vera ein risiko for lekkasje av nøkkelkompetanse, og naturleg nedgang som følge av at tilsette orienterer seg mot andre arbeidsgjevarar. Dette har ein sett gjennom heile BF 22 prosjektet og for HR er utslaget eit stort nedtrekk i ressursar og dermed svært redusert handlingsrom.

Omstillingsarbeidet for avdelinga har derfor starta med å identifisere arbeidsmodellar som passar til ansvarsoppgåver internt og behovet i organisasjonen. Paralellt har arbeidet vært, og blir framleis i 2022, å finne det tenestenivået ein kan halde ut frå ressursbehaldninga.

Gjennom kommunesamanslåinga har ein ikkje i stor grad vurdert arbeidsmodellar internt, eller utgreid kor oppgåvene totalt sett bør bli løyst, eller på kva for nivå. Dette gjer at ein i omstillingsprosessane knytt til økonomisk nedtrekk har handlingsrom på utviklingssida.

Hausten 2021 starta ein arbeidet med å legga til rette for ein meir universell arbeidsmodell på drift og identifisere behov og nivå for rådgjevingsoppgåver innafor HR faglege tema.

Med bakgrunn i nye rammebetingelsar, auka endringstakt og eit stadig meir komplekst arbeidsfelt vil HR avdelinga sine oppgåver bli meir spesialiserte. Ein felles utfordring er at ein må sjå på organisasjonen under eit for å løyse driftsoppgåver i andre ledd, på meir effektive måtar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
15-Rådmannens stab	12 664	10 292	8 743	-1 549	-17,7 %
16-Økonomi	11 483	9 736	10 262	527	5,1 %
17-HR	48 294	42 977	37 653	-5 324	-14,1 %
18-Organisasjon og utvikling	22 151	23 109	21 815	-1 294	-5,9 %
Sum	94 592	86 113	78 473	-7 641	-9,7 %

Kommentar til status økonomi

Stab kjem dessverre ut med eit relativt stort meirforbruk i 2021. Avviket har vore varsle gjennom året. Mykje av meirforbruket kan relaterast til meirutgifter til IT (programvare, infrastruktur, sikkerheit m.v.) og gjeld heile organisasjonen. Pandemien har medført auka utgifter til å gjere organisasjonen i stand til å arbeide digitalt frå heimekontor. Utgiftene har nok vore for lavt budsjettert i 2021 og er auka noko i

budsjettet for 2022 ved omprioritering innafor ramma. Manglande oppfylling av innsparingskrav på 1,5 mill. kr knytt til innkjøpsavtaler er ei anna viktig årsak. Innsparingskravet er budsjettert på Stab, men gjeld heile kommunen. Kommunen har i dag innkjøpsavtaler på dei fleste områda, og nye konkurransar medfører som regel ikkje i lavere priser enn før, (ofte tvert i mot) sjølv om prisane sannsynlegvis er lavere enn om vi ikkje hadde brukt konkurranse som virkemiddel.

Status målsettingar

- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Oppetid på alle IT-systemer (utstyr, nettverk m.v.)	100,0 %		
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Utarbeide plan og strategi for standardisering av IT-løysinger	Gjennomført		
Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Andel politiske møter som blir gjennomført digitalt	33,0 %		
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Aktiv rekrutteringsstrategi resulterer i auke i tal søkerar per faste sjukepleiarstilling i institusjon og leiarstillingar i skule	20,0 %	0,0 %	!
		Andel tilsette som får tilbod om medarbeidarsamtale	100,0 %	0,0 %	!
		Bjørnafjorden som lærebodrift - samla tal lærlingar	20,0	37,0	✓
		Det er gjennomført årleg vernerunde i alle einingar	100,0 %	30,0 %	!
		Heiltidskultur blir mål gjennom gjennomsnittleg stillingsstorleik	85,0 %	79,0 %	-
		Samla sjukefråvær (korttid og langtid)	7,0 %	9,7 %	!
		Svarprosent på 10 faktor medarbeiderundersøkinga	75,0 %	0,0 %	!
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester				

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

Prioritet	Bjørnafjorden 2020	Bjørnafjorden 2021	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	4 918	3 520	3 900	4 483

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Status
Rådhuset - ombygging	11 300	11 801	1 300	1 277	Ikkje vurdert
Sum	11 300	11 801	1 300	1 277	

Statustekst investeringar

Rådhuset - ombygging

Sluttarbeid er utført.

Oppvekst

Skildring av tenesta

Tenesteområdet består av barnehage, skule, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Førebyggande helsetenester (jordmorteneste, helsestasjon og skulehelseteneste) og Barneverntenesta.

Vi har 23 barnehagar (8 kommunale og 15 private), 17 skular (14 kommunale barneskular og 3 private barneskular, 3 kommunale ungdomskular). I tillegg kjem Bjørnafjorden vaksenopplæring og Bjørnafjorden kulturskule.

Bjørnafjorden sin misjon er «Det gode liv for alle» og visjonen «eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping». Hovudprioriteringar, mål og satsingsområde er knytt til dette og til Strategidokumentet for bygging av Bjørnafjorden som fortsatt gjeld i 2021.

Vi gir treffsikre tenester til barn, unge og deira familiar gjennom tidleg innsats og førebygging.

Utfordringar:

Press på tenestene – vekst i samansette hjelpebehov, fleire barn og unge opplever därleg psykisk helse. Utanforskap blant barn og unge påverkar folkehelse og livskvalitet. Stram økonomi.

Mål:

- Førebygge utviklings- og helserelaterte vansker hos barn og unge
- Alle barn og unge skal ha gode oppvekstmiljø som
 - fremmar helse, trivsel og læring
 - gir meistring, tryggleik og anerkjenning

Strategiar for å nå mål:

Området nyttar seg av følgjande strategiar for å nå måla:

- Vi legg til rette for trygge og utviklende oppvekstmiljø i eit samarbeid mellom tilsette, barn, ungdom, familiar og eksterne samarbeidspartar
- Vi er fleksible og skapar god samanheng i tenestene
- Vi utviklar eit heilsakleg barnehage- og skuletilbod med tilpassa fagtenester
- Vi er utviklingsorientert og nyttar forskingsbasert kunnskap og metodar
- Vi held fast ved satsingar over tid
- Vi har gode barnehage- og skulebygg og uteområde/nærmiljøanlegg som fremmar leik, læring og trivsel og bidreg til god folkehelse.

Utvikling og utfordringar

Året har vore prega av Covid-19. Vi har stort sette drifta på gult nivå innan barnehage og skule. Det har i det store og heile vore stabile rammer for barnehagebarn og elevar. Tilsette har gjort ein formidabel innsats for å sikre dette. Det har vore store utfordringar med pandemihandtering og høgt fråvær. På fritidsarenaer har det vore omfattande restriksjonar gjennom året.

Til tross for koronarestriksjonar har vi hatt ordinær drift i PPT, barnevern, jordmorteneste/ helsestasjon- og skulehelseteneste, kommunepsykolog/ Familieteam og Meistringsteam, men vi har hatt krevjande situasjoner som er nærmere gjort greie for under det enkelte område.

Det har vore stort trykk på tenestene på alle nivå. Vi er uroa for slitasje på eigne tilsette både i barnehage, skule, helsestasjon/skulehelseteneste/ jordmorteneste, PPT, barnevern og i andre utøvande tenester. Dette har samanheng med den ekstraordinære situasjonen dei tilsette har stått i over tid. Det har vore stor vilje til ekstra innsats, ein har vore kreative i organisatoriske løysingar og det har vore stor utvikling i bruk av digitale løysingar. 2021 har vore eit særskilt krevjande år for alle tilsette og det er nødvendig med ekstra fokus på oppfølging av den enkelte medarbeidar og arbeidsmiljøet framover.

Oppvekst - Fagstab og felles satsingar

Fagstab felles satsingar har vore i endring i 2021, og frå 2022 vil kommunepsykologane, tilsette i Meistringsteam og ungdomskonsulent vere organisert i Familiens hus.

Kommunepsykologane og Familieteamet har hatt ordinær drift med fysisk oppmøte. Det har vore stor pågang av kliniske enkeltsaker. Det er sannsynleg at pandemien har effekt her. BUP har og hatt stort press og lengre ventetid enn normalt. Psykiske helseplager hos barn og ungdom, trivsel og utfordringar på skulearenaen samt utfordringar i forelderrolla har vore dei vanlegaste årsakene til kontakt med kommunepsykologane. Det er vanskeleg å rekruttere psykologar og det har vore ei ledig stilling over tid, noko som har påverka kapasiteten. Grunna prioritering av hastesaker har det vore fleire veker ventetid for dei fleste saker, og i nokre saker 2-3 månader. Dette er utfordrande med tanke på at ein ønsker å komme tidleg inn i ei problemutvikling for å førebyggje større vanskar.

Prosjektet «VERD-SETT – saman om livsmeistring og fråværsførebygging» er godt i gang. (Del av nasjonalt program for folkehelsearbeid i kommunane). Det overordna målet med prosjektet er at vi jobbar saman på barn og unge sine oppvekstarenaer for å styrke meistringsevne og psykisk helse, og for å auka nærvær og førebygge utanforskap. Vi har etablert eit godt samarbeid med forskingsmiljøa Norce og KoRus. Vi skal utvikle kunnskapsbaserte og universelle lokale tiltak gjennom prosjektet og alle tiltaka skal evaluerast. Det er planlagt/igangsett delprosjekt knytt til:

- arbeid med nærvær/fråvær i barnehage og skule
- bruk av ressursteam i barnehage og skule for å sikre tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og likeverdige tenester
- oppfølging av UngData undersøkinga saman med ungdommane og vidareføre resultata frå UngData undersøkinga inn i ungdomsarbeidet
- bygge kompetanse hos tilsette gjennom plan for kompetanseheving i tett samarbeid med praksisfeltet og fagtenestene.
- Livsmeistring i barnehage og skule – kva så? Kopla mot Rammeplan for barnehagar og i overordna del i LK20

Meistringsteamet har hatt oppfølging av både enkeltelevar og grupper gjennom året. Teamet har etablert tettare samarbeid med viktige samarbeidspartnarar. Tilsette i mesistringsteamet har i tillegg til det utøvande arbeidet på skulane, hatt vakter på Ung Arena. To tilsette i MT har bidratt i arbeidet knytt til sinnemestring, eit arbeid som både er tverrfagleg og som går på tvers av einingar, samt halde TERMA-kurs (Terapeutisk meistring av aggressjon) for tilsette i kommunen.

SLT (samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak): Det er gjennomført 14 møter i SLT modellen. 6 møter på utførande nivå (dei som arbeider direkte med barn og unge), 6 møter på koordinerande nivå (leiarar og mellomleiarar) og 2 møter i politiråd (styringsgruppa til SLT. Leiinga i kommune og politi). Erfaringa viser at bruk av SLT-modellen i vår kommune bidrar til å koordinera ulike

aktørar i kommunen, politi, lag og organisasjonar slik at alle veit kva som rører seg og kan arbeide mot same mål. SLT-koordinatoren skal koordinere, identifisere problemområde, formidla kunnskap, vere bindeledd mellom nivåa og initiera tiltak saman med andre.

Ung Arena har hatt ope måndagar og onsdagar stort sett heile året, men unntak av periodar med strenge kommunale/regionale restriksjonar. Det har også vore tilbod i alle skuleferiar, bortsett frå juli månad då vi var feriestengt.

Hjelpetilbodet (lågterskeltilbod for ungdom) har vore ope i Ung Arena sine lokale, og i tillegg har det vore mogeleg å ha samtalar med enkelte fagtenester på digitale plattformar i Ung Arena si opningstid. Dette har ikkje vore nytt. Helsestasjon for ungdom har hatt ordinær opningstid heile året.

Det er ikkje tilsett i 50% stilling (ekstra løvving i budsjett 2021) som ressurs på Ung Arena og Fjorden Arena. Dette har samanheng med nedtrekka som skal gjerast samla sett i kommunen og at det må vurderast om vi har aktuelle overtalige til stillinga. Hittil har det ikkje vore tilfelle. Vi arbeidar saman med Kultureininga, Bjørnafjorden KF, frivilligsentralen og andre lokale aktørar for å sikre at det vil vere aktivitet på Fjorden Arena framover.

Skular

Vi har 3426 elevar registrert i Bjørnafjorden kommune. Ved oppstart av nytt skuleår var det 30 fleire elevar enn året før. Vi har 392 elevar på 8. trinn. Dette er det største elevkullet vi har hatt. Vi har jamt over god kapasitet på barnetrinnet. Dei tre neste åra har vi utfordringar på ungdomstrinnet. Nye lokale i ny idrettshall ved Nore Neset ungdomsskule vil lette presset på denne skulen i denne perioden.

Frå hausten 2021 er ny finansieringsmodell teke i bruk ved alle skulene i Bjørnafjorden kommune. I finansieringsmodellen har skulane fått budsjettramme slik at dei kan dekke inn lærarnorma. Likevel har vi skular som strever med å fylle lærarnorma pga store vedtak §5-1 (spesialundervisning).

Det blir arbeida systematisk med å bygge «Bjørnafjorden skulane» og administrativ skuleleiing gjer eit omfattande arbeid med å sikre forsvarleg system gjennom få på plass felles system og rutinar som gjeld for alle skulane. Det blir samarbeida godt med rektorgruppa på dette feltet. I desember 2021 reduserte vi skuleadministrative stillingar med eit årsverk i samband med at assisterande fagsjef skule har gått over i annan stilling i Familiens hus. Ressursar til administrasjon i skulestaben er redusert med 2 årsverk i 2020 og 2021. Dette påverkar samla kapasitet i rolla som skuleeigar og leiarstøtte til rektorgruppa.

Vi er i ferd med å avslutte arbeidet med skulebruksplanen og ny forskrift om opptaksområde. Den kjem til politisk behandling våren 2022. Gjennomgang av skulane dei siste 10 åra viser nybygg/ombygging og at eldre bygg er godt vedlikehalde. Vi har få store utfordringar med skulebygga i kommunen, men fleire av uteområda treng oppgradering.

Satsinga politikarane gjorde i juni der vi fekk tilført 6,2 mill. til AV-utstyr, Chromebook, lærebøker og pedagogisk programvare har vore viktig. Skulane har ved hjelp av desse midlane kjøpt inn 44 nye store moderne digitale skjermar til klasserom, vi har totalt denne hausten kjøpt 985 Chromebook til elevane på barnetrinnet. I tillegg kjem maskiner til 392 nye 8. klassingar. Vi har hatt leveringsproblem men no er alt på plass på skulane. Når det gjeld programvare har vi satsa på Gyldendal skolestudio 1-7. Det er eit komplett læreverk for barneskulen. På ungdomstrinnet valde vi Aschehoug Univers 8-10. innhaldsplattform for ungdomstrinnet. Saman med støtte til innkjøp av lærebøker gjer dette skulane langt betre rusta innhaldsmessig. Vi har gitt tilbod om opplæring i programvaren for lærarane.

Chromebook	kr	2 000 000,00
------------	----	--------------

Utbytting chromebook	kr	1 000 000,00
AV-utstyr / Klassromsskjermar	kr	1 500 000,00
Programvare	kr	1 500 000,00
Lærebøker	kr	1 000 000,00
Tilsaman	kr	7 000 000,00
Midlar på budsjett	kr	800 000,00
Tilsaman	kr	6 200 000,00

Grunna manglande sikkerheitsoppdateringar på ein del eldre årsklassar av Chromebooks er IT-avdelinga tydelege på at vi må trekke inn eit stort tal maskiner som er i bruk i barneskulane. Desse må erstattast. Det er ikkje lagt inn budsjettmidlar til denne utskiftinga. Saman med innkjøp av nye maskiner til ungdomstrinnet blir dette ein betydeleg sum i 2022. Vi kjem tilbake til dette i tertialrapporteringa, men samla sett har vi berekna at er auka utgifter på nærmere 4,5 millionar.

Gjennom heile året har det vore arbeida med å implementere LK20 (Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020) i skulane ut i frå ein felles milepælplan med mål for kvart halvår. Det har vore utfordrande å driva samla utvikling når vi ikkje kan møtast og ha felles prosessar som følgje av koronasituasjonen. Vi har brukt noko lengre tid enn planlagt, men likevel hatt god progresjon i arbeidet. Skulane har jobba grundig med felles oppgåver i tillegg til å ha fokus på særskilte område ved eigen skule. Vi har gjennomført digital fellessamling med hovudfokus på heilskapleg undervisningsplanlegging.

Tilstandsrapport 2020/21 - barnehage og skule blei behandla politisk i oktober/november 2021. Politikarar, administrativ skuleeigar og den enkelte barnehage og skule har eit felles ansvar for å vurdere og følge opp kvaliteten og resultata. Det er utfordrande å rapportere på resultat i oktober/november når nye tal kjem i slutten av november kvart år. Det opplevast kunstig å leggje fram tal som allereie er gamle. Vi vel difor å leggje fram Kvalitetsmelding for 2021 før sommaren 2022, slik at vi viser til ferskare tal. Det vil vera noko overlapping i første runde, før rapporteringa går som planlagt. I meldinga vil vi rapportere på tilstanden innan resultat, læringsmiljø og gjennomføring.

Nasjonale prøver: Dei nyaste resultata på nasjonale prøver visar ei betring på alle områder. Sjølv om vi ser ei betring på resultata på lesing er det framleis ei utfordring knytt til svake resultat. Vi er ikkje nøgd med resultata og held fram med felles arbeid på skulane knytt til korleis vi kan endre/betre desse. Vi har fire skular som er med i den nasjonale satsinga «Inkluderande skolemiljø» og tre skular som er med i arbeidet «Vurdering for læring». Vi held fram med nettverk «Begynnarpoplæring» og utvikling av felles leseutviklingsplan. Vi har mål om at leseplan for skulane i Bjørnafjorden kommune skal kunne takast i bruk hausten 2023. Som det kjem fram av Tilstandsrapporten blir det arbeida godt med skolemiljøet og jamt over har vi gode resultat på elevundersøkinga når det gjeld trivsel og tryggleik, men vi er ikkje gode nok på elevmedverknad og praktisk og variert undervisning. Vi har låge mobbeltal, men vi presiserer at vi har nulltoleranse for mobbing, og heile tida arbeidar for at alle elevane våre skal ha det trygt og godt på skulen.

Overgangsplan barnehage og skule i Bjørnafjorden kommune er tatt i bruk. Vi jobbar med å gjøre planen tydelegare på enkelte områder ved til dømes utarbeiding av årshjul. Vårt mål er at alle overgangar for barn og unge skal skje på best mogleg måte. Om det er frå barnehage til skule, eller om det er frå ungdomsskule til vidaregåande, har alle rett på å bli godt teke i vare.

Vi har komplekse fråværssaker på ungdomsskulane, men også på barnetrinnet. Skuleadministrasjonen samarbeider tett med skulane, og satsinga på nærværarbeidet i skulane held fram mellom anna ved

bruk av SIM-permen (Sjåast i morgen) for systematisk registrering, oppfølging og tiltak. Fråvær/nærvær er ein del av VERD-SETT.

Skulefritidsordninga er ein del av kvardagen for elevane våre og difor har vi fokus på å skape god kvalitet. 01.08.21 kom det ny rammeplan for SFO. For å implementera denne hadde skuleeigar felles samling for alle assistenter, fagarbeidrarar og avdelingsleiarar i november. Rammeplanen har hovudfokus på verdigrunnlaget og at barndommen sin eigenverdi, tel mest. Barna skal vera ein del av eit mangfald. Eit viktig fokus på SFO er: "Barn leker for å leke, og lærer gjennom lek".

Barneverntenesta

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlek og forståing og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår (jf. Lov om barneverntester § 1-1).

Førebuing til Barneverns- og oppvekstreforma har prega barnevernet sitt arbeid i 2021. Det har vært gjennomført eit stort kartleggingsarbeid internt i kommunen for å forberede reforma. Dette har resultert i tre delrapportar som blir presentert saman med tilstandsrapporten for barnevern 2021. Denne kjem til politisk behandling 1 tertial 2022.

Barnevernstenesta har mange alvorlege saker som omhandlar vald, overgrep, skadeleg seksuell åtferd mellom barn, samt alvorlege saker knytt til rus og psykisk helse hos foreldre. Utviklinga på barnevernsfeltet er at det er fleire foreldre og barn som ønsker hjelp, særleg til å finne ein ny omsorgsbase til barna. Fleire barn slit med psykiske vanskar eller rus og åtferd. Det er viktig at vi saman aukar fokuset på tidleg innsats og førebygging og etableringa av Familiens hus skal hjelpe oss med dette. Det er ein tendens til at familiar treng meir og omfattande hjelpetiltak for å snu ei negativ utvikling og det er særleg knytt til denne gruppa at kostnadane blir høge. Sakene er komplekse og disse familien har behov for omfattande bistand både frå barneverntenesta, andre einingar i kommunen og andre offentlege instansar. I nokre tilfelle kan hjelp i heimen vere ein avgjerande faktor for at barnet ikkje må flytte ut.

Førebyggande helseteneste

Førebyggande helseteneste sitt mandat handlar om å fremme folk si helse - både psykisk og fysisk, redusere risiko for sjukdom og bidra til at helsa er ein positiv ressurs i kvardagen for den enkelte - gjennom heile livet. Førebyggande helseteneste utgjer grunnmuren i det førebyggande arbeidet for gravide, barn, unge og foreldre.

Førebyggande helseteneste møter alle barn og unge i Bjørnafjorden kommune gjennom faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid. Vi tilbyr jordmortenester både i svangerskapet og i barseltida, og har helsestasjon på begge sider av fjorden. I tillegg er vi til stede på alle skulane i kommunen, både i grunnskule og vidaregåande opplæring. Flyktninghelsetenesta tilbyr tenester til flyktningfamiliar i kommunen.

Det er fødd 283 (280 SSB) nye Bjørnafjordingar i 2021, 29 i indre Bjørnafjorden og 254 i ytre Bjørnafjorden. Dette er det høgaste fødselstalet sidan 2017.

Gjennom midlar frå statlege satsingar på helsefremmande arbeid har vi mellom anna fått til eit tettare samarbeid med barnehage gjennom ressursteam og ei tettare oppfølging av dei mest sårbarane familiene gjennom "Trygg start".

Jordmortenesta tilbyr «jobb-jordmor» for gravide som arbeidar i kommune. Dette er nærmare omtala under Medarbeidarkapittelet.

Vi har hatt fleire vakante stillingar og ikkje fått kvalifiserte søkerar ved utlyning. Dette har ført til nedtrekk i dei ulike tenestene våre og stort arbeidspress på tilsette. Mangel på sjukepleiarar / spesialsjukepleiarar, inkludert jordmødre og helse-sjukepleiarar, er eit varsla nasjonalt problem og mangelen vil auke framover ifølgje Statistisk sentralbyrå. Arbeidet med å rekruttere kvalifisert personell til stillingar i Førebyggande helseteneste held fram, og er viktig å få på plass for at vi skal klare å utføre lovpålagte tenester og driftet tenesta i tråd med nasjonale føringar.

Langtidssjukemeldingar og jordmormangel har gjort det utfordrande å tilby jordmortenester lokalt i Eikelandsosen i 2021. Alle gravide har derfor fått tilbod om svangerskap- og barseloppfølging frå Osøyro næjordmorsenter for å sikre forsvarleg drift og best mogeleg bruk av samla ressursar i tenesta.

Førebyggande helseteneste har sidan 2013 fått tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke tenesta. I 2021 fekk vi tildelt midlar for 2021- 2023, men midlane blir redusert for kvart år og gjer at vi stadig må trekke ned årsverk for å driftet innanfor budsjett. I 2021 trakk vi ned 0,7 årsverk frå august 2021, og vi må ytterlegare trekke ned 0,75 årsverk i 2022.

Vi har hatt ordinær drift i Førebyggande helseteneste i 2021, men vi har i periodar hatt strenge smitteverntiltak. Alle konsultasjonar er blitt gjennomført individuelt og gruppetilbod er satt på vent grunna krav om avstand, jamfør nasjonale føringar. Dette gjeld både grupper på helsestasjonen og Foreldreførebuande kurs. Barselkvinner og nyfødde blir som følge av pandemien skrevet tidlegare ut frå KK, noko som fører til meirarbeid på næjordmorsenteret.

PPT

PP tenesta leverer spesialpedagogiske tenester til alle offentlege og private barnehagar og skular i kommunen. Oppgåvene er knytt til kompetanseheving, organisasjonsutvikling og individuelle sakkunnige vurderingar. Tenesta samarbeider tett med barnehage- og skuleeigarar samt dei andre fagtenestene knytt til overordna satsingsområde og for å sikre heilsakaplege tenester. I koronaperioden har vi som erstatning for fysiske kurs utarbeidd digitale kompetansepakkar innan ulike emne som er tilgjengeleg for tilsette i barnehagar og skular.

PP-tenesta har dette året jobba systematisk med å endre arbeidsmetodar samt tilpasse tilbodet betre til barnehagar og skular. Vi har veklagt utvikling av systemarbeid for å bidra til å styrke det allmennpedagogiske barnehagetilbodet og tilpassa opplæring i skulen. Blant anna har vi satsa på lågterskelttilbod i barnehagane, tidleg intervension og rettleiing i bekymringsfasen før tilvising frå skulane samt eit breitt kompetansehevingstilbod. Det siste er også tilgjengeleg digitalt.

Det er gjort ei intern omorganisering på PPT for å styrke fagfellesskapet på tvers av dei interne avdelingane. Dette har ført til at vi per årsskiftet ikkje har ventelister til logopedhjelp.

Barnehagar

Tenesteområdet omfattar alle private (16) og kommunale (8) barnehagar. Barnehagesektoren er regulert av [Lov om barnehagar](#) med forskrifter.

Alle kommunar har rolle som barnehagemynde for alle barnehagar. Bjørnafjorden kommune har 8 kommunale barnehagar og er difor og barnehageeigar. Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehager når den utfører oppgaver som barnehagemyndighet. Kommunen skal organisere oppgavene den har som barnehagemyndighet, adskilt fra oppgavene den har som

barnehageeier når dette er egnet til å ivareta tilliten til kommunens upartiskhet som barnehagemyndighet, jf. barnehageloven § 11.

I samband med etablering av Bjørnafjorden kommune har vi gjort tydelege rolleavklaringar mellom barnehagemynde og barnehageeigar. Bjørnafjorden blir trekt fram som døme på god rolleavklaring av Statsforvaltaren i Vestland og vi får fleire henvendingar frå andre kommunar for å dele våre erfaringar.

I 2021 har vi redusert administrative stillingar på barnehageområdet med 1 årsverk (merkantil stilling). Dette medfører omprioriteringar og fleire «driftsoppgåver» til dei som er igjen på barnehageområdet; faktura behandling, betalingsavvik, refusjonskrav, vedtak om redusert foreldrebetaling, godkjenning av søknader, kontantstøtterapportering, arkivering, personalmeldingar, saksbehandling, telefon/kundeservice og innkjøp.

Det er levert tilstandsrapport for barnehagane til politisk behandling i oktober. Tilstandsrapporten er ein felles rapport for barnehage og skule og målet er å vise den rauden tråden i oppveksten til barna. "Alle barn er våre barn" er sentralt for alle tilsette som arbeider i oppvekstfeltet.

Hausten 2021 gjekk det 1422 barn i barnehagane i Bjørnafjorden kommune. I kommunale barnehagar gjekk det 329 barn og i private barnehagar gjekk det 1093 barn. Barnetalet har dei siste åra vore synkande og det er overkapasitet av barnehageplassar. Det er nedgang på 41 barn frå året før. Fleire barnehagar, både kommunale og private, har tilpassa drifta til nye barnetal.

I felles møtepunkt er det jobba med oppvekststrefor, omorganisering av oppvekst, kompetanseløftet, betre tverrfagleg innsats, overgangsplanen mellom barnehage og skule, verdsett, foreldreundersøkinga og barnet si stemme i alle saker der barna er involvert. Dei fleste møtepunkta har framleis vore digitale, men ein har også fått gjennomført ein del fysiske møter hausten 2021 som til dømes forvaltningsmøte, pedagogsamlingar, oppvekstleiarmøte og styrarmøter.

Det var gjennomført skriftleg tilsyn med alle barnehagane i juni 2021. Barnehagemynde har gjennomført 3 stadlege tilsyn hausten 2021. Det blei ikkje avdekka lovbroter under tilsyn.

Det er gjennomført tilsyn om miljøretta helsevern i Trollskogen barnehage, Jettegryto barnehage (midlertidige lokalar), Holdhus barnehage, Søre Fusa barnehage og Lysekloster barnehage (utviding av barnehagen). Alle dei kommunale barnehagane er no helseverngodkjent.

Vatn-tilvenning: Via statsforvaltaren Vestland kan kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar som ønsker å drive symjeopplæring i barnehagen i alderen 4-6 år, søkje om tilskot for eitt kalenderår om gongen. Tilskotet skal bidra til å gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehage tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn.

I Bjørnafjorden er det 12 barnehagar som har mottatt tilskot til denne ordninga. På grunn av Covid- 19 så var ikkje alle opplegga gjennomførbare, difor har vi fått overført ein del av desse midlane til våren 2022.

Dei kommunale barnehagane i Bjørnafjorden har valt å drive med vatn tilvenning for dei eldste barna i sjø, og opplegget baserer seg på opplæringa frå svømmedyktig.no. Bjørnafjorden kommune har kjøpt inn våtdrakter til 4- og 5 åringer samt til vaksne slik at ein kan drive med vatn tilvenning uavhengig av årstid.

Kommunale barnehagar:

Felles leiing for dei kommunale barnehagane er sentralt når vi skal "bygge" Bjørnafjorden-barnehagane. Denne funksjonen er tett på barnehagane slik at dei dreg i same retning i forhold til fagleg utvikling og målstyring. Felles leiing er viktig i forhold til oppfølging i dagleg drift, og for at barnehagane skal drive effektivt og halde budsjett etter tal barn og tilsette. Det er store svingingar i tal barn i kommunale barnehagar og difor svært viktig at vi ser heile den kommunale drifta under eitt.

I arbeidet med å bygge Bjørnafjorden barnehagane har vi spesielt hatt fokus på følgjande dette året: Årshjul for pedagogisk arbeid med 5 åringane før skulestart. Årshjulet er bygd opp med fokusområde ut i frå leikbasert læring som er eit forskingsbasert opplegg som er utvikla gjennom eit samarbeid mellom barnehagelærarar og forskrarar. Leikbasert læring er ein kombinasjon av fri leik og leikbaserte læringsaktivitetar tilrettelagt av vaksne. Studiar viser at det er slik barna lærer best. Årshjulet er tatt i bruk i alle dei kommunale barnehagane.

Alle tilsette har arbeida med verdiane til Bjørnafjorden kommune og alle barnehagane har laga ein plakat som seier «kva gjer vi» og «kva gjer vi ikkje» knytt til alle verdiane.

Dei kommunale barnehagane har fått på plass eit heildigitalisert HMS system som er tilpassa den daglege barnehagedrifta. Dei jobbar systematisk med rutinar, risikovurderingar og registrering av avvik. Barnehagane jobbar systematisk med eit trygt og godt barnehagemiljø, og foreldreundersøkinga viste at dei er gode på relasjonsarbeid.

I 2021 vart vedtekene for kommunale barnehagar endra, slik at dei no kun tilbyr 100 % plassar. Dei barna som hadde redusert plass, fekk framleis oppretthalde den reduserte plassen.

I 2021 vil vi spesielt trekke fram følgjande utfordringar i kommunal drift: Det har vore stort press på tenestene pga. av høgt fråvær. Det er utfordrande å få tak i vikarar i barnehagane, og det er vanskeleg å få kvalifisert arbeidskraft i vikariat. Som følgje av dette måtte vi i 2021 søkje om dispensasjon frå utdanningskravet i to barnehagar. Det er behov for at barnehagane kan bli del av ein communal bemanningssentral. Dette håpar vi å kunne arbeide vidare med i 2022.

Barnetalet går ned. Det er vanskeleg å fylle opp dei små barnehagane med nok barn. Det er utfordrande å regulere tal tilsette etter tal barn i dei små barnehagane på grunn av lav sokarmasse. Dette generer auka tilskot til private barnehagar pga. større vaksentettleik. Frå 2022 styrar vi samordna opptak i dei kommunale barnehagane utifrå tal tilsette. Det betyr at vi ikkje tar inn barn ut i frå areal, men etter tal tilsette. Jettegryto barnehage kan ta inn barn etter areal for å sikre at «rettighetsbarn» får plass på Fusa sida (jamfør §16 barnehagelova). Ved å gjennomføre samordna opptak på denne måten vil kommunen unngå å ha fleire kommunale barnehagar med ledig kapasitet. Målet er å ligge på bemanningsnorm 6,0 i alle dei kommunale barnehagane. Administrasjonen skal vektlegge brukarane sine ønskjer og behov, jamfør §17 Barnehagelova og vi er i dialog med føresette som ikkje får oppfylt førstevalet.

Det er ein del avvik på bygg og uteområde på grunn av slitasje. Fleire avvik blir ikkje lukka på grunn av at det ikkje er budsjett til vedlikehald. Dette går ut over tryggleiken til barna og dei tilsette er uroa. Alle kommunale barnehagane scorar under 4 på uteområdet i foreldreundersøkinga 2021. Dette må vere med som moment når det skal prioriterast vedlikehald i kommunale bygg og uteområder.

Bjørnafjorden 22

Innsparingskravet (B22) for Oppvekst er 14 685 000. Samla budsjett 2021 er redusert med denne summen. Vi har klart å realisere planlagde tiltak med nokre unnatak:

- Nedtrekk for Barnevern gjennom reduksjon av ekstern rettleiing er ikke realisert. Utgjorde ca. 360 000.
- Området har lagt inn nedtrekk i samband med omorganisering av reinhald i barnehage og skule på Fusa-sida. Dette arbeidet har stoppa opp fordi det skal sjåast i ein større samanheng. Var stipulert til 300 000.
- Eit av sparetiltaka er samarbeid på leiarnivå mellom Holmefjord barnehage og Nore Fusa skule. Etter nærmare vurdering av tiltaket kan vi ikke ta ned administrasjon pga samla ta barnehagebarn og elevar. Med bakgrunn i ny vurdering blei ikke nedtrekket på 200 000 realisert. Det er etablert eit samarbeid mellom barnehage og SFO om morgonen og ettermiddagen. Dette tiltaket har ikke ført til sparte kroner, men Nore Fusa SFO klarer å tilby eit fullverdig tilbod. Det er også etablert eit tettare samarbeid mellom rektor og styrar når det gjeld oppgåver knytt til bygg, og samarbeid på tvers i forhold til den raude tråden 0- 13 år.

Som ledd i B22 er det arbeida med å organisere PPT, Barnevern, Førebyggande helse, kommunepsykologar, Mesistringsteam og ungdomskonsulent i Familiens hus. Gjennom ny organisering skal vi sikre betre koordinerte tenester for brukarane og unngå dobbeltarbeid. Hausten har vært nytta til å arbeide saman med tilsette, leiarar, tillitsvalde og verneombod for å finne gode og berekraftige løysingar for framtida. Ny organisering trer i kraft 01.01.22. Som følge av ny organisering har vi allereie redusert 2 årsverk gjennom bruk av sluttspakkar. Desse får effekt i stillingsbudsjettet første tertial 2022.

Det er gjennomført fleire større endringsarbeid gjennom B22. Mellom anna Treffsikre tenester i barnehagane (§37 i barnehagelova), organisering av ungdomsarbeid og meistringsteam, likeverdige tenester i skulene, ny organisering av velkomstklassen. Desse endringsarbeida har påverka organisering i Familiens hus og det blir tatt ut økonomiske gevinstar som bidrar til nedtrekk i 2021 og i 2022.

Årsverk Oppvekst 2020 - 2021

Årsverk og tal på tilsette - sektorvis 2020, 2021			
Årsverk - Fast tilsette			
Sektor	2020	2021	2022
Oppvekst	585,81	589,23	

Tal på tilsette - Fast tilsette			
Sektor	2020	2021	2022
Oppvekst	664	665	

Oppvekst har økt med 3,42 årsverk fast tilsette fra 31.12.20 – 31.12.21. I denne perioden har vi fått overført 2,5 årsverk, ungdomskonsulent, 50% erfaringskonsulent og SLT-koordinator, frå Helse og velferd til Oppvekst.

Vi har redusert skuleadministrasjonen med 2 årsverk i 2021, men den siste reduksjonen som er assisterande fagsjef skule går ut 01.01.22. Tidlegare fagsjef skule har gått ut av stillinga (i 2020) og er per no lønna 10% av kommunen, men ligg inne i stillingsbudsjettet og vi får refundert resterande lønsutgiftene frå eksterne. På barnehageområdet har eit årsverk merkantil stilling hatt permisjon utan lønn i 2021. Stillinga er frå 01.01.22 tatt ut av stillingsbudsjettet. Vi har ikke tatt i bruk 50% stilling til ungdomsarbeidet i påvente av tilgang av overallige ressursar, men denne ligg inne i budsjetttramma.

Det er innvilga 3 sluttspakkar på Oppvekstområdet. To av dei vil medføre reduksjon i stillingar med effekt i 2022. Vi får dette til som følgje av ny organisering i Familiens hus og tverrfagleg og samkøyrt ressursbruk. Den siste stillinga blei innvilga for å gi rom for overtalige frå andre stader i organisasjonen og har ikkje effekt på årsverk i Oppvekst.

Vi har hatt vakansar i fleire stillingar i 2021, men stillingane ligg i budsjettet. Døme på dette er kommunepsykologstilling. Det er små endringar i årsverk på PPT, Barnevern og Førebyggande helse i 2021, men vi har tatt ned ”DUÅ-ressursar” i tråd med nedtrekk i B22. Førebyggande helseteneste har sidan 2013 fått tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke tenesta. I 2021 fekk vi tildelt midlar for 2021-2023, men midlane blir redusert for kvart år og gjer at vi stadig må trekke ned årsverk for å drifta innanfor budsjett. I 2021 trakk vi ned 0,7 årsverk frå august 2021, og vi må ytterlegare trekke ned 0,75 årsverk i 2022.

På skuleområdet har vi etablert ein ny skule dette året noko som har bidratt til fleire leiariårsverk i skule. Leiarteamet på Borgafjellet barneskule har auka og leiarteamet på Os barneskule har gått ned. Samla har vi hatt ei auke med 2 avdelingsleiara.

Vi har hatt ein auke i elevtal i skulane på + 30. Ut frå GSI har vi 1 kontaktlærar meir i 2021. Vi har samanlikna GSI-tala (grunnskulens informasjonssystem) og årsverktal frå HRM (Personaldatasystemet) og tala stemmer ikkje overeins. Vi må analysere dette nærmare.

På barnehageområdet har vi redusert tal tilsette som følgje av nedgang i barnetal, men p.g.a auka behov for vikarar har vi faste stillingar som fyller vikaroppdrag.

I 2021 har vi eksterne lønsmidlar i fleire faste stillingar. Døme på dette er tilskot til kommunalt rusarbeid der vi får delfinansiering på 530 604 til 50% erfaringskonsulent og 100% ungdomskonsulent. Gjennom VERD-SETT har vi fått 60% prosjektleiarressurs som blir dekka av eksisterande personale i kommunalsjefen sin stab (3-årig prosjekt frå 2021).

Utvalde resultat

Hausten -21 har kommunepsykologane i Oppvekst hatt særleg fokus på å styrke kontaktflata mot brukarar og samarbeidspartar. Frå 1.september er det oppretta eit eige telefonnummer med vaktordning. Her kan foreldre og ungdommar over 16 år ta direkte kontakt. Kvar 4. veke er det faste samarbeidsmøte mellom BUP, psykologane, PPT, barnevern og FHT.

I samarbeid med IT er det utvikla eit system for registrering av arbeidet i Familieteamet, slik at ein kan hente ut statistikk over mellom anna talet på saker, type vanskar, ventetid og talet på samtalar. Hensikten med dette er både å gi oversikt over arbeidet i enkeltsaker, og å danne grunnlag for systemretta arbeid og utvikling av førebyggjande tiltak.

Ung arena læring (UAL) blei etablert hausten 2021, og er eit tilbod til elevar med bekymringsfullt skulefråvær. Det er individuelle behov som er styrande for aktivitetane ein driv, men hovudfokuset har vore å skape eit positivt innhald i dagane til elevar som ikkje klarer å gå på skulen.

På møteplassen Ung Arena har vi tatt imot eit avgrensa tal ungdommar (20 per dag p.g.a. Covid-19 restriksjonar i enkelte periodar). Vi har måtte avvise ungdommar som følgje av maksgrensa. I snitt er måltalet for 2021 om 20 ungdommar kvar gong nådd. I periodar med meir opning har det vore om lag 100 ungdommar til saman enkelte dagar.

Vi har hatt to ferie-arrangement utanom aktiviteten på Ung Arena, i samarbeid med Kultur/UKM: paintball, og rib-tur på fjorden. Her hadde vi til saman 70 plassar, og alle blei fylt opp. Vi har også hatt samarbeid gjennom året med INTRO DM der ungdommar har hatt tilgang til open hall i gymsalen på Os aktiv. Her har det jamt over vore god deltaking både på måndagar og onsdagar, i snitt 15 ungdommar per gong.

Open hall i Fjord'n Arena har vore gjennomført 10 gongar i løpet av 2021, 4 gongar i vår og 6 gongar i haust. Frå oktober har tilsette frå Helsestasjon for ungdom delteke når det er open hall, totalt 5 gongar. Dette er eit tilbod til ungdom i tillegg til det ordinære helsestasjon for ungdom-tilbodet ungdommar har på helsestasjonen og skulane i indre Bjørnafjorden.

Osøyro helsestasjon for ungdom har hatt ope to dagar i veka heile året utanom feriar.

UngData 2021 blei gjennomført i februar 2021. I år er første året vi får ei samla undersøking for Bjørnafjorden kommune. I tillegg er det i år det første året vi deltek i junior-undersøkinga (5.-7. trinn). Alle grunnskulane har delteke og 3 vidaregåande skular.

Barnetrinnet har ein svarprosent på 86 % (1029 elevar), ungdomsskulen 85 % (872 elevar) og vidaregående skule 69 % (689 elevar). Dette ligg ganske nært dei nasjonale tala for svarprosent. Ei arbeidsgruppe har analysert tala. Det skal vere ei stor konferanse som samlar fagfolk og ungdommar og som har fokus på oppfølging av undersøkinga i vår kommune. Den blei utsett frå haust 2021 til vår 2022 p.g.a. koronarestriksjonar. Fullstendige rapportar vedlagt lenkja: [Slik er det å vere ung i Bjørnafjorden - Bjørnafjorden kommune \(bjornafjorden.kommune.no\)](https://bjornafjorden.kommune.no)

Plan for overgangar barn og unge i Bjørnafjorden er teke i bruk i samband med nytt barnehage- og skuleår 2021/22.

Foreldreundersøkinga i barnehagar er gjennomført hausten 2021. Det var 20 barnehagar som gjennomførte undersøkinga. Bjørnafjorden kommune samla sett har gode resultat og har auka den samla scoren frå året før. Vi kjem nærmere tilbake til resultata av undersøkinga i tilstandsrapporten for barnehage og skule 2021.

Elevundersøkinga: viser gode resultat på trivsel og låge mobbetal. Vi kjem tilbake til resultata i Tilstandsrapport/Kvalitetsmelding for barnehage og skule.

Nasjonale prøver: Vi er ikkje nøgde med resultata. Siste resultat hausten 2021 viser betring frå året før, men fortsatt svake resultat på lesing. Vi kjem tilbake til resultata i Tilstandsrapport/Kvalitetsmelding for barnehage og skule.

Ny læreplan (LK-20) er teke i bruk i skulane.

Arbeidet med skule-nærvær: SIM-perm (Sjåast i morgen) er digitalisert og tilgjengeleg i Kvalitetssystemet.

Arbeidsgrupper i SFO jobbar med felles årsplan for alle skulane, idebank til aktivitetar og nettverksarbeid.

Satsinga politikarane gjorde i juni der vi fekk tilført 6,2 mill. til AV-utstyr, Chromebook, lærebøker og pedagogisk programvare har vore viktig. Skulane kjøp inn 44 nye store moderne digitale skjermar til klasserom, vi har kjøpt 985 Chromebook til elevane på barnetrinnet. I tillegg kjem maskiner til 392 nye 8. klassingar. Felles programvare er kjøpt inn for Barneskule og for ungdomstrinn. Saman med støtte til

innkjøp av lærebøker gjer dette skulane langt betre rusta innhaldsmessig. Vi har gitt tilbod om opplæring i programvara for lærarane.

Leksefri skule: vi har nokre utvalde skular/trinn som testar ut alternativ til lekse. Nokre skular testa ut leksefri på trinn (i hovudsak mellomtrinn/7.trinn). «Undervegsrapport» er lagt fram for ungdomsrådet og tenesteutvalet. Det blir evaluering av ordningane etter skuleåret 2021/22.

Digitale lenkjer på heimesida: på skuleområdet har vi digitalisert dei fleste skjema som føresette må signera på. På denne måten sparar vi miljøet, vi effektiviserer arbeidet og sikrar trygg lagring.

Ide-bank læringsverktøy: Vi har tatt i bruk Bjørnafjordpakken: ei digital side for elever, føresette og tilsette i Bjørnafjorden kommune. Her viser vi samla ressursar, idébank innan dei digitale verktøya vi bruker. Her er det lett å navigere og er ei god støtte for brukarar. Her finn vi nettsider som blir brukt i undervisning, og tips til blant anna nettsikkerheit.

SSB tal viser en negativ utvikling knytt til kor mange barn kvar kontaktperson i barnevernstenesta skal hjelpe. Talet er oppe i 26 barn per kontaktperson. Landsgjennomsnittet er på 19 barn pr. kontaktperson og anbefalt tal er 15. Dette viser at det også i andre kvartal er risiko for svikt knytt i lovpålagt oppfølging. Det stilles høge krav til relasjonsbygging, kompetanse og forvaltningsrett i barnevernsaker. Når saksbelastninga resulterer i så stor arbeidsmengde er det risiko for at tenesta, som har hatt lav turnover og sjukefråvær, kan miste dette fortrinnet. Dette må vi vere merksame på framover.

Barnevern: Målsettinga om å auke tal familieråd/nettverksmøter har vist seg vanskeleg å oppnå. Det har vært gjennomført fleire slike møter med familiar og nettverk, men vi ser at foreldre i liten grad ønsker å nytte seg av dette tilboden. Her har vi som kommune ein viktig jobb å gjere for å styrke nettverksarbeidet i kommunen.

Fleire elevar får tilfredsstillande læringsutbytte innanfor tilpassa opplæring gjennom systemretta samarbeid med skulane- tal tilviste elever på mellomtrinnet: Oppnådd resultat for 2021 er 45, medan måltalet var 50. Dett er positivt og viser at systemarbeidet har effekt. Det sakkunnige arbeidet er ein viktig del av PPT sine oppgåver knytt til sikring av enkeltelevar sine lovmessige rettighetar. Det er arbeida målretta og ein er blitt flinkare til å sjå individ og system i samanheng.

Tal tilvisingar på barnehageområdet: Talet visar tilbake på satsinga innanfor lågterskeltilbod og systemarbeid i bekymringsfasen. Tenesta har over tid arbeidd saman med barnehagane for å styrka det allmennpedagogiske tilboden. Vi ser resultat av arbeidet ved at fleire barn blir ivaretake og får god utvikling innanfor det allmennpedagogiske tilboden. Tal tilvisingar med spørsmål om rett til spesialpedagogisk hjelp går ned. Dette er ei positiv utvikling og vi ser dette i klar samanheng med nye arbeidsmodellar der til dømes logopedenesta har gitt rask hjelp til 46 barnehagebarn gjennom lågterskeltilbod 2021.

Med utgangspunkt i eit langvarig udekka behov, etablerte PPT eit eige lågterskel logopedteam for barnehage og skule våren 2021. Vi har bygd opp eit fagfellesskap av logopedar frå ulike eksisterande team, utan å få tilført nye midlar.

Det er 32 ulike familiar som har fått oppfølging i Trygg start. Målsettinga var 20 familiar. Dette har vi klart til tross for langtidsfråvær og få ressursar i jordmortenesta som rekrutterer dei fleste av familiene.

Sommarstengt barnehage er gjennomført i alle kommunale barnehagar. Dette har fungert greitt.

Alle barnehagar har gjennomført skriftlege tilsyn. Tilsynet viser at det blir jobba godt i alle einingar.

Hausten 2021 var det 37 barn som fekk spesialpedagogisk hjelp etter §31 i barnehagelova, og 2 barn som fekk denne retten i heimen. Det var 26 barn som hadde vedtak etter §37, nedsett funksjonsevne. Det er nedgang i vedtak både §31 og §37 pga. at mange barn med store vedtak har gått over i skule. I tillegg har kommunen arbeida med å gje meir treffsikre tenester ute i barnehagane. Barnehagefagleg rådgjevar har arbeida godt med nye rutinar, prosedyrar og rettleiing ute i einingane i forhold til § 37. Det er også arbeida godt i ressursteam (tverrfagleg team) barnehage og det har vore lågterskeltilbod til barn som ikkje kjem inn under rett til spesialpedagogisk hjelp og nedsett funksjonsevne. Det er nedgang i utgifter til § 37 frå 10 millionar (2020) til 7,3 millionar (2021). Det er lagt inn nedtrekk i B22.

Redusert foreldrebetaling og gratis oppholdstid i barnehage: Det er 128 hushaldningar som har fått vedtak om redusert foreldrebetaling, og det gjeld 149 barn. 137 av desse barna får også 20 timer gratis kjernetid. Ordninga skal sikra at familieøkonomien ikkje skal vere til hinder for at barn skal gå i barnehage. Kommunen har innvilga 12 friplassar og 16 friplassar via barnevernet.

Bjørnafjorden kommune	Tal hushaldningar som har søkt	Tal barn totalt	Barn som får gratis kjernetid	
2020	234	284	248	1
2021	128	149	137	2

Det er reduksjon i tal søker hausten 2021, men søker fra hausten 2020 var med oss våren 2021. Mange av desse søkerne hadde ikkje lenger rett på redusert foreldrebetaling hausten 2021.

Noko av grunnen til nedgangen i tal søker kan skuldast at føresette er tilbake i jobb etter permittering som resultat av Covid-19. Hushaldningane har fått kr 2 883 907 i reduksjon samla sett i 2021. Auken ligg som eit etterslep frå 2020 søkerne.

Innsparingskravet (B22) for Oppvekst er 14 685 000. Samla budsjett 2021 er redusert med denne summen. Vi har klart å realisere planlagde tiltak med nokre få unnatak:

Nedtrekk for Barnevern gjennom reduksjon av ekstern rettleiing er ikkje realisert.

Området har lagt inn nedtrekk i samband med omorganisering av reinhald i barnehage og skule på Fusa-sida. Dette arbeidet har stoppa opp fordi det skal sjåast i ein større samanheng.

Eit av sparetiltaka er samarbeid på leiarnivå mellom Holmefjord barnehage og Nore Fusa skule. Etter nærmare vurdering av tiltaket kan vi ikkje ta ned administrasjon pga samla ta barnehagebarn og elevar. Med bakgrunn i ny vurdering blei ikkje nedtrekket på kr 200 000 bli realisert. Det er etablert eit samarbeid mellom barnehage og SFO om morgonen og ettermiddagen. Dette tiltaket har ikkje ført til sparte kroner, men Nore Fusa SFO klarer å tilby eit fullverdig tilbod. Det er også etablert eit tettare samarbeid mellom rektor og styrar når det gjeld oppgåver knytt til bygg, og samarbeid på tvers i forhold til den raude tråden 0- 13 år.

Viktige hendingar

I 2021 blei Bjørnafjorden kommune tatt med i program for folkehelsearbeid i kommunane med prosjektet «VERD-SETT – saman om livsmeistring og fråværsførebygging». Prosjekt er 3-årig (2021-2023). Kommunen er tildelt 3,2 millionar i prosjektperioden.

Det er store og kostbare endringar knytt til barneverns- og oppvekstreforma som trer i kraft 01.01.22. I tillegg kjem det ny barnevernlov frå 2023. For å møta desse nye krava har vi arbeida med organisering,

bemanning og kompetanse. Vi etablerer Familiens hus frå 01.01.22. Dagens Pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Førebyggande helsetenester (jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste og flyktninghelseteneste), Barneverntenesta, Flyktningtenesta, Meistringsteam og kommunepsykologar vil inngå her.

For å nå måla i Oppvekstreforma er det behov for eit breiare og meir utøvande tenestetilbod retta mot familiar. Tanken med ei slik organisering er at familiane skal oppleve saumlause tenester. Den nye organiseringa skal bidra til mindre dobbeltarbeid og fleire hender i kontakt med barn, unge og familiar tidleg i problemutviklinga. Tverrfagleg samarbeid, betre oppgåveflyt, unngå dobbeltarbeid og meir tilgjengelege tenester for brukarane vil ha hovudfokus framover.

Vinteren 2021 såkte vi om BUFDIR-midlar, med bakgrunn i ein del uro rundt ungdommar som "hang" på skuleplassen ved Os Aktiv, og eit ønskje om å prøve og nå desse. I slutten av mai fekk vi tildelt 165 000 kroner om skal gå til eit samarbeidsprosjekt med INTRO DM, for aktivitet i gymsalen og på skuleplassen ved Os Aktiv, i delar av UA si opningstid. Tiltaket startar opp til hausten.

Sommarskule: I statsbudsjettet for 2021 var det løyvd 500 millionar kroner til tilskot til nye og utvida sommarskoletilbod grunna koronapandemien. Bjørnafjorden kommune såkte og fekk tildelt 3,2 millionar frå Utdanningsdirektoratet for å gjennomføre sommarskule 2021. Eit sentralt mål med sommarskuletilboden var at elevane skulle oppleve meistring gjennom å delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skulen sin sommarferie. Målgruppa for sommarskule i vår kommune var elevar på 5.-10. trinn skuleåret 2020-21. Kursa blei gjennomført i veke 25 og 26. Det var både lokale og eksterne arrangørar som bidrog. Det var varierte, spennande og lærerike tema og aktivitetar. Det blei gjennomført 18 kurs med om lag 650 plassar. Det var stor påmelding og dessverre fekk ikkje alle plass på dei ønskete kursa. For å nytte midlane vi fekk blei det og arrangert «haustferiekurs». Kursa i haustferien var berre for 5.-7. trinn og vi hadde om lag 180 plassar.

Bjørnafjorden kommune har fått tildelt midlar til barnehagar og skular til «Tiltak retta mot sårbare barn og unge» frå Udir. På skuleområdet har vi fått vel 1,4 millionar. I første halvår blei midlane fordelt etter rapport frå skulane om enkeltelevar som hadde behov for ekstra undervisning. Andre halvår fordelte vi summen etter elevtal på skulane (gjeld både kommunale og private). Barnehageområdet fekk tildelt kr 321 187 og desse midlane er utbetalt til alle barnehagane etter tal barn per 15.12.2020. Midlane er brukt til å redusere barn sin tapte progresjon i perioden barnehagen har vore stengt/ hatt redusert opningstid. Tiltak har vore intensiv opplæring på ulike områder og eventuell auke i vaksentettleik i ein kort periode.

Borgafjellet barneskule blei opna til nytt skuleår. Os barneskule har opna med nye rammevilkår og dei har fått betydeleg betre plass for elevar og lærarar.

Guttas campus: Vi har hatt 4 gutar med på "Guttas campus" skuleåret 2020/21. 6 gutar er med skuleåret 2022/23

Vi har gjennomført rettleiing til nyutdanna nytilsette lærarar - fysiske samlingar med refleksjon. Skuleåret 2021-2022 har vi 20 nyutdanna nytilsette lærarar.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis: Mange av oppgåvene frå Statped skal over til kommunane, og dette skal ein gjera gjennom kompetansepåfyll i barnehagar, skular og PP teneste. Det blir krevjande for PP tenesta at den allereie marginale ressursen skal fylle endå fleire oppgåver. Kompetanseløftet inneheld ikkje ressursar til årsverk.

I 2021 er det oppretta eit samarbeidsprosjekt med næringa og NAV som skal vidareførast i 202. SLT-koordinator deltar og skal ha særskild fokus på dei unge som fell utanfor skule og arbeid.

Bjørnafjorden kommune har inngått samarbeidsavtale med Antidoping Norge der vi retter fokus på temaet i samarbeid med skule, treningscenter, idrettslag, politi med fleire. Behovet for å inngå avtale er drøfta i Politirådet og det er stor semje om at det er nødvendig ut frå eit handterings- og førebyggingsperspektiv.

Barneverntenesta har gjennom 2021 hatt normal drift, trass i pandemi. Tenesta held fram sitt kvalitetsforbetringsarbeid gjennom fleire viktige prosjekt i 2021.

- Deltaking i tenestestøtteprogrammet saman med Stord Interkommunale barnevernteneste (SIB). Gjennom dette programmet har barneverntenesta utvikla ein kvalitetsforbetringsplan for 2022 - 2023
- Implementere barneverns- og oppvekstreforma saman med andre delar av tenestene i kommunen
- Utviklingsprosjekt knytt til ny barnevernlov og barnevernsreform saman med SIB - prosjekt til fosterbarnets beste

I 2021 har drifta i barnehagane og skulane vore prega av pandemien. Trafikklysmodellen har vore brukt etter korleis smittesituasjonen har vore i kommunen. KKL har lage retningslinjer og vedtak gjennom heile perioden. Det har vore svært arbeidskrevjande å jobbe med stort fråvær og lite tilgang på vikarar. Barnehagane og SFO har i periodar hatt redusert opningstid. Skulane har i periodar måtte nytte heimeundervisning.

Private barnehagar og private skular har blitt informert fortløpende ved endringar i drifta til dei kommunale einingane. Det er gode tilbakemeldingar på dette.

Hausten 2021 starta tilsette i jordmertenesta og på helsestasjonen opp på sertifiseringa i Newborn Behavior Observation (NBO) i regi av R-BUP. Dette er ei kompetanseheving som skal gjere tilsette på helsestasjonen og i jordmertenesta endå betre i stand til å rettleie og styrke nye foreldre i deira rolle.

Status økonomi

Fagområde	Beløp i 1000				
	Rekneskap		Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
20-Oppvekst - Fagstab og felles satsingar	10 905	11 670	13 253	1 583	11,9 %
21-Skular	344 836	350 906	348 876	-2 030	-0,6 %
23-Familiens Hus	85 586	92 041	84 858	-7 184	-8,5 %
27-Barnehagar	243 820	232 148	238 463	6 315	2,6 %
Sum	685 146	686 765	685 450	-1 315	-0,2 %

Kommentar til status økonomi

Oppvekstområdet har samla sett eit meirforbruk på 1,3 millionar. Ut frå eit årsbudsjett på kr. 685 450 101 må det seiast å vere i balanse. Forbruk i prosent er 100,19% samla sett til tross for stort meirforbruk i enkelte tenester og einingar. Dei områda som har stort meirforbruk blir følgt opp med mål om balansert drift i 2022.

Innsparingskravet (B22) for Oppvekst inneværende år er kr. 14 685 000. Samla budsjett 2021 er redusert med denne summen og vi har gjennomført nedtrekka etter planen.

Største utfordringa ligg hos Barneverntenesta som har eit meirforbruk på over 9 millionar. Det var i 2 tertial varsle eit meirforbruk på ca. 4 til 5 millionar, men resultatet viser større budsjettsprek. Årsak til overforbruket er knytt til fleire forhold:

Det er auke i plasserte barn både i fosterheim og institusjon. Plasseringane har stort sett vært frivillige og ønska frå barn og foreldre si side. Dette gjer at plasseringane er meir langvarige enn tidlegare, noko som og gjer at kostnadene aukar. Fleire av sakene barneverntenesta har arbeida med har ein alvorsgrad som gjer at tilbakeføring til foreldra tek lengre tid enn tidlegare. I tillegg er det gjennomført fleire samtaleprosessar i Fylkesnemnda. Dette er samtalemøter mellom barnevern og familiær. Desse samtaleprosessane er ofte vellukka og ein blir einig i kva som er til barnets beste, men det er meir kostnadskrevjande knytt til kommunens utgifter til advokatbistand.

Barneverntenesta har ikkje arbeidstid på ettermiddag og kveld. I tillegg visar tal frå SSB at kontaktpersonane i barneverntenesta har ansvar for langt fleire barn enn landsgjennomsnittet. For å hindre at barn må flytte ut av heimen må vi tilby familiene hjelp. Dette gjer at vi må kjøpe tenester for å følge opp ungdom, barn og foreldre om dei har behov for miljøterapeutiske tiltak ut over normalarbeidstid. Tiltaka er kostnadskrevjande og utgjer ein betydeleg del av budsjettsprekken. Barneverntenesta nyttar og kjøp av tenester til rettleiing, heimebesøk og tilsyn under samvær. I tillegg er det kostnader ved å leige lokalar der samvær kan gjennomførast.

Ettervern for ungdom: Då aldersgrensa for ettervern blei utvida frå 23 til 25 år varsle barneverntenesta at dette vil kosta kommunen eit årsverk, samt 1 million kroner i bu utgifter. Kommunen blei kompensert med 140 000 kr. Dette ser vi no resultatet av i årsrekneskapen. Utgiftene til denne gruppa omhandlar utgifter til husleige, livsopphold, miljøterapeutisk oppfølging og etablering.

Fleire alvorlege saker krev at vi sikrar at foreldra får den juridiske bistanden som er naudsynt i ein barneversak. Barnevernet betaler i større grad foreldra sine advokatutgifter for å sikre eit samarbeid og deira rettssikkerheit. Dette utgjer og ein viktig del av meirutgiftene til barneverntenesta i 2021.

På skuleområdet er det samla sett eit overforbruk. Det er lite rom for anna enn løn i budsjetta. Ved årsslutt ser vi at fleire skular strevar med å halde budsjettet, både på løn og drift. Vi har mange komplekse elevsaker ved skulane, både på barneskule og ungdomskule.

Det er fleire elevar samla sett i skulane (+30) og opninga av ny skule denne hausten gir dyrare drift dei komande åra. Koronapandemien har gjort at det har vore fleire periodar med gult nivå eller meir på skulane. Det har ført til auka bemanning då elevar og lærarar ikkje kan gå på tvers mellom klassar / grupper. Vidare har smitte, testing og karantene bidratt til høgt korttidsfråvær på mange skular. Skulane har fått dekka rapporterte auka utgifter som følgje av koronautgifter, men mange skular har likevel overforbruk. Det har vore manglande rapportering av lønnsutgifter knytt til Covid 19 i skulane. Det er vanskeleg å seie kor stor del av meirforbruket som skuldast Covid 19 og kor mykje som skuldas andre forhold.

I samband med ny finansieringsmodell hausten 2021 har skulane fått budsjettramme slik at dei skal kunne dekke inn lærarnorma. Likevel har vi skular som strever med å fylle lærarnorma p.g.a. store vedtak §5 i Opplæringslova (spesialundervisning).

Det samla skulebudsjettet på oppvekst, blir etter at finansieringsmodellen for skulane er lagt, utfordra av andre forhold: Nokre døme på dette er §2-6 i Opplæringslova (Teiknspråk). Vi har barn som har rett

på undervisning gjennomført med teiknspråktolk. Barna skal både lære teiknspråk, men også få oversatt undervisning via teiknspråk. Denne stillinga må vi prioritera i totalramma på Oppvekst. Elevar med rett til §2-6 har også rett til to ekstra timer undervisning ut over årstimetalet.

Vidare skal vi drive forsvarleg symjeopplæring og livredning i skulene. Vi har felles plan for symjeopplæringa og vi har to personar som gjennomfører livredningskurs med alle tilsette i skulane. I tillegg til løn kjem utgifter til kurs og sertifisering for å vera godkjent instruktør.

Dei kommunale barnehagane har mindreforbruk samla ved årsslutt. Det er fleire årsaker til dette. Barnehagane har ikkje fått tak i tilstrekkeleg med vikarar i pandemiperioden og styrar har sjølv dekkja mange vakter. Dette har vore ei kriseløysing og har påverka tid til leiing, utviklingsarbeid, kompetanseheving og møteaktivitet. Når mange barn har vore sjuke samtidig med sjukefråvær blant tilsette har det ikkje alltid vore nødvendig å sette inn vikar (bemannning 1-6). Det er og gitt utvida sjukelønsrefusjon for Covid-19 (gjeld alle).

Tal barn i private barnehage er redusert meir enn vi hadde rekna med frå hausten 2021. Sjølv om vi har auke i kompensasjon for redusert foreldrebetalning og kommunen framleis betaler mykje for barnehagebarn i andre kommunar så kjem tilskot til private barnehagar ut med eit mindreforbruk i 2021 på til saman nærmare 3,8 millionar. Det var 1512 plasser i private barnehagar i januar 21, men ved nytt barnehageår i august var det berre 1356 plasser i private barnehagar. Redusjonen på 156 plassar var høgare enn forventa. Frå januar 2022 er tal plasser i private barnehagar igjen auka og ligg no på 1474 plassar. Vi har i budsjett 2022 redusert samla sum til tilskot private barnehagar som følgje av demografi (færre barn i barnehagealder) med 3 000 000. Dette er del av nedtrekket i B22.

PPT har drifta i balanse. Utfordringane er auka reiseutgifter i eininga som følgje av at tilsette har mange skular og store avstandar. Vi har mellombels reduserte kostnader knytt til vakanse og at leiarressursen hausten 2021 var delt med Bjørnafjorden vaksenopplæring.

Førebyggande helseteneste har eit samla overskot på 1, 5 millionar. Dette skuldast ubrukte lønnsmidlar grunna rekrutteringsvanskar og manglende kvalifiserte søkerar til vakante jordmor- og helsejukepleiarstillingar. Dette er svært krevjande for eininga og vi jobbar for å få gode kandidatar på plass i alle ledd. Årsrekneskapen for 2021 viser auke i tolketenester og reiseutgifter, auka i desse utgiftene vil sannsynlegvis bli vidareført i 2022.

Status målsettingar

Målsetting	Status måloppnåing
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjøre Bjørnafjorden attraktiv som bу og arbeidskommune	Oppvekst deltek i planarbeid saman med Samfunnsutvikling. Det blir arbeida systematisk med å skape gode og trygge oppvekstmiljø og sikre god kvalitet i barnehage og skule. Arbeid med skulebruksplan kjem til behandling i mai 2022. Barnehagebruksplan kjem i løpet av 2022. Gjennomført oppstartsarbeid sektorplan Oppvekst.

Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Det blir stadig utvikla nye digitale skjema som blir tilgjengelege for brukarane
--	--

Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Barnehagene og skulane arbeider med ulike prosjekt og satsingar som fremmar grøn samfunnsutvikling.
-----------------------------------	---

Målsetjing	Status måloppnåing
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Alle einingar i Oppvekst (barnehage, skule, PPT, Førebyggande helseteneste og Barnevern) arbeidar med å sikre gode oppvekstmiljø. Det er samarbeid med Helse og Velferd og Samfunnsutvikling. Covid-19 har endra rammevilkåra for drift i 2021 og det har vore store avgrensinger i fridtilbod til barn og unge.
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	Pandemien har påvirkta drifta heile året. Det har vore flest digitale møteplassar for leiarar. Den store gruppa av tilsette i barnehage, skule, PPT, Barnevern og Førebyggande helse har vore på arbeid som vanleg, medan staben i stor grad har hatt heimekontor. Det er imponerande å sjå korleis den krevjande pandemisituasjonen blir handtert av tilsette og leiarar. Det har vore meir krevjande å arbeide med arbeidsmiljø og førebyggande tiltak som følgje av "kohort-tenkinga". Sjukefråveret er høgt. Bjørnafjorden 22 og det betydelege nedtrekket som kommunen og Oppvekstområdet står overfor utfordrar målet om å ha trygge medarbeidrarar.
Vi leverer treffsikre tenester	Alle einingane i Oppvekst arbeidar med fokus på å gi treffsikre tenester til barn, unge og familiar. Det blir vist til utvikling, utvalde resultat og viktige hendingar.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska	Oppnådd	Skildring mål
			resultat	resultat	2021
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bу- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bу- og arbeidskommune	Andel kommunale skuler som nyttar overgangsplan for å sikre ein god overgang mellom skulane	100,0 %	100,0 %	Overgangsplan Bjørnafjorden kommune er tatt i bruk
		Andel planar/strategier som er vedtatt i planstrategien som er følgt opp	100,0 %		Arbeid med Skulebruksplan er i sluttfasen. Arbeid med sektorplan for Oppvekst er starta. Oppvekst deltek i fleire planer sampan med Helse og velferd.
		Andel skular og barnehagar som nyttar overgangsplanen for å sikre god overgang frå barnehage til skule	100,0 %	100,0 %	Overgangsplan Bjørnafjorden kommune er tatt i bruk
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Antal nye digitale skjema i heim-skule samarbeidet for betre kvalitet og ein enklare handtering for brukarane	10,0	19,0	19 skjema på Utsio for betre flyt i samarbeid heim-skule
		Vi utarbeider eitt digitalt skjema for samtykke til tverrfagleg samarbeid kring barn	Gjennomført	nei	Tekniske utfordringar (kommunikasjon med fleire journalsystem). Ikke klart til bruk.
Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Andel kommunale barnehagar og skular som har innført kjeldesortering	100,0 %		50% i barnehage: Personale i barnehagane gjennomfører kildesortering i lag med barna, men

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål 2021
					barnehagane har ikke ordning med levering av metall, glass og matavfall. Skule: 77% har kjeldesortering.
		Andel skular som arbeider jamnleg med berekraftig utvikling i tråd med tverrfagleg tema i ny læreplan	80,0 %	80,0 %	Ved nye planar er bærekraftsmåla styrande. T.d gjeld dette ved implementering av ny læreplan i skulen.
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Andel barnehagar som har nye rutiner og prosedyrer på plass i tråd med ny barnehagelov (§41, §42 og § 43)	100,0 %	100,0 %	Alle barnehager har rutiner i forhold til psykososialt barnehagemiljø. Dette viser i skriftleg og stadleg tilsyn.
		Antal skular som har gjennomført fagøkter med alle tilsette med tema skulenærvar og -fråvær	17	13	! ikke gjennomført etter plan pga korona. Gjennomfører på resterande skular våren 2022
		Tal familiar i trygg start som får tilbod om heimebesøk og tett oppfølging ved behov	20,0	32,0	32 familier har fått oppfølging i Trygg Start
		Tal saker som blir meldt fylkesmannen knytt til psykososialt miljø, jmf §9A i Opplæringslova	0,0	3,0	ingen saker 3 tertial. Til saman 3 saker i år
		Tal ungdommar som deltek per gang på Ung Arena (hjelpetilbod og møteplass)	20,0	20,0	Gjennomsnittleg gjennom året er måltalet oppfylt.
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	Andel nyutdanna barnehagelærarar/lærarar i kommunale einingar som deltek i nettverk	100,0 %	100,0 %	Gjennomført nettverk nyutdanna lærarar (digitale og fysiske møter). Inga nyutdanna barnehagelærarar i kommunale barnehagar dette året.
		Andel tilsette som får tilbod om medarbeidarsamtale	100,0 %	80,0 %	- Ikke oppfylt i alle einingar. Årsaker: Covid-19, høgt arbeidspress og leiarskifte. Vanskeleg å talfeste nøyaktig i%. Er oppgitt catal.
		Det er gjennomført årleg vernerunde i alle einingar	100,0 %	95,0 %	- Gjennomført i dei fleste einingar. Nokre eininger

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål
2021					
					utsatt til nyåret 2022 pga leiarkapasitet.
		Samla sjukefråvær (korttid og langtid)	7,0 %	8,7 %	! Oppgang frå 2 tertial. Høgare enn måltal.
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	Andel barnehagar som gjennomfører 4 ressursteam saman med fagtenestene per år	100,0 %	25,0 %	! På grunn av pandemien så har få barnehagane klart å gjennomføre planlagt møtefrekvens.
		Andel frivillige plasseringar i barnevernstenesta	80,0 %	90,0 %	✓ Målet er størst mogleg grad frivillighet i plasseringar. 90% er bra ift måltall.
		Andel kommunale skular med ungdoms- eller mellomtrinn som gjennomfører UngData eller UngData junior	100,0 %	100,0 %	✓ Alle kommunale skular deltok. Resultat er gjennomgått. Oppfølging i 2022
		Andel skular som gjennomfører 8 ordinære møter og 4 utvida møter i ressursteam per år	100,0 %		Delvis gjennomført. Mangel på måloppnåing skuldast i stor grad Covid-19 og høgt sjukefråvær
		Bjørnafjorden kommune har eit gjennomsnitt på eller over nasjonalt snitt i Foreldreundersøkinga til UDIR	100	100	Samla sett ligg alle barnehagene over nasjonalt snitt. Nærmore om resultata i Kvalitetsmeldinga vår 2022
		Bjørnafjorden kommune har grunnskulepoeng likt eller betre enn nasjonalt snitt (over skalapoeng 42)	100	100	Status som i fjer. Vi har høge grunnskulepoeng, på lik linje med resten av landet. Dette skuldast at eksamen ikkje har blitt gjennomført, og då har vi ikkje reelle tal å ta utgangspunkt i.
		Fleire barn blir ivaretatt i det allmennpedagogiske barnehagetilbodet gjennom systemretta samarbeid med barnehagane - tal tilviste barnehagebarn	50,0	26,0	✓ Målet er å halde seg under 50 saker. Godt resultat. Klar samanheng med nye arbeidsmodellar.
		Fleire elevar får tilfredsstilande læringsutbytte innanfor tilpassa opplæring gjennom systemretta	50,0	45,0	- Målet var å halde seg under 50 saker. Det har vi klart. Samanheng med godt systemarbeid.

Hovedmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat 2021	Skildring mål
		samarbeid med skulante-tal tilviste elever på mellomtrinnet	Tal gjennomførte familieråd/nettverksmøte i 15% av barnevernssakene	52,0 27,0	27 familieråd/nettverk i løpet av året. Målet ikke nådd.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2020	Bjørnafjorden 2021	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Produktivitet				
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	93,0 %	92,0 %	92,0 %	91,0 %
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	26,0	24,9	17,8	16,3
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) *)	26 775	56 949	50 657	47 850
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev *)	101 487,8	104 150,4	104 867,6	107 849,8
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	41,5	29,6	38,6	35,3
Dekningsgrad				
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	93,4 %	94,7 %	95,0 %	93,6 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,8 %	7,0 %	7,6 %	7,9 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	59,8 %	60,6 %	52,4 %	55,1 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	88,0 %	86,8 %	86,4 %	85,6 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	68,8 %	75,5 %	72,2 %	72,5 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	64,4 %	75,1 %	68,8 %	68,7 %
Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent)	56,0 %	70,7 %	82,5 %	83,2 %
Kvalitet				
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	41,6	39,0	52,3	50,4
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	42,9	43,8	43,0	43,0

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Borgafjellet barneskule	276 000	279 760	119 576	119 421 Ferdig
Jettegryto barnehage - nybygg	15 000	4 078	1 381	2 458 Ikke vurdert
Lunde barneskule - opprusting gammal del	20 000	14 302	10 038	13 339 Forsinket
Lysekloster barnehage	4 000	3 633	3 770	3 404 Ferdig
Os-Aktiv (Os ungdomsskule)	76 000	102 292	7 385	64 Ferdig
Sum	391 000	404 065	142 149	138 687

Statustekst investeringar

Borgafjellet barneskule

Prosjektramme er kr 290.000.000,-.

Skulebygget er overtatt og tatt i bruk ved skulestart haust 2021.

Prøvedrift og sluttarbeid pågår.

Jettegryto barnehage - nybygg

Ny prosjektramme på 48 mill.kr vart vedtatt i juni 2021. Kontrakt vart inngått i november.

Lunde barneskule - opprusting gammal del

Utehall vart overtatt 08.11.2021 og er tatt i bruk.

Ombyggingsarbeid på adm.fløy vart starta opp på slutten av 2021 og skal gjerast ferdig i 2022.

Lysekloster barnehage

Sluttarbeid pågår.

Os-Aktiv (Os ungdomsskule)

Sluttarbeid pågår.

Helse og velferd

Skildring av tenesta

Helse og velferdssektoren er i 2021 organisert slik:

- Avdeling forvaltning og koordinering
- Bustad og flyktning
- Helsefremming og rehabilitering
- Legevakt og legetenester
- Nav
- Pleie og omsorg
- Psykisk helse og rustenester
- Tilrettelagte tenester (barn, unge og voksne) var i første halvår to einingar, så ei eining frå juni

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Under fagstab og felles satsingar ligg totalt 4,8 årsverk, noko som omfattar kommunalsjef, kommuneoverlege og fagstab. Fagstabben er nedbemanna med eitt årsverk i 2021. Fagstabben har ansvar for m.a. digitalisering, overordna folkehelse, medisinskfagleg rådgjeving og leiing av koordinerande eining (KE). Staben har i tillegg rolle som prosessleiar og støttespelar ved utviklingsarbeid i Helse og velferd og andre sektorar.

Avdeling Forvaltning og Koordinering (AFK)

Avdeling forvaltning og koordinering består av 7,1 årsverk inkludert leiar. AFK behandler alle søknader og eventuelle klagar om pleie- og omsorgstenester. Dette gjeld alle brukarar frå barn til eldre. I tillegg behandler AFK søknader om følgjekort og parkeringsløyve for forflyttingshemma.

Ei viktig rolle for AFK er å fungera som koordineringsledd mellom brukar/pårørande, dei ulike tenestene, fastlegar og spesialisthelsetenesta. Føremålet er å sikra innbyggjarane rette tenester til rett tid og på eit fagleg forsvarleg nivå.

Flyktning og bustad

Hovudoppgåvane på bustadsida er forvaltning av kommunale bustader, oppfølging av desse og administrasjon av bustøtte og startlån i samarbeid med Husbanken. Flyktningetenesta arbeider med busetting, etablering og oppfølging av nyankomne flyktningar og familiene deira. Ei hovudoppgåve er oppfølging av desse i høve introprogram som vi driv saman med voksenopplæringa. I tillegg er det tett oppfølging og samarbeid med Nav, barnehagane og andre relevante instansar, slik som barnevern, skule, PPT, lmdi og politi.

Flyktningedelen vart frå årsskiftet 2021/2022 lagt til voksenopplæringa (Oppvekst). Samtidig vart bustaddelen lagt under Avdeling forvaltning og koordinering. Oppgåver er startlån, bustøtte og kommunale bustader.

Legevakt og legetenester

Legevakttenesta i Bjørnafjorden skal ta hand om alle som oppheld seg i kommunen og treng akutt medisinsk hjelp. Tenesta er organisert med ein legevaktcentral på Moberg som tek mot alle førespurnader frå publikum. Legevaktcentralen er interkommunal og dekkjer Austevoll og Samnanger kommunar i tillegg til Bjørnafjorden. I Bjørnafjorden kommune er det to legevaktstasjonar: Ein på Moberg som dekkjer tidlegare Os kommune i tillegg til Samnanger kommune. Den andre stasjonen er i Eikelandsosen og dekkjer tidlegare Fusa kommune.

Legetenesta er ansvarleg for at kommunen har ei fagleg god og lett tilgjengeleg primærlegeteneste som sikrar innbyggjarane tilbod om førebygging, utgreiing, diagnostikk og behandling og sikrar tverrfagleg samarbeid innad i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Kommunen har 24 fastlegeheimlar fordelt på 6 legekontor. Tenesta er også ansvarleg for tilsynslegefunksjonen på sjukeheimane og for legetenester i skulehelsetenesta og på helhestasjonane.

Helsefremming og rehabilitering

Eininga er ei samling av helsefremjande, førebyggjande, behandlende og rehabiliterande tenester.

Seks ulike fysikalske institutt med i alt 12 årsverk og 15 fysioterapeutar tek seg av hovudvekta av behandlingstilbod. Dei fleste terapeutane er generalistar, men ein har og spesialistar innan manuell terapi og psykomotorisk fysioterapi. Tenestene har stor pågang med til dels lange ventelister. Den offentlege tenesta har spesialistar i barnefysioterapi på Os-sida.

Tenestene mot vaksne som er lokalisert på bu- og behandlingsentera har mykje arbeid knytt til behandlings- og rehabiliteringsavdelingane. Her vert det gitt tverrfagleg innsats, slik at brukarane kan auka funksjon og koma heim til eigen bustad så raskt som mogleg.

Kartleggingsteam, tryggleikssjukepleiar, kvardagsrehabilitering , kols-, diabetes- og kretfteam, demenskoordinator og kreftkoordinator skal sikra rett teneste på rett nivå for mest mogeleg eigenmeistring hos brukarane. Dette fører til tenester på lågast mogeleg nivå og høgare livskvalitet for brukarane.

Eininga har eitt årsverk som klinisk ernæringsfysiolog. Hittil har arbeidet i hovudsak handla om det systematiske ernæringsarbeidet inn mot pleie- og omsorgstenestene.

Heile 2021 har vi hatt 1,5 årsverk i frisklivstenesta. Målet er å utvida denne satsinga ved å vri meir av dei andre tenestene i retning av diagnoseuavhengige og tidsavgrensa kurs- og gruppetilbod.

NAV

Nav Bjørnafjorden skal levera fullverdige tenester frå eitt Nav-kontor lokalisert på Osøyro.

Mobilitetsløysningar gjer det mogleg å treffa brukarar for gjennomføring av samtalar og møte på tilrettelagte arenaer i heile kommunen. Dei kommunale tenestene ved Nav Bjørnafjorden er økonomisk sosialhjelp, gjeldsrådgjeving og klientkonto.

Tilrettelagte tenester - barn og unge (TTB)

Tilrettelagte tenester for barn og unge tilbyr i all hovudsak tenester til foreldre med stor omsorgsbyrde. Eininga leverer per i dag avlastning i heim og i institusjon. I tillegg leverer tenesta helseassistent i skule, sfo og barnehage. Tenesta samarbeider med fleire skular og barnehagar i Bjørnafjorden kommune pluss Vestland fylkeskommune.

TTB består av avdelingane Varafjell avlastningssenter, Fusa avlastning og Os avlastning. Det er berre heildøgns avlastning på Os-sida, fordi vi ikkje har eigna lokale til overnatting på Fusa-sida. Fusa avlastning nyttar den gamle prestebustaden på ettermiddag og kveld.

Tilrettelagte tenester - vaksne

Tilrettelagte tenester for vaksne har vore i stor endring i 2021: Det er skilt ut ei eiga avdeling på Os-sida, ambulerande miljøtenester. Denne avdelinga har i løpet av 2021 fått tilhaldsstad på Askvik, der ein har nokre få leilegheiter og personalbase for avdelinga.

Ambulerande miljøtenester gjev blant anna tenester til personar i eigen heim. Personalalet til denne avdelinga er i stor grad henta frå Vestre Lurane bufellesskap og Bjørnafjorden bufellesskap.

Tilrettelagte tenester vaksne består ved utgangen av året av åtte bufellesskap, eit dagsenter, ambulerande miljøtenester og Fusa buteneste. Dagsenteret på Fusa-sida er organisert under Torsneset bufellesskap. Fusa buteneste tilbyr tenester til vaksne som ikkje bur i bufellesskap. Fusa buteneste låg tidlegare under Hellemysra bufellesskap.

Psykisk helse og rus

Eininga driv bufellesskap, ambulante tenester, ruskonsulent og kommunepsykolog. I tillegg driv ein dagsentertilboda Fjordtreff og Kontakt. Eininga er organisert i tre avdelingar under einingsleiar. Avd. psykiske helsetenester, avd. bufellesskap psykisk helse og avd. bufellesskap rus.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg består av fire einingar og fagstab, samla under fagsjef. Einingane har ansvar for institusjonsbasert omsorg, matproduksjon/kjøken, dagaktivitetstilbod for eldre, heimesjukepleie og praktisk bistand. Tenestene er organisert i einingane Fusa bu- og behandlingssenter, Luranetunet bu- og behandlingssenter, Heimetener Os og Heimetener Eikelandsosen.

Utvikling og utfordringar

Innleiing

Tenestene har også i 2021 vore prega av at vi har stått i ein pandemi. Å stå i beredskap over så lang tid er svært krevjande for dei tilsette. Sektorane har hatt eit høgt sjukefråvær som har ført til at tilsette har mått støtta seg ekstra langt for å kunna gje fagleg forsvarlege tenester. Brukarane av helse- og omsorgstenestene har også merka konsekvensane av pandemien. Nokre tenester har vore nedstengt i periodar, andre tenester har vore nedskalert og ein del tenester er levert på nye måtar, t.d. gjennom digitale løysingar. Her har tenestemottakarar og tilsette vist ei framifrå omstillingsevne til å tileigna seg ny kunnskap, tenkja alternativt og ta i bruk nye verktøy gjennom god dialog. Nokre av innbyggjarane har nok kjent ekstra mykje på at tilbod i periodar har vore stengt ned. Dette gjeld særleg sosiale møtepunkt og aktivitetar som er svært viktige for mange. Fokuset i sektoren har heile tida vore å ivareta fagleg forsvarlegheit.

Vi har gjort oss mange nyttige erfaringar gjennom pandemien. Vi ser at beredskapsplanane våre både verkar og skaper tryggleik for dei tilsette til å handtera smitteutbrot i tenestene. Eit viktig tiltak har vore koordineringsarbeidet mellom kommunane og helseføretaka. Dette har vore ein god modell for samordning.

Dei tilsette har vist framifrå fleksibilitet og omstillingsevne også dette året. Tilsette har vore førebudde på at dei ved behov har mått bruka fagkompetansen sin inn i andre tenester for å sikra fagleg forsvarleg bemanning, særleg aktuelt inn mot institusjonane våre.

Den frivillege innsatsen vi har opplevd dette året har vore helt fantastisk. Frivillege, lag og organisasjoner har stilt arbeidskrafta si til disposisjon og vore viktige bidragsytarar inn mot institusjonane og i pandemihandteringen. Dette har vore særleg merkbart i koordineringsarbeidet kring vaksinering. Her har frivillege og tilsette saman levert ei framifrå teneste på dei to massevaksineringsstasjonane.

Ein stor takk til alle tilsette og frivillege!

Alt i alt har vi greidd å levera forsvarlege tenester gjennom året, men det har til tider vore kritisk.

Til trass for pandemi og ein krevjande bemanningssituasjon har sektoren også hatt fokus på endring og omstilling. Det har vore jobba med fleire omstillingsprosjekt, som på kort og lang sikt skal gjera sektoren i stand til å møta dei utfordringane vi står ovanfor. Dette gjeld både BF-22-prosjekt og andre tiltak. Dei tilsette har tileigna seg nye metodar å jobba på og mykje av arbeidet har vore gjennomført via digitale løysingar.

Statleg finansiering av helse og omsorgstenester, SIO, vart avvikla på kort varsel eitt år før planlagt prosjektlutt. Fokus har heile tida vore å førebu oss på avslutting 31.12.22.

Vi veit at sektoren dei neste åra vil stå ovanfor store demografiske utfordringar, der talet på eldre vil auka betydeleg.

Helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden har førebels ikkje hatt noko normalt driftsår. Budsjettet for 2021 byggjer på budsjettet som vart utarbeidd i 2020, der ein ikkje hadde full oversikt over alle driftsutgiftene. Her er utgifter til blant anna teknologi, kompetanseheving, husleige m.m. som det ikkje er budsjettert for og som vart dekka av SIO midlar 2021. Desse utgiftspostane dreg sektoren med seg som utfordringar i budsjettet for 2022. Sektoren er samtidig prega av stor vekst no og i åra framover. Dette utfordrar oss når vi på den eine sida omstiller og tek ned nivå på tenestene for å klara å levera i balanse parallelt med at vi ser at veksten i behov framleis er stor.

Vi har elles hatt tilsyn frå Statsforvaltaren hos NAV og på Luranetunet i 2021. Tilsynet hos NAV galdt sosiale tenester til personar med forsørgjaransvar for barn. Her fekk vi avvik. Som følgje av dette har vi utforma ein eigen internkontrollrutine på sosiale tenester og dermed lukka avviket.

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

KE er eit etablert treffpunkt mellom Helse og velferd og Oppvekst for å sikra samanhengjande og gode tenester. I 2021 vart det arbeidd med ny modell for KE i samband med intern omorganisering og Likeverdsreforma. Leiar i KE har og vore med i prosjekt Oppvekstreform. Det er godt oppmøte på møta til KE, og sakene som vert tatt inn i møta vert løyst. Framleis er ikkje KE eit naturleg kontaktpunkt i kommunen, men det har vore ei positiv utvikling.

220 innbyggjarar i kommunen har vedtak på koordinator og 88 av dei er barn og unge under 18 år. I dei fleste sakene klarer vi å tildele koordinator, der den som er tettast på brukar vert koordinator. I andre saker er det vanskeleg å rekruttera koordinator. Dette gjeld særleg saker som er store og kompliserte. Leiar av KE og systemkoordinator tek oftast desse sakene og kvar av dei koordinerer mellom 10 og 20 saker til ei kvar tid, og jobbar aktivt for å sikra opplæring og tryggja koordinatorane i rollene sine. Det er 135 elektroniske planar i fagsystemet Dips samspill.

Tilnærma all kapasitet hos kommuneoverlegen gjekk også i 2021 med til koronahandtering, på kostnad av andre oppgåver.

Avdeling Forvaltning og Koordinering

Nedanståande viser det utfordringsbiletet som forvaltninga ser når det gjeld å kunna tildele rett teneste til rett tid og auke i tal saker knytt til spesifikke lovpålagede tenester:

- Stor auke i søknader knytt til psykisk helse. Behov for fleire lågterskeltilbod for å kunna avhjelpe så tidleg som råd i forlaupet.
- Manglande tilbod til barn og unge med psykisk utfordringar som gjev barnet treffsikker hjelp, samstundes som det har avlastande effekt for føresette.

- Mange nyopprettet BPA-tiltak gjev kapasitetsutfordringar når det gjeld å sikra at tenesta er fagleg forsvarleg drifta.
- Auka i søknader om BPA, spesielt knytt til barn og unge. Her er også mange klagar som går til statsforvaltaren, der det til tider er lang sakhandsamingstid.
- Manglande avlastingstilbod til unge/vaksne med nedsett funksjonsevne utover tilbodet på Varafjell avlastingssenter.
- Fleire saker overført frå barnevern til helse enn tidlegare år.
- Gjennomsnittleg om lag 20 på venteliste til støttekontakt til ei kvar tid.
- Utfordrande å gje likeverdige dagsentertilbod. Mindre tilbod på austsida pga. utfordringar med transport.
- Kapasitetsutfordringar med å nytta velferdsteknologi ved behov for rask oppkopling.
- Kapasitetsutfordringar på utelevering og montering av hjelpemiddel til heimane
- Manglande tilbod i omsorgstrappa for dei som ikkje lenger kan bu heime, men heller ikkje treng langtidsplass.
- Mange blir liggjande på korttidsplassar i påvente av ledige langtidsplassar. Kontinuerleg trykk på langtidsplassar, spesielt for brukarar med demensdiagnosar.
- Til tider lang venteliste på tilbod om kvardagsrehabilitering.
- Mange unge med nedsett funksjonsevne vil ha behov for bustader med døgnomsorg i åra som kjem.

På grunn av pandemien har vi i periodar hatt stengte dagsenter og begrensa avlasting. Dette ser vi har ført til hurtigare funksjonsfall hos mange eldre. Dette understrekjer viktigheten av å prioritera å ha god nok kapasitet på desse tiltak i åra framover. Då kan den enkelte bu lengst mogleg i eigen heim og dei pårørande får nødvendig avlasting.

Vi tek dei ovanståande utfordringane med oss inn i arbeidet med sektorplan for helse og velferd.

Flyktning og bustad

Straumkrisa gjorde det meir krevjande enn vanleg å handtera søknader om bustøtte. Pågangen etter startlån er aukande. Søknadsmengda ligg no på ca. 170 søknader i året og vi opplever kapasitetsutfordringar.

Det er mange, varierte og utfordrande oppgåver knytt til kommunale bustader. Det er ein jamn straum av søknader om kommunale bustader, med om lag 100 søknader i året. Dei fleste som søker ønskjer å bu på vestsida av kommunen og det er difor ei utfordring å fylla opp dei bustadene som ligg på austsida. Driftsmessig krev det og litt ekstra å følgja desse bustadene opp, sidan bustadkontoret held til på Osøyro.

Det er ei utfordring at vi har behov for mikrohus, men ikkje har etablert eit slikt konsept i kommunen vår enno. Det er dessutan krevjande å skaffa nok bustader til dei flyktningefamiliane som kjem, og dette jobbar vi kontinuerleg med å løysa.

Legevakt og legetenester

Drifta på legevakta og i legetenester var også i 2021 i stor grad prega av koronapandemien. Vi har mått få på plass nye rutinar og oppgåver, det har vore utfordringar med organisering av massetesting, vaksinering, smittesporing og undersøking av pasientar med påvist eller mistenkt covidsjukdom. Dei tilsette i tenestene har til tider hatt stort arbeidspress. Det har likevel jamt over vore ei positiv innstilling og mange har strekt seg langt for å halda oppe tenestetilbodet.

Den andre store utfordringa er fastlegekrisa. Kommunen har for tida seks ledige fastlegeheimlar. Heimlane er lyst ut fleire gongar utan at vi har fått kvalifiserte søkerar. Dette gjeld ikkje berre Bjørnafjorden, situasjonen er den same i mange kommunar over heile landet. Rammevilkåra for fastlegar skremmer nye legar frå å velja dette yrket, og erfarte fastlegar vel å gå over i andre jobbar. Fastlegane har dei siste åra fått stadig fleire oppgåver utan at talet på fastlegar har auka tilsvarende, noko som har resultert i eit stadig større arbeidspress. Det hastar at sentrale styresmakter tek dette problemet på alvor. Slik det er no, må kommunane freista å konkurrera seg i mellom om å tilby betre vilkår enn det som ligg i sentrale avtalar. Særleg på legekontoret i Eikelandsosen og Eikelandsosen legevaktstasjon har det i periodar vore utfordrande å oppretthalda drifta. Vi er i dialog med fastlegane om kva som kan gjerast for å halda på dei fastlegane vi har og å betra rekrutteringa. Betra vilkår for fastlegane får økonomiske konsekvensar for kommunen, men alternativet er at vi vert stadig meir avhengige av å leiga inn vikarlegar for å halda oppe fastlegetilbodet. Stadig skiftande vikarar kostar også mykje og er ei därleg løysing for pasientar og tilsette.

Helsefremming og rehabilitering

I løpet av 2021 er eininga samla på tre lokalisasjonar: Fysio, ergo og servicemann er på Fusa bu- og behandlingssenter. Fysio, ergo, servicemenn og bassengansvarleg held til på Lurane bu- og behandlingssenter. Ressursteam, kvardagsrehabilitering, kartleggingsteam, demenskoordinator, kreftkoordinator, ernæringsfysiolog, tryggleikssjukepleiar og friskliv under paraplyen "Friskliv og meistring" held til på Os-badet. Her er nye, lekre kontorlokale, møterom, tilgang på treningsal og kjøken der ein kan halda kurs. Sistnemnde samlokalisering av små, sårbare tenester gjer samhandling og deling av kompetanse lettare og sikrar betre flyt og meir treffsikre tenester. Det gjer det også lettare å utvikla nye diagnoseuavhengige og tidsavgrensa kurs og gruppetilbod.

Eininga har hatt stor utvikling i å nytta elektroniske medie: Møte med kollegar, samarbeidspartnarar og brukarar i hopetal på Teams, like eins kurs og nasjonale videokonferansar. Vi har også hatt kurs, gruppetrening og heimetrening ved hjelp av slike medie.

Prosjektstillingar innan ergoterapi, kvardagsrehabilitering og kartleggingsteam vart i 2021 omgjort til faste stillinger.

Utfordringar det siste året er gjengangarar fra 2020:

- Plan for utbetring/nybygg for lager for tekniske hjelpemiddel på Os-sida er stadig endra og utsett. Dette har vore tema i mange år og dei vanskelege arbeidstilhøva fører til stor slitasje på personalet. Mellombelse utbetringar er no gjort i den gamle sjukeheimen, men det manglar framleis mogelegheit for vaskemaskin. Veksten i behov i tenesta er på 8,5 % frå 2020 til 2021. Aukande press på tenesta under vanskelege fysiske arbeidstilhøve pregar arbeidsmiljøet.
- Ergoterapitenesta er svært pressa pga. lange ventelister. Tildeling av tenester er jamt over på avvik i høve tidsfristar. Dette har vore situasjonen i mange år og påverkar arbeidsmiljøet negativt.
- Endring i koronareglar har sett grenser for kva vi har kunna ha av kurs, møte og sosialt i denne relativt nye eininga og kva tilbod til innbyggjarane vi har kunna gjennomføra.

NAV

I starten av første tertial vedtok vi utviklingsavtale for 2021. Her inngår følgjande utviklingsmål:

1. Gje brukar effektiv og heilsakapleg individuell og arbeidsretta oppfølging.
2. Utvikla eit godt og stabilt samla marknads- og tiltaksarbeid.
3. Tileigna og styrkja digital kompetanse.

4. Betra og styrkja evne og kompetanse til å møta våre brukarar og samarbeidspartar med respekt og forventa service.
5. Etablera og utvikla LEAN-kultur i heile regionen.
6. Utforma gode grensesnitt og tydeleggjere roller for å tryggja gode arbeidsprosessar og -miljø

Vi har gjennom året følgt opp utviklingsmåla og tiltaka. Vi har i stor grad lukkast i å auka tiltaksbruken i løpet av 2021. Vidare har vi arbeidd med kartlegging og kompetanseheving av digital kompetanse. Kartlegginga viste at vi jamt over har god digital kompetanse. Vi har jobba med LEAN-metodikk og gjennomført måling av LEAN-kultur. Evalueringa viser at vi har hatt god utvikling, men at vi framleis må jobba systematisk med dette. Vi har kartlagt svartid i serviceklagar og evaluert brukarane sin opplevde service. Målingane viser at vi er blant dei beste i landet når det gjeld svartid (fem dagar) og vi er det kontoret i Vestland som har hatt best utvikling i 2021. Evaluering frå medarbeidarane i siste tertial av utviklingsavtalen viser jamt over at dei opplever frå middels til stor grad av utvikling på dei områda vi har jobba med.

Vi har elles i løpet av året jobba mykje med å styrkja fagleg kompetanse og kvalitet. NAV har vore med på utviklingsarbeid på tvers av sektorar og fagmiljø, t.d. BUA, prosjekt knytt til barnefattigdom, ny organisering av flyktningtenesta og arbeidet med oppvekstreforma. På slutten av året etablerte vi eit inkluderings- og kvalifiseringsprosjekt i regionen i samarbeid med fleire partar. Vi har jobba mykje med medarbeidarskap og medarbeidarperspektivet, m.a. ved å gjennomføra fast leiari- og medarbeidardialog annakvar månad.

Utfordringar:

- 2021 har vore siste året med økonomisk støtte og delfinansiering av FACT i samarbeid med Solli DPS. Det er gjennomført ei evaluering og utarbeidd ein rapport vedkomande samarbeidet. På bakgrunn av dette, og i lys av kommunen sin økonomiske situasjon, skal vi ta avgjerd om vidareføring og/eller vidareutvikling.
- I store delar av året har vore pålagt/tilrådd bruk av heimekontor. Over tid har dette vore ei stor utfordring med omsyn til utviklingsarbeidet internt, men også tett og arbeidsretta oppfølging av brukarane. Vi har jobba mykje med å finna gode løysingar og sett i verk fleire ulike tiltak. M.a. har vi hatt vakttelefon, moglegheiter for å avtala møte og vi har gjennomført turnusordning.
- Krava som følgjer av innsparingane knytt til Bjørnafjorden-22 gjer at NAV i større grad må konsentrera seg om dei lovpålagde oppgåvene i tida framover og nedprioritera ein del oppgåver.
- Høg auke i arbeidsløyse gjennom heile året, særskilt knytt til unge, innvandrar og brukarar med låg tilknytting til arbeidslivet, kombinert med strenge smittevernreglar, har gjort det tette oppfølgingsarbeidet meir utfordrande.

Tilrettelagte tenester - barn og unge

Eininga tilrettelagte tenester er i løpet av 2021 slått saman med eining tilrettelagte tenester for vaksne. Dette har skapt eit større fagmiljø og ei god utvikling for tenesta. Fleire å “spela ball med”, fleksibel bruk av personalressursar og drahjelp i høve blant anna bruk av kvalitetssystemet er nokre av effektane.

Det er stor auke i behov for avlasting og barnebustad. Det er, og vil vera, ei stor utfordring å møta kravet om å ta auke i tenesta på fastsett ramme. Det er ei utfordring å tilby treffsikre tenester når det vert meldt om aukande behov for tenester. Vi arbeider med å i større grad vurdera gruppetilbod for å justera bemanningsfaktoren. Nedtrekk gjort i turnus frå og med 1.8.21 gjer at det vert mindre tid til individuell oppfølging, og heller fleire gruppebaserte aktivitetar.

Det er ikkje mogleg å redusere tenesta i nokon grad på dagtid (følgje i skule/barnehage), så all reduksjon må skje på kveld og helg.

Den største utfordringa er likevel at vi ikkje har eigna lokale til heildøgns avlasting på austsida av kommunen. Vi ønskjer å tilby likeverdige tilbod, men utan lokale der det går an å overnatta er dette umogleg.

Tilrettelagte tenester - vaksne

Frå juni 2021 vart eininga slått saman med tilrettelagte tenester for barn, med ein einingsleiar og ein assisterande einingsleiar. Dette er ei løysing med ein einingsleiar mindre. Eininga har og valt å ikkje rekruttera i to avdelingsleiarstillingar som har vorte ledige. Vestre Lurane bufellesskap og Idrettsvegen bufellesskap har no felles avdelingsleiar, Bolig Moberg og Rekke 1 Kuhnletunet har felles avdelingsleiar. Alle desse endringane skal evaluerast i løpet av 2022.

Det har vore og er framleis ei utfordring å ta ned forbruket i eininga, men vi er innstilt på å redusera i drift og framleis gje fagleg forsvarlege tenester. Det vert arbeidd med nye måtar å levera tenester på, slik at vi kan gje gode tenester gjennom å arbeida smartare. Vi har arbeidd myke med turnus, og driftsbudsjetten er redusert m.a. ved å innføra stille rapport.

Auka behov for tilrettelagte tenester for vaksne gjev utfordringar. Det er behov for eitt til to nye bufellesskap, auka kapasitet for dagsenter og avlasting for vaksne. Arbeidet er i gang med planlegging av eit nytt bufellesskap på Søfteland. Vi registrerer at det trengst fleire plassar framover. Særleg på austsida manglar det bustader og ikkje minst dagsentertilbod. Per i dag er det dagsenter tre dagar i veka her. Vi ser også stor auke i tenestene til ambulerande miljøtenester og framover vil den største auken koma her.

Pandemien har vore ei utfordring også i 2021. Tidvis har det vore vanskeleg å få tak i vikarar, men den store utfordringa kan nok seiast å vera mangel på fysiske møte mellom avdelingsleiarar og mellom leiarar og tilsette. Bruk av Teams har sikra mykje møteverksemrd. Mykje tid og krefter har gått til organisering av drift under pandemien, og vi har ikkje greidd å gjennomføra alle planlagde aktivitetar i personalgruppene.

Avdelingsleiarane er i gang med opplæring i Framsikt slik at dei får eigarskap til eige budsjett og at rapportering i lina går radigare.

Psykisk helse og rus

Det er stor pågang til plassar i bufellesskap psykisk helse, noko som skapar eit større krav til tidsavgrensa husleiger og fokus på utflytting. Fleire bebruarar får tilbod om ordinær kommunal bustad med ambulerande oppfølging for å sikra at dei med størst tenestebehov bur i bufellesskap. Vi har valt å differensiera plassar i bufellesskapa for å yta betre tenester og sikra endring for dei bebruarane som har potensiale til å flytta til lågare omsorgsnivå. Det er vedtatt i investeringsbudsjetten at bufellesskapet Grantun skal byggjast ut for å sikra framtidige behov for optimal drift.

Pasientar med rett til nødvendig helsehjelp må i første rekke få den hjelpa dei treng når det er klart at dei fyller vilkåra i kommunehelsenestelova. Avdelinga har difor som mål å utarbeida tydelegare retningslinjer for tildeling av tenester, slik at dei med alvorlege lidningar vert sikra communal helseneste, sjølv i ei tid med særleg stor pågang av nye søkerar med lettare psykiske helseproblem.

I 2021 var det totalt 281 brukarar som fekk tenester frå avdeling psykisk helse. Omlag 75 % av brukarane er heimehøyrande på vestsida av kommunen. Det er stor pågang av nye søkerar til tenestene, noko som

fører til behov for tydelegare differensiering av helse- og oppfølgingstenestene. Ikkje alle som søker tenester treng langvarig hjelp, men kanskje berre i ein overgangsfase i ein vanskeleg livssituasjon. Eininga ser nytte i å tilby lågterskeltilbod i form av kurs og ulike aktivitetstilbod, gjerne i samarbeid med andre, t.d. friskliv og meistring, frivillesentral eller lag og organisasjonar. For å imøtekoma behov og redusera ventelister har vi valt å omdefinera dagsentertilbod til gruppertiltak for heimebuande. Dette inneber at enkelte som bur i bufellesskap ikkje lenger får tilbod om dagsenter. Desse får heller tiltak i bufellesskap.

Det er utfordrande å rekruttera kvalifisert personell til austsida. Dette er løyst ved å rekruttera med oppmøte på vestsida, og arbeidsplass på begge sider av fjorden.

Eininga har to kommunepsykologar som begge har sagt opp stillingane sine. Eininga er utan fast psykologtilbod ved overgangen til 2022, men er i gang med rekruttering. I mellomtida er det gjort avtale om privat kjøp av psykologteneste i 20 % frå psykologspesialist. Det er utfordrande å rekruttera psykologar til kommunale stillingar pga. dårlagare vilkår enn kva t.d. spesialisthelsetenesta kan tilby. Dette gjeld både løn og utdanningspermisjon/fagleg utvikling. Mangel på kommunepsykologar gjev større pågang til ruskonsulent sine tenester og til avdeling psykisk helse. Vi må i tillegg oppretta ventelister. Dette kan føra til at utfordingane til tenestemottakarane aukar og krev meir langvarig oppfølging.

Pleie og omsorg

Drifta i pleie- og omsorgstenestene var sterkt prega av pandemi også i 2021. Vi hadde fleire smittetilfelle blant brukarar og tilsette og bemanningssituasjonen vart særleg krevjande utover hausten og fram mot nyttår. Vi inngjekk avtale med sanitetsforeiningar og trong i periodar hjelp frå både dei og andre frivillige for å handtera dagleg drift. Dette var til god hjelp! Dei tilsette har òg gjort ein enorm innsats i denne krevjande tida, og vi opplever no slitasje på personalet i alle avdelingar. Pleie og omsorg ved Luranetunet har også i året som gjekk hatt koordineringsansvar for bestilling og distribusjon av felles kommunalt lager for smittevernustyr, testutstyr og vaksinar. Pandemien har gjort at vi dverre ikkje har kunna jobba med harmonisering og utvikling av tenester i den grad vi ønska. Det er m.a. utfordrande at tilgangen til dagaktivitetstilbod ikkje er god nok på austsida av kommunen.

Det var ei relativt grei rekruttering av faglært personell til heimetenestene i 2021, men større utfordringar med å rekruttera til institusjonane våre, sjølv om dette også har vorte betre. Bemanningssentralen vart utvida til å serva alle sjukeheimsavdelingane i kommunen og var til god hjelp for å dekka inn noko av kompetansebehovet. Vi er i gang med prosessar der vi ser korleis vi kan nytta kompetanse og ressursar på ein meir effektiv måte i einingane, m.a. gjennom organisering av sjukepleiarar i team. For å sikra fagleg forsvarleg drift måtte vi ty til vikarbyrå, men enkelte einingar har redusert bruken myke samanlikna med tidlegare år.

Minst like viktig som å rekruttera er det å ta vare på dei tilsette og den kompetansen vi alt har. I pleie og omsorg har vi hatt stort fokus på opplæring i året som gjekk. Vi har laga tilpassa opplæringsprogram for dei ulike faggruppene og ferievikarar, og vi har hatt pilotprosjekt med forsterka opplæring til nytilsett høgskulepersonell, med gode tilbakemeldingar. Vi har lagt til rette for meir lik kvalitet og utvikling av tenestene med felles internundervisning på tvers av einingane. Det er òg danna nettverk for ernæringskontaktar og retningslinjer for systematisk ernæringsarbeid i pleie og omsorg er ferdig. I tillegg til at vi hadde 19 lærlingar, hadde vi også mange elevar og studentar i dei ulike avdelingane.

Heimetenestene må rustast betre i form av kompetanse, kapasitet og utstyr for å kunna ivareta fleire brukarar lengre i eigen heim. Dette vil minska presset på langtidsplassar i institusjon. Vi treng, saman med forvaltninga, ein betre strategi når det gjeld utskrivingsklare pasientar frå sjukhus. Langt fleire av desse må planleggjast direkte heim og motta tenester der. Samarbeid med pårørande og frivillige må

også styrkast. Vi har saman med eining for helsefremming og rehabilitering og avdeling for forvaltning og koordinering jobba systematisk gjennom året med tiltak for å betra pasientflyten, men vi er ikkje i mål. Vi er også i gang med prosess for i større grad å sikra ”rett pasient i rett seng” på sjukeheimane. Framover skal det jobbast meir med implementering av arbeidsmåtar etter kvardagsmeistringsprinsippet, og vi treng tydelege prioriteringar på kva tenestetilbod vi skal ha i kommunen, og omfang og nivå på desse. Det er behov for tydlegare overordna retning og mål. Dette vil vi arbeida med i 2022, m.a. gjennom sektorplanen for helse og velferd.

Det har vore eit omfattende arbeid med implementering av nytt pasientvarslingsanlegg på Fusa- bu og behandlingssenter (Fbbs) i 2021. Både Fbbs og Luranetunet har auka bruken av teknologi i tenesteytinga og opplever god nytte av det. Auka kvalitet og unngåtte meirutgifter er blant gevinstane. Velferdsteknologi gjekk over frå prosjekt til drift frå november, men vi ser at det framleis er ein veg å gå før velferdsteknologi og tryggleiksalarmløysinga er integrert som løysing i alle pleie- og omsorgseininingane. Vi treng ei større satsing på teknologi i institusjonane, og auka fokus i delar av heimetenestene for å koma vidare med å implementera velferdsteknologi.

Utvalde resultat

BF-22

Helse og velferd har eit mindreforbruk på kr 1,2 mill når året er omme. Pandemien har gitt stor meirutgifter og vi har fått overføringer på ca. kr 24 mill for å dekkja dette. 2021 vart siste året i SIO-prosjektet og for første gong er inntektene mindre enn dei totale utgiftene, slik at det ikkje er midlar å setja av på fond. Talet på tenestemottakar innanfor kostrafunksjonane i SIO har auka i 2021 med 5 % og fører til eit stort press på helse- og velferdssektoren.

Helse- og velferdssektoren har jobba godt med omstilling også i 2021. Bemannningssentralen har i løpet av året etablert 12 faste årsverk finansiert av budsjettpostar til sjukevikar og ekstrahjelp i einingane. Dette framstår som auke i årsverk frå 2020, men er altså eit nullsumspel. Gevinstar er tilsette i fulle stillingar, fagleg utvikling, kompetansedeling på tvers av avdelingar og auka kvalitet og kontinuitet for pasientane. Vi har også greidd å rekruttera fagpersonar, og ufaglærte kjem raskare til fagbrev pga. større stillingar. Vi ser at Bemannningssentralen også fungerer som ein intern rekrutteringsarena til andre faste stillingar i kommunen.

Eit endringsarbeid førte til at eining Flyktning og bustad vart bestemt oppløyst, med flyktningstenesta flytta til Oppvekst og bustadkontoret flytta til Avdeling forvaltning og koordinering frå 2022.

Etter grundige analyser vart det bestemt å gjera om ein del prosjektstillingar til faste stillingar. Det gjeld velferdsteknologi og stillingar knytt til helsefremming og rehabilitering, totalt fem årsverk. Desse stillingane skal hjelpe til å halda trykket oppe på å breia ut velferdsteknologiske løysingar både i institusjon og heimane, å sikra god pasientflyt og at innbyggjarane kan bu lengst mogleg i eigen heim. Ei spørjeundersøking gjennomført under Trygg i Bjørnafjorden i 2021 viser at dei eldre ønskjer nettopp det; å bu lengst mogleg heime. Å tilretteleggja for kvardagsmeistring og den gode pasientflyten har vi jobba mykje med tverrfagleg i 2021, men det tek tid å implementera endringar.

Sektoren gjer løpende vurderinger når det oppstår ledige stillingar i administrasjon eller leiing om vi kan finna nye og rimelegare løysingar for tenesteytinga. Fleire einingar har arbeidd mykje med å gjennomgå turnusar for å ta innsparinger.

Psykisk helse og rus har avslutta eit tenestekjøp frå private og driv no sjølv den aktuelle tenesteytinga gjennom ei auka bemanning på 4,25 årsverk. Også dette framstår som ein auke i årsverk frå 2020 til 2021 på sektoren, medan det reelt sett er ei stor effektivisering, med ei årleg netto innsparing på over kr 5 mill.

Det har skjedd store endringar også i Tilrettelagte tenester i 2021. I tenester retta mot vaksne er det oppretta to nye avdelingar: Ambulerande miljøtenester og Fusa butenester. Dette har vore mogleg ved å overføra stillingar frå andre avdelingar i eininga. Då einingsleiar for Tilrettelagte tenester for vaksne slutta, slo vi eininga saman med Tilrettelagte tenester for barn som ei prøveordning. Her får vi innsparinger på leiing dersom evalueringa i juni 2022 av samanslåinga tilseier at denne einingsstrukturen er teneleg. Vi prøver også ut ein modell med felles leiing som omfattar to avdelingsleiarårsverk. Dei erfaringane vi får her, tek vi med oss vidare. Vi må unngå at leiarspennet vert for stort i tenester som skal drivast 24/7/365.

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Innføring av nasjonale e-helseløysingar til den kommunale pleie- og omsorgstenesta er høgt prioritert i nasjonale strategiar og planar. Bjørnafjorden har representant frå staben i KS sitt kompetansenettverk for e-helse. Nettverket hjelper kommunar med å ta i bruk nasjonale e-helseløysingar. Nettverket vert nytta til rådgjeving, nasjonale aktivitetar innafor e-helse og i å få implementert dei nasjonale løysingane.

Tilgang til dei nasjonale e-helseløysingane stiller høge krav til sikkerheit og ein elektronisk ID (eID) er nødvendig for å identifisera seg elektronisk. Vi jobbar med innføring av eID i pleie og omsorg, Vi inngjekk kontrakt desember 2021 med Visma om suppleringskjøp for å gjera fagsystemet Profil klart til å ta i bruk eID i 2022.

Avdeling Forvaltning og Koordinering

Forvaltninga har jobba med ulikt utviklingsarbeid for å effektivisera drifta og samtidig gjera det mogleg for publikum å bruka fleire løysingar for kontakt med oss også digitalt. Her kan vi nemna at vi i 2021 har:

- Starta arbeidet med å bruka Frontdesk som eit aktiv arbeidsreiskap for å følgja opp avtalar med søkerar.
- Starta arbeidet med å få på plass digitale løysingar for ulike søknader (i tillegg til papir).
- Starta arbeidet med å få moglegheit til å bruka svar-ut-funksjonen i fagsystemet Profil.

Forvaltninga har i 2021 registrert stor auke i kontaktar og søknader frå innbyggjarar som slit med psykiske utfordringar. For at alle som treng det skal kunna få hjelp, har saksbehandlarane jobba aktivt med å finna alternative tilbod i tillegg til dei kommunale. Slik har ein klart å avgrensa talet søkerar som får kommunale tenester, men samtidig hjelpt fleire.

Flyktning og bustad

Bjørnafjorden er med på samarbeidet for å utvikla Nasjonalt fagsystem for kommunale bustader (KoBo). Det er berre åtte kommunar i landet som er med på dette samarbeidet.

Vi tok imot 23 flyktningar i løpet av året, inkludert to på familiegjenforeining. Dette har gått fint, men det er ei stor utfordring å skaffa bustader til desse familiene som allereie er komne og er venta å koma i 2022.

Legevakt og legetenester

I samarbeid med fagstaben kom vi i 2021 i mål med å avvikla papirskjema for dødsmeldingar heilt og leverer no berre digitale dødsmeldingar.

Dei tilsette har strekt seg langt og vore fleksible, og kommunen har difor klart å gjennomføre testing, smittesporing og vaksinering på ein god måte.

Mange av sjukepleiarane ved legevaktstasjonen på Moberg fekk i 2021 utrykkingssertifikat. Det betyr at lege og sjukepleiar kan koma raskare fram når det hastar, noko som har styrka den akuttmedisinske beredskapen.

Helsefremming og rehabilitering

Eininga har byta ut fire leasingbilar til nye el-bilar. Tre av desse står på Osbadet der det er gode ladetilhøve. Det er elles knapt med kommunale ladepunkt. På Luranetunet nyttar vi BKK sine ladepunkt og er spent på kva dette vil kosta.

Friskliv og meistring har produsert nye kurstilbod i 2021: Kurs i stressmeistring for tilsette og ulike andre brukargrupper, kurs for innbyggjarar med langvarige smerter, kurs om kvardagsglede, bra-mat-kurs for seniorar, tre nye bassenggrupper, treningsgruppe ute og golfgruppe. Totalt er det laga 13 nye tilbod som er diagnoseuavhengige og tidsavgrensa.

Vi har søkt om og fått folkehelsemidlar til interkommunalt kompetanseheving i kognitiv terapi som går i 2021 og 2022. Fem medarbeidarar frå Helsefremming og rehabilitering tek del i lag med representantar frå fire andre kommunar. Vi arbeider med å dela kompetansen i heile eininga.

Vi er med i forskingsprosjekt med arbeidstittel INCA. Prosjektet handlar om innovasjon i kommunale, heimebaserte helse- og omsorgstenester og er eit samarbeid mellom pleie og omsorg, forvaltninga og eining helsefremming og rehabilitering. Nørce er ansvarleg for prosjektet, som skal gå over tre år, og Bergen og Bjørnafjorden er partnarkommunar. Det er i det heile eit mykje tettare samarbeid og fleire utviklingsarbeid mellom pleie og omsorg, forvaltninga og helsefremming og rehabilitering. Dette er svært positivt og det er spennande kva forbetringer det vil føra til for brukarane.

NAV

Måltal på kor mange som kjem i ordinært arbeid, arbeidsretta tiltak og i KVP (sjå tabellar nedanfor):

- Tal på brukarar som har hatt KVP i snitt i 2021: 12,5
- Heilt ledige desember 2020: 517
- Heilt ledige desember 2021: 268
- Endring: 249 færre heilt ledige

- Delvis ledige desember 2020: 358
- Delvis ledige desember 2021: 189
- Endring: 169 færre delvis ledige

- I arbeidsretta tiltak desember 2020: 58
- I arbeidsretta tiltak desember 2020: 79
- Endring: 21 fleire i arbeidsretta tiltak

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

- Arbeidssøkjarar del av arbeidsstyrken januar 2021: 7,3%
- Arbeidssøkjarar del av arbeidsstyrken desember 2021: 4,2%
- Endring : 3,1%


Arbeidssøkere som andel av arbeidsstyrken - januar 2021
Fylke: Rana/Mosjøen, Alt. Årsdeler



Arbeidssøkere som andel av arbeidsstyrken - desember 2021
Fylke: Rana/Mosjøen, Alt. Årsdeler



Beholdning arbeidssøkere etter arbeidsmarkedsstatus siste 24 mnd



Utviklinga av langtidsledige i perioden (ledige i 6 månader eller lengre).

- Tal langtidsledige desember 2020: 552
- Tal langtidsledige april 2021: 536
- Tal langtidsledige august 2021: 477
- Tal langtidsledige desember 2021: 329
- Endring: 223 færre langtidsledige

Utvikling i antall langtidsarbeidssøkere siste 24 mnd

Valgt geografi: R04 Midthordland // 4624 Bjørnafjorden// All

Valgt gruppe arbeidsmarkedssatus: All



Tilrettelagte tenester - barn og unge

Vi har starta eit arbeid med digital vaktbok, men grunna høgt fråvær har vi ikkje greidd å ferdigstilla dette i 2021.

Så sant det har vore mogleg, har vi latt vera å ta inn vikarar ved korttidsfråvær. Dette har vore gjort mest på Varafjell, som er ei stor avdeling med mange tilsette på skifta. Dette viser att i rekneskapen for 2021.

Det er kutta i bemanninga der det har vore mogleg og vi har kvitta oss med ein leasingbil.

Det er montert infoskjermer på Varafjell og Fusa avlasting. Leiarane er kursa i bruken av desse og er klare til å starta opp.

Tilrettelagte tenester - vaksne

På grunn av rekrutteringsvanskar har vi måttå nytta vikarbyrå ein god del i nokre tenester på austsida av kommunen. Vi har arbeidd mykje med å koma vekk frå dette, og eininga har klart å ta ned bruken av vikarar frå byrå frå fem årsverk til eitt. Det er eit mål å avvikla bruken av vikarbyrå heilt, men på grunn av mangel på personale til drift som følgje av koronapandemien er dette utsett til våren-22.

Vi har jobba mykje med nye turnusar. Vi ser fram til opplæring i bruk av turnusprogram, som vil gje stort utbyte til fleire av avdelingsleiarane.

I 2020 hadde eininga 133 % forbruk i høve til budsjett, medan vi no er på 100,1 %.

"Heilt med" er arbeid for menneske med funksjonsnedsettingar i ordinært arbeid. Vi har ikkje hatt særleg kapasitet til å arbeida med dette i 2021. Vi ser nytten av å vurdera denne ordninga og vil ta opp att dette arbeidet i 2022.

Psykisk helse og rus

Eininga har over fleire år kjøpt private tenester for å sikra tilbod til brukarar med omfattande behov. I 2020 kosta dette eininga omlag kr 8,3 mill. og det var venta å kosta kr 8,5 mill. for 2021. Her såg vi potensiale for å spara og samtidig auka kvaliteten på tenestetilbodet gjennom å ta over drifta sjølv. Vartun vart difor bygd om med utvida personalområde for å auke grunnbemanningsa og sikra forsvarlege

tenester til nye brukarar. Vi overførte noko ansvar til Vartun frå andre avdelingar i eininga. Som følgje av desse endringane vart grunnbemanninga på Vartun utvida med 4,25 nye årsverk. Føremålet er å sikra eit godt fagleg tilbod til brukarar og å redusera potensielt doble tenester. Endringane har ført til ei netto innsparing på omlag kr 5,3 mill. på årsbasis.

Pleie og omsorg

Mykje av fokuset også i 2021 har vore pandemihandtering. Dette har vore krevjande både for personalet og brukarane. Det er ei fjør i hatten at vi i all hovudsak greidde å halda smitten ute av institusjonane våre gjennom året.

Vi har hatt eit pilotprosjekt på Luranetunet på forsterka opplæring av nytilsette og vikarar, og her er det gjort eit stort og godt arbeid. Dette gjev ein sterk start og er eit viktig tiltak for å rekruttera og behalda tilsette. Vi har også starta fleire gode omstillingsarbeid for å nytta kompetansen godt og gjera det meir attraktivt å vera helsepersonell i Pleie og omsorg.

Vi jobbar aktivt med å redusera bruken av vikarbyrå og har lukkast med dette i fleire av pleie- og omsorgseiningane.

Viktige hendingar

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Fagstaben la til rette for mykje endringsarbeid i 2021, både i eigen sektor og i andre sektorar. Nye arbeidsmåtar vart utvikla gjennom å ta i bruk og justera opplegget for Google design sprint, som er ein intensiv arbeidsmåte over fleire samanhengjande dagar.

Staben koordinerte og leverte saksutgreiing om behovet for heildøgns omsorgsplassar.

Bjørnafjorden har tatt i bruk Innbyggerdialog mellom fagsystemet Profil og HelseNorge og i 2021 opna vi for at pårørande til barn med tilbod frå Tilrettelagte tenester kunna ta dette i bruk. Dette er ein enkelt og trygg måte for pårørande å kommunisera med tenesta på og innkomande meldingar kan enkelt journalførast i Profil.

Leiar av KE heldt kurs for koordinatorar og ga i tillegg til 1-til-1-opplæring til nye koordinatorar. Fleire ansvarsgruppemøte vart gjennomført på Teams og det gjer at representantar frå spesialisthelsetenesta eller tenesteytarar i andre kommunar lettare kan ta del.

Avdeling Forvaltning og Koordinering

I mai 2021 tok vi del i eit større, felles utviklingsarbeid der vi arbeidde med gode tiltak for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg i eigen heim. Ei problemstilling er korleis vi kan lukkast med å få pasientar raskare tilbake i eigen bustad, anten det gjeld direkte frå sjukehus eller gjennom å justera lengde og innhald ved korttidsopphald i institusjon.

Legevakt og legetenester

Pandemiarbeid og smittetiltak har gjort at ein del andre oppgåver måttu nedprioriterast. Håpet er at tenestene ut over i 2022 etter kvart kan venda tilbake til meir normal drift, og igjen ha meir fokus på viktige oppgåver som fagutvikling og kvalitetsarbeid.

Helsefremming og rehabilitering

Viktige hendingar for eininga i 2021 er:

- Turnuskandidat fysio frå august som er svært nyttig ressurs i ei tid med stort arbeidspress og vanskar med å skaffa vikar ved sjukefråvær.
- Omgjering av prosjektstillingar til faste stillingar frå oktober.
- Auka tverrfagleg fokus på kvardagsmeistring, førebyggjande og helsefremjande arbeid og pasientflyt i heile tenestekjeda.

NAV

Dei viktigaste hendingane for eininga i 2021 er:

- Innføring av innsynsmodul. Brukarane har no innsyn i m.a. si eiga sak om sosialstønad.
- Vidare tildelt midlar for 2021 frå Statsforvaltaren til utviklingstiltak innanfor sosiale tenester. Dette vert nytta til koordinatorstilling ved det lokale gruppetiltaket Posterus for unge under 30 år.
- Deltaking i fleire store endringsarbeid: Omorganisering av flyktningstenesta, prosjektet Bustad for velferd og BUA.
- Tilsyn ved Statsforvaltaren gjeldande personar med forsytaransvar.
- Oppstart av satsinga "Idrett for alle".
- Testing av tilbodet med "drop in"-time for økonomisk rådgjeving.
- Etablering av inkluderings- og kvalifiseringsprosjekt i samarbeid med kommunane i regionen, Bjørnafjorden Næringsråd og andre lokale samarbeidspartar.
- Avgjerd om nye lokale for NAV Bjørnafjorden.

Tilrettelagte tenester - barn og unge og Tilrettelagte tenester - vaksne

Eininga tel etter samanslåinga om lag 220 årsverk og er dermed blant dei største einingane i kommunen. Eininga har avdelingar i store delar av kommunen, og er såleis svært spreidd. Vi har valt å redusera i leiarstabben både på einingsleiar- og avdelingsleirnivå. Som kompenserande tiltak har vi brukt noko av dette nedtrekket til å tilsetja eigen personalrådgjevar frå 1.1.2022.

Psykisk helse og rus

Leiarbyte ved Vartun har ført til intern rekruttering av ny leiar. Avdelingane har bidratt med arbeidskraft og kompetanse på tvers innan i eininga for å sikra leiing i ein overgangsperiode på omlag seks mnd. Det har vore godt samarbeid og svært høg grad av fleksibilitet blant personalet.

Handlingsplan mot vald i nære relasjoner - Trygg heile livet - vart levert til politisk behandling hausten 2021. Arbeidet vart ført i pennen og koordinert av einingsleiar Eva-Mari Solberg, som også arbeider med handlingsplan for førebygging av sjølvmord og støtte til pårørande. Eva-Mari Solberg gjekk av ved årsskiftet 2021/2022, etter mange års innsats som leiar.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg er, saman med Helsefremming og rehabilitering og Avdeling for forvaltning og koordinering, tatt opp i eit treårig forskingsbasert innovasjonsprosjekt for kommunale omsorgstenester. På slutten av 2021 arbeidde vi med planlegging og nullpunkt kartleggingar i prosjektet.

Vi har arbeidd med kjøkenprosjekt gjennom året, med planlegging av produksjonskjøken på Fusa bu- og behandlingssenter og mottakskjøken på Luranetunet.

I løpet av året vart Heimetenenester Os igjen samlokalisert, no i den tidlegare Lyssandfabrikken. Dette ga igjen god moglegheit for samarbeid på tvers av avdelingane med betre ressursutnytting. På slutten av

året starta eit etterlengta arbeid med opprusting av det tidlegare helsesenteret i Eikelandsosen, som skal nyttast av Heimetenester Eikelandsosen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
30-Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar	-616 696	-628 296	-612 125	16 171	2,6 %
31-Avdeling Forvaltning og Koordinering	41 394	62 864	60 897	-1 967	-3,2 %
32-Legevakt og legetenester	55 441	69 713	58 437	-11 276	-19,3 %
33-Helsefremming og rehabilitering	23 710	28 658	28 372	-287	-1,0 %
34-NAV	31 411	25 384	31 312	5 928	18,9 %
35-Tilrettelagte tenester - barn og unge	30 177	32 362	40 684	8 322	20,5 %
36-Psykisk helse og rus	43 850	43 439	45 844	2 405	5,2 %
37-Pleie og omsorg	330 457	336 838	318 872	-17 966	-5,6 %
38-Tilrettelagte tenester - vaksne	155 120	153 512	153 378	-135	-0,1 %
Sum	94 864	124 476	125 670	1 194	1,0 %

Kommentar til status økonomi

Resultatet for sektoren sett under eitt er eit mindreforbruk på om lag kr 1,2 mill. 2021 vart det siste året med finansiering gjennom SIO-prosjektet.

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Under fagstab og felles satsingar ligg eit mindreforbruk på kr 16 mill som kjem frå SIO-inntekter. Desse inntektene høyrer reelt sett først og fremst til i Pleie og omsorg, men også i Tilrettelagte tenester og Psykisk helse og rus.

Avdeling Forvaltning og Koordinering (AFK)

Samla meirforbruk på AFK og bustad og flyktning, som er organisert under AFK frå årsskiftet 2021/2022, er på kr 2 mill. Det er store innsparinger på bustad- og flyktning og overforbruk på AFK, særleg knytt til ordninga med BPA. Frå 2021 er budsjett og rekneskap knytt til integreringstilskot for flyktningar flytta vekk frå sektoren.

Legevakt og legetenester

Legevakt hadde i 2021 eit overforbruk på 33 % eller ca. kr 11 mill. Mesteparten av dette skuldast underbudsjettering på løn, pensjonsinnskot, arbeidsgjevaravgift, kontingentar og lisensar. Dette er ordna opp i for 2022. Pandemien har i tillegg forårsaka noko auke i driftsutgiftene på legevakta. Det manglar nokre inntekter for legevakttenester som vil koma på 2022.

Eikelandsosen helsesenter hadde i 2021 eit overforbruk på 55 %. Dette skuldast i stor grad at mangel på fastlegar gjer at vi må leiga inn kostbare vikarar. I tillegg var leigekostnader til legekontor og legebustad underbudsjettert.

Helsefremming og rehabilitering

Nettoresultat med eit overforbruk på 1 % eller knapt kr 0,3 mill. som skuldast:

- Redusert brukarbetaling når bassenget på Luranetunet har vore korona-stengt
- Ny teneste til eininga - dagsenter for menn med demens på Øvreide gard - utan at det finst budsjett for det

- Ein del sjukefråvær utan å ta inn vikar, noko som har pynta mykje på nettoresultatet

NAV

NAV Bjørnafjorden gjekk med mindreforbruk på ca. kr 6 mill. kr som skuldast:

- Lønsutgifter: Underforbruk kr 1 mill. I all hovudsak handlar dette om sjukefråvær og permisjonar som berre delvis er erstatta.
- Stønad til livsopphald: Underforbruk på kr 2 mill. Underforbruket kan skuldast fleire høve, m.a. å finna "rett budsjettlinivå" etter kommunesamanslåinga. I åra før kommunesamanslåinga var det ein auke i utgiftene til livsopphald. No har utgiftene vore lågare, trass koronapandemien. Det kan koma ein auke i utgifter i 2022, som følgje av langtidsledige og at mottakarar av arbeidsavklaringspengar ikkje lenger har rettar.
- Stønad til buutgifter: Underforbruk på kr 3 mill. Underforbruket kan forklarast på same måte som for livsopphald. I tillegg har det vore lite flytting og avgrensa bruk av hospits, m.a. som følgje av pandemien. Bruk av hospits er ei kostbar mellombels buløsing. Bruken vil kunna endra seg i takt med gjenopninga av samfunnet.

Tilrettelagte tenester - barn og unge

Det økonomiske resultatet er svært godt. Dette har fleire forklaringar:

- Ei avdeling vart lagt ned våren 2021.
- Fokus på nøysam drift og å spara alle stader der det har vore mogleg.
- "Sal" av fleire tenester enn venta. Dette gjeld alt frå barnehage til vidaregåande skule.
- Mindreforbruk på leiarsida fordi store delar av leiinga har mangla delar av året i påvente av nyrekryttering.

Tilrettelagte tenester - vaksne

Tilrettelagte tenester vaksne går i balanse. Eininga vart slått saman med Tilrettelagte tenester barn i juni 2021. Samla mindreforbruk for den samanslegne eininga er på kr 8,2 mill.

Psykisk helse og us

Eininga har eit mindreforbruk på kr 2,4 mill. Mindreforbruket kan forklarast med effektive sparetiltak, vakans i stillinger, høgt sjukefråvær og permisjonar. Det er ikkje alltid mogleg å få tak i kvalifiserte vikarar ved sjukdom, særleg ved langtidsfråvær utover arbeidsgjevarperioden.

Leiarbyte ved Vartun har ført til intern rekryttering av ny leiar. Avdelingane har bidratt med arbeidskraft og kompetanse på tvers for å sikra leiing i ein periode på omlag 6 mnd. Det har vore godt samarbeid og svært høg grad av fleksibilitet blant personalet. Dette ga lågare lønsutgifter i tilsvarende periode.

Grunnbemanninga ved Vartun er auka med 4,25 årsverk som følgje av oppsagt avtale med privat aktør. Avdelinga var i full drift ved årsskiftet. For 2022 vil denne endringa medføra betydeleg innsparing.

Pleie og omsorg

Rekneskapen viser eit overforbruk på kr 18 mill, men det reelle beløpet er mindre, jf. kommentaren under Fagstab og felles satsingar om SIO-inntekter.

Overforbruket skuldast m.a. store kostnader knytt til pandemi; auka smitteverntiltak, bemanning og fråvær. I tillegg er heile kommunen sitt innkjøp av smittevernustyr og ekstrabemanning med administrering av dette ført på Pleie og omsorg.

Meirforbruket skuldast òg store brukarbehov. Vi registrerer ei utvikling med stadig dårlegare bebuarar og pasientar i institusjon. Sjukdomsbileta er meir komplekse enn tidlegare. Vi har òg betalt om lag kr 1 mill. for medfinansiering av utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Rekrutteringssituasjonen utløyste også dette året noko dyrare drift enn budsjettet. Vi jobbar aktivt med å redusera bruken av vikarbyrå og har lukkast med dette i fleire av pleie- og omsorgseiningane.

Heimetenestene leverer budsjett med små overskot, medan institusjonane har meirforbruk på kr 2,7 og 14,6 mill.

Fleire avdelingar på dei to bu- og behandlingssentra har i 2021 gått med ekstra bemanning. Dette skuldast både uro på dementavdelingane og enkelte brukarar med behov for ekstra innsats.

Spesielt er talet på pasientar med kognitiv svikt og utfordrande åtferd aukande. Demens er ein sjukdom som er vanskeleg å behandla medikamentelt og eit aukande tal av desse responderer ikkje på medisin. Det einaste terapeutiske verkemiddelet er faglært personell som er tett på og tryggjar, og som har kompetanse til å førebyggja ønskt åtferd. Å skaffa slik kompetanse har vist seg vanskeleg i ferietid og i 2021 har vi difor leigd inn faglært kompetanse frå vikarbyrå, noko som har vesentleg høgare kostnad enn eigne vikarar.

Vi ser og at store avdelingar i mange tilfelle ikkje er eigna for pasientar med demens. Store avdelingar og korttidsavdelingar med høg aktivitet genererer meir uro og dermed også behov for meir personale. Slik ekstra ressursinnsats har bidratt til meirforbruket.

Status målsettingar

- Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune
- Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosesser
- Vi fremmar grøn samfunnsutvikling
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål 2021
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	1 Andel planar/strategier som er vedtatt i planstrategien som er følgt opp	Gjennomført 100,0 %	100,0 %	
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og trygge teknologier	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og trygge teknologier	Tal brukarar som til ein kvar tid bur i mellombels bustad/hospits	2,0	0,7	
Vi har et godt samfunn med god helse og trygghet	Vi har et godt samfunn med god helse og trygghet	Andel avdelinger på helse og velferd som innan 1. mai har infoskjermar på	100,0 %		

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål
			2021	2021	
enkle og effektive arbeidsprosessar	effektive arbeidsprosessar	alle avdelingar for å nå ut med viktig informasjon til medarbeidarane			
		NAV har minst to digitale publikumsmottak	2,0	1,0	
		Vi implementerer velferdsteknologi: 15 brukarar har elektronisk medisineringsstøtte	100,0 %	113,0 %	
		Vi implementerer velferdsteknologi:15 brukarar har digitalt tilsyn	100,0 %	120,0 %	
		Vi implementerer velferdsteknologi:15 brukarar har GPS	100,0 %	100,0 %	
		Vi implementerer velferdsteknologi:20 brukarar har sensorteknologi i heimen	100,0 %	15,0 %	
		Vi implementerer velferdsteknologi:50 tilsette har tatt "Velferdsteknologiens ABC"	100,0 %	0,0 %	
Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Andel avdelingar i helse og velferd som har etablert gjennvinningsstasjoner for papir og plast	80,0 %		
		Andel nyanskaffa biler i helse og velferd som er el-bilar og kor tilhøyrande ladestuktur er etablert	50,0 %	60,0 %	
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Andel av alle som har vore med i lokalt gruppetiltak gjennom NAV er komne i arbeid eller aktivitet	90,0 %	60,0 %	
		Antal flykningar i introduksjonsprogrammet som kjem ut i fast, ordinært arbeid	4,0	2,0	
		Antal leigetakrarar i kommunal bustad som kjøper bustaden	3,0	0,0	
		Antal personar som får overgang frå kommunal bustad til startlån/eigen bustad	4,0	3,0	
		Maks antal personar under 30 år som går på full eller langvarig sosialstønad	30,0	43,0	

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Hovedmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål 2021
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	Andel tilsette som får tilbod om medarbeidarsamtale		100,0 %	
		Det er gjennomført årleg vernerunde i alle einingar		100,0 %	
		Samla sjukefråvær (korttid og langtid)	7,0 %	11,7 %	!
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	Andel av rehabiliteringsplassane ved FBBS og LBBS som er i bruk til rehabiliteringsføremål	80,0 %	60,0 %	!
		Andel færre betalingsdøgn for utskrivingsklare pasientar frå sjukehus per tertial enn i 2020	50,0 %	-171,0 %	!
		Antal kursopplegg i meistring av depresjon arrangert for innbyggjarane i løpet av året	2,0	0,0	!
		Antal nye diagnoseavhengige gruppeaktivitetar med fokus på meistring innan helsefremming og rehabilitering og psykisk helse og rus	8,0	13,0	✓
		Antal serviceklagar på NAV	0,0	3,0	!

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2020	Bjørnafjorden 2021	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelse brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr) *)	1 645	1 754	1 250	1 314
Annet forebyggende helsearbeid brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	334	309	1 117	1 354
Diagnose, behandling, re-/habilitering brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	3 266	4 064	3 380	3 593
Helse- og omsorg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	34 650	37 460	32 125	32 062
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) *) **)	2 708	3 425	2 732	2 627
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	37 689	33 376	49 498	51 573

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Dekningsgrad

Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	27,0 %	32,8 %	30,1 %	31,3 %
Andel hjemmeboere med høy timeinnsats	9,5 %	12,0 %	7,8 %	7,6 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	17,1 %	19,8 %	17,4 %	18,5 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B)	15,2 %	21,5 %	16,8 %	16,6 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	29,6 %	30,7 %	17,4 %	16,1 %
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	1,6 %	1,6 %	0,7 %	0,7 %
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	8,8 %	8,2 %	4,3 %	3,7 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	38,2 %	32,5 %	29,4 %	28,7 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	53,0 %	50,0 %	33,9 %	28,5 %

Årsverk

Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere.	6,7	6,9	7,6	7,7
Funksjon 241 (B)				
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	8,5	8,5	9,4	9,5
Kvalitet				
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	73,8 %	73,7 %	77,8 %	78,3 %
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	56,0 %	70,7 %	82,5 %	83,2 %
Andel pasienter på liste uten lege	11,4 %	11,7 %	3,9 %	2,9 %
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	98,5 %	98,7 %
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7,7	8,0	9,6	9,6
Gjennomsnittlig listelengde	981,0	976,0	1 019,0	1 021,0
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 318,0	1 222,0	1 146,0	1 143,0
Omsorgstjenestene i alt Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	291,00	296,26	286,02	285,91
Reservekapasitet fastlege	99,0	99,0	100,0	101,0
Sykepleiere med spes./vd. utd. Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	13,24	13,09	7,95	8,00
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helseper 10 000 innbyggere (helse og sosial)	11	9	9	9
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial)	5,2	4,0	3,6	3,4
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	322,0	326,7	319,3	318,8
Økonomi				
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Pleie og omsorg	25 004	27 280	24 149	24 543

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Bufellesskap	24 000	870	2 000	870 Forsinket
Eikhovdaheimen	250	0	250	0 Ikke vurdert
Fusa Bu og Behandlingssenter	300	0	300	0 Ikke vurdert
Hjelphemiddelsentral - lager	400	295	400	295 Ikke vurdert
Kjøkenløysing	10 000	1 314	1 000	1 314 Forsinket
Omsorg Pluss	250	0	250	0 Ikke vurdert
Sum	35 200	2 479	4 200	2 479

Statustekst investeringar

Bufellesskap

Avklaring av plassering har ført til at prosjektet er noko forsinka.

Prosjektering har pågått, samt utarbeiding av funksjonsbeskrivelse til konkurransegrunnlaget.

Eikhovdaheimen

Utgreiing helse, ikkje investering.

Fusa Bu og Behandlingssenter

Utgreiing helse, ikkje investering.

Hjelphemiddelsentral - lager

Det vart utarbeida mulighetsstudie med kalkyler for lokaler for heimatenesta i tillegg til hjelphemiddellager, alternativ med bygg både med 3 og 2 etasjar.

På slutten av året avventet ein budsjettvedtak for 2023 for vidare arbeid i prosjektet.

Kjøkenløysing

FBBS

For produksjonkjøkken ved FBBS var det særskilt vanskeleg å få nokon til å utdøra dei bygningsmessige arbeida, men ein løyste dette ved bruk av firma som kommunen hadde rammeavtale med. Konkurranse for leveranse av storkjøkken vart gjennomført.

Luranetunet

Arbeidet med tilbodsmateriell vart forsinka grunna utfordringar med spesielt straumtilførsel og ventilasjon. Kjøkken ved Luranetunet vil ikkje være klart til 1.juni 2022.

Kostnadsmessig vil prosjektet gå over ramma, pga det ikkje vart avsett midlar i samsvar med kostnadsestimateat at det har vært ein svært stor auke i materialekostnader.

Omsorg Pluss

Utgreiing helse, ikkje investering.

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesta

I Samfunnsutvikling er det dedikerte, engasjerte og kompetente medarbeidrarar innan alle fagfelt. Saksområdet er stort og komplekst med mange ulike kompetanseområde. Samfunnsutvikling inneheld Samferdsel/VA, Eigedom-drift, Brann og redning, Kultur, Nærings, Kart/oppmåling, Byggesak, Plan, Landbruk, Prosjekt og Innbyggarservice - som kom til sektoren i august. I tillegg har sektoren ansvar for klima- og miljøarbeidet i kommunen. Det å ha desse tenestene samla i ein sektor gjer at vi kan samordne og ta opp felles utfordringar, og ansvarleggjere kvarandre. Sektoren må samhandle med dei andre sektorane på mange område, det kan vere bygg og anlegg dei nyttar i sine tenester, planarbeid, kultur- og fritidsaktivitetar, klima- og miljøarbeid eller anna. Eit viktig innsatsområde er å legge til rette for utvikling av gode og trygge lokalsamfunn. Dette skjer ofte i samhandling med PBU, formannskap eller andre politiske fora. Dialog og samhandling med innbyggjarar og næringsliv er og eit område som er satt i system og som er i utvikling.

Næringsavdelinga

Det har vært stor aktivitet på næringsavdelinga innan ein bredt spekter av næringsrelaterte oppgåver. Hovudprioritet har vært å gje god oppfølging og støtte til etablert næringsliv, auka attraktiviteten til Bjørnafjorden som næringskommune, ha dialog med bedrifter som ønskjer å etablere seg i Bjørnafjorden, samt handtere utdeling av kompensasjonsmidlar i forbindelse med Covid19. Næringslivet i kommunen er innan fleire bransjar hardt råka av smittevernstiltak knytta til CoVid19. For næringsavdelinga er det høg prioritet å ha dialog og hjelpe bedrifter som er spesielt råka. Synleghet gjennom sosiale og lokale medier er prioritert for å fremma arbeidet som vert utført og for å fremje det lokale næringslivet.

Landbruk og skogbruk

Bjørnafjorden Landbrukskontor er interkommunalt landbrukskontor for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes. Vi driv rådgjeving, rettleiing og kontroll og handsaming av søknader om ulike tilskot innanfor landbruk i kommunane. Vi har ansvaret for ei tilfredsstillande veterinærordning og har og ansvaret for at det vert teke omsyn til landbruksnæringa og landbruksareala i kommunane når det skal gjerast ulike tiltak. Landbruket og skogbruket er viktig som næring, ivaretaking av lokalsamfunn - og for ivaretaking av klima- og miljøomsyn. Dette er ei viktig næring i kommunen, som kan utviklast vidare - gjerne i samarbeid med andre næringar eller interesser.

Plan, byggesak, kart/oppmåling

Planavdeling, Byggesak og Kart/oppmåling utfører nødvendige tenester for at næringsliv, private og offentlege aktørar skal kunne realisere og utvikle eigedommar, arbeidsplassar, bustadområde og lokalsamfunn.

Prosjektavdelinga

Infrakstruktur og kommunale bygningar er viktige verktøy for at Bjørnafjorden kommune skal oppretthalda ein robust og sikker tenesteleveranse. Prosjektavdelinga har stor gjennomføringsevne og kompetanse for å bidra med vidare utvikling av kommunen og gjennomføring av investeringsprosjekt.

Kultureininga

Kultureininga er organisert med tre avdelingar og stabsfunksjonar.; bibliotekavdeling, kultur- og fritidsavdeling og idrett og friluftsliv. Tenesteproduksjonen har fleire lokasjonar og arbeidsplassar på begge sider av fjorden. Fleire er tilsett i små stillinger for å gjennomføra vaktplanar i bibliotek og klubbdrift.

Brann og redningstenesta

HBrann og redning har som mål å sørge for gode tenester innan brann og redning til våre innbyggjarar i heile kommunen. Bjørnafjorden brann og redning skal være synlig og tilstede for våre innbyggjarar når dei treng oss, om det er i forhold til det førebyggande eller beredskapsrelaterte arbeide vi utfører. Hovudoppgåva er å redde liv og materielle verdier, men veldig viktigt er å drive førebyggjande arbeid gjennom aktiviteter som tilsyn.

Eigedom - drift

Eigedom-drift driftar og vedlikeheld ca 160.000m² bygningsmasse i tillegg til alle grøntområda me rår over. Mange av oppdraga er faste oppgåver som t.d service på ventilasjonsanlegg, varmesystemer, vannbehandling, legionellakontroll, SD-styring, varmepumper, elektriske innstallasjonar, nøkkelsystemer etc. Eigne gartnarar driv med planting av blomar, trefelling og anna gartnarrelaterte oppgåver.

Samferdsel

Bjørnafjorden kommune har ansvaret for drift og vedlikehald av omlag 20 mil med kommunal veg, 48 bruar og kaiar.

Vatn og Avlaup (VA)

I Bjørnafjorden kommune har vi 5 vassbehandlingsanlegg. Eit krisevassverk som kan nyttast ved større leidningsbrot på Ossida, men det krev då at abonnentene kokar vatnet. Reservevassforsyning var eit krav som har lagt som eit krav frå Mattilsynet, no er dette løyst med samankobling av vassleidning i Endelausemarka.

Vi har på Ossida tre avlaupsreinseanleg. Ohara som er det største anlegget og Statsforvaltaren er tilsynsmynde for. Skeisleira og Søvik er to mindre reinseanlegg som kommunen sjølv er tilsynsmynde for og som etter planen skal overførast til Ohara i løpet av nokre år. Halhjem reinseanlegg er nedlagt og overført til OHARA. Det er fleire store slamavskiljere som ligg på det kommunale nettet. Vidare er det 57 stk avløpspumpestasjonar og tilhøyrande leidningsnett.

Tilsyn på privat avløp har ein ansvar for, i kommunen er det omlag 3000 mindre avløpsanlegg.

Klima, energi og miljø

Stillinga som klima- og miljøvernrådgjevar er etablert og bemanna, og denne skal koordinere, utvikle og fremje denne delen av kommunen sitt ansvarsområde. Dette blir ein stadig meir sentral del av kommunen sitt ansvarsområde.

Innbyggarservice

Eininga er nyopprettet, og kom til Samfunnsutvikling i august. Oppgåver som ligg til Innbyggarservice er arkiv, utvalsekretariat, val, kommunikasjon, nettsider, publikumsmottak og sentralbord. Tilsette i Innbyggarservice skal vere pådrivarar, rådgjevarar og utfordrarar til å utvikle desse fagområda vidare med fokus på digitalt førsteval for innbyggjarane.

Utvikling og utfordringar

Arbeidet med harmonisering av dei to tidlegare kommunane har fortsatt i 2021 og ein har fått på plass mykje. Generelt har covid-19 redusert noko utviklingsarbeid, på grunn av heimekontor og det å ikkje kunne møtast fysisk i deler av året.

Planavdelinga arbeider med alle typer planar, samfunnsplanar, arealplanar, strategier og høyringer på regionale og statlege planar. I tillegg arbeider eininga med oppfølging av miljøloftet. Det er høgt arbeidspress, og fleire større planar under arbeid, så kapasitet i høve forventninger frå næringsliv,

politikatar og andre er ei utfordring. I løpet av året er det rekruttert inn fagkompetanse som fører til reduserte konsulentutgifter.

I 2021 er det behandla 33 plansaker, der 9 planer vart endelig vedtatt. Avdelinga har styrka eigeproduksjon, og tatt ned saksbehandlingstid. Avdelinga har tatt i bruk Framsikt planmodul, for å styrke kobling mellom samfunnsplanar og kommunens økonomiplan.

Av kommunen sine eigne planar har eininga levert Klima-miljø- og energi plan i samsvar med planstrategien og områdeplan for Samnøy.

Planeininga har arbeider med uttaler til statlege og fylkeskommunale planar og deltatt i følgjande partnerskap: Miljøløftet, Grønn konkuransekraft og Bustadforum.

Det vart i byrjinga av 2020 igangsett eit stort arbeid med kvalitetssikring for heile område samfunnsutvikling. Arbeidet er omfattande og pågår kontinuerlig.

Prosjektavdelinga har arbeid spesielt med system for prosjektoppfølging, Prosjektpartenen 365 har ein ilag med leverandør prøvd å få til å fungere for prosjektavdelinga utan å lukkast. Det vart i løpet av hausten arbeid med konkurransen for å få eit godt prosjektstyringssystem, som har som mål å være både styringsverktøy i prosjekta og kan fungere som webhotel. Konkurransen vart lyst ut på slutten av året.

Eit framleis viktig tema er styringssistema, samt kontinuerlig styrking av prosjektavdelinga sin kompetanse på innkjøp, kontraktinngåelse og endringshandtering.

Tid og ressursar er det knapphet på. Også 2021 har vært spesielt på grunn av covid-19 for prosjektavdelinga, mykje av arbeidet har tatt lengre tid, både ute på byggeplasser, i prosjekteringsfasen og med bruk av heimakontor for eigne tilsette.

Prosjektsjef har også vært konstituert kommunalsjef SU på slutten av året.

Infrakstruktur og kommunale bygningar er viktige verktøy for at Bjørnafjorden kommune skal oppretthalda ein robust og sikker tenesteleveranse. Prosjekta har stor gjennomføringsevne og kompetanse for å bidra med vidare utvikling av kommunen og gjennomføring av investeringsprosjekt. Kommunen investerer store summar i oppgradering av vegar, trygg vassforsyning og avlaupshandtering. Dette er eit kontinuerlig og langsiktig arbeid.

Det er spennande tider på **næringsavdelinga**. Fleire bedrifa sleit med verknaden av Covid19. Oppfølging og støtte til desse bedriftene var ei viktig og prioritert oppgåve. Det har vore ved fleire høve delt ut kompensasjonsmidlar på vegne av staten til lokale bedrifter. Arbeidet er gjort i tett samarbeid med Bjørnafjorden næringsråd og ein opplev responsen frå næringslivet som positiv. Det kan tyde på at utdeling av midlane har vore treffsikre.

Næringsavdelinga jobbar aktivt for å gjøre kommunen enda betre for å leggje til rette for næringslivet. Dette gjer vi mellom anna med gode dialogpunkt med næringslivet. I samarbeid med Bjørnafjorden næringsråd har ein arbeid for faste møtepunkt med bygg- og anleggsbransjen i kommunen. På agendaen er det å skape betre samhandling og meir føreseielege vilkår for næringa. Det har vært dialogmøter og eit frukostseminar for næringa.

Det jobbast aktivt med fleire store utviklingsprosjekt. Her kan ein spesielt nemne arbeidet med hotelletablering og utvikling av «Esso-tomta».

Os gjestehamn var ein prioritet for satsing for sommaren 2021. Gjennom oppgradering av nettsida og målretta marknadsføring har ein oppnådd veldig gode resultat. Det har vært satsa på hamnevert og god service til dei tilreisande som kjem til hamna.

Vidare arbeid med gode dialogpunkt med næringslivet vil vere viktig. Når ein ser enden på pandemien er det viktig å gjenskape ein kultur for å møtast i næringslivet og det vil bli prioritert å skape gode arenaer for kommunen å møte næringslivet, samt at næringslivet kan møte kvarandre. Næringsavdelinga gjekk i 2021 frå to til ein tilsett.

Byggesak var gjennom ein periode med lengre sjukemeldingar og permisionar, noko som har ført til visse kapasitetsutfordringar. Ulovligheitsoppfølging blei noko nedprioritert i vår og sommar for å få behandla byggesakene. Den viktigaste utfordringa byggesaksavdelinga har er å fullføre det kulturarbeidet som må gjerast for å smelte sammen byggesaksavdelingane frå Os og Fusa til ei felles avdeling. Dette arbeidet har blitt nedprioritert i 2021 på grunn av ressurssituasjonen og må takast opp att for å skape eit godt arbeidsmiljø og sikre gode og like tenester til innbyggjarane.

Kart-og oppmåling har jobba godt med innkomne saker og med å få ned saksrestanse på MUF (mellombels utsatt forretning). Eininga har store utfordringer knytta til matrikkelkartet i «Bjørnafjorden øst». Mange eigedomar er ikkje registrert i kartet eller berre registrert som «sirkeleigedomar» Rapportar frå matikkelen viser at 436 eigedomar mangler heilt eller er registrert som sirkeleigedomar (har ukjent grenseforløp). Som ein følgje av dette må ein mykje tid til førebuing i kvar sak før ein kan kalle inn til forretning. Når eigedomane ikkje viser i kartet er dette også eit problem for andre einingar som td byggesak, og sakshandsaminga blir ikkje like effektiv. Digitale søknadsløysingar treng også fullstendige data for å kunne nyttast effektivt.

Det er og gjort eit større løft for å heve kvaliteten på markslagskart og planregister med innlegging av dokument. I tillegg til den daglege drifta vil avdelinga framover ha fokus på innlegging av rutinar og sjekklister i KS (kvalitetssystemet).

Det er også behov for å ta fatt i adressering for å få tildelt bustadadresse til alle hustandar i kommunen.

Kulturfeltet har vore eit av samfunnsområda som har vore relativt hardt ramma av pandemien. Både bibliotek, svømmehallar, idrettshallar, kulturhus, fritidsklubar og frivilligentralar har hatt periodevis sterkt redusert aktivitet. Høgtidsdagar som 8. mai og 17. mai har hatt digitale løysingar på andre året. På fleire felt har det blitt mykje ekstra arbeid for å kompensera for pandemi og for å finna alternative program og løysingar. Dei som har hatt administrative stillingar har hatt heimekontor i periodar. Samstundes har mykje av det administrative arbeidet gått som vanleg. Utanom pandemien som alt er nemnd har vi hatt store utfordringar med sjukdom hjå tilsette og i nære relasjonar til tilsette som gjer at det har vore eit krevjande arbeidsår.

Likevel vart 2021 eit godt arbeidsår der vi i større grad klarte å tilpassa oss ein ny kvardag med smitterutinar og nye arbeidsmåtar.

Eit av fleire høgdepunkt var opninga av BUA-utstyrssentral i juni. Biblioteket sette ny rekord med sommarles-kampanje. På hausten vart det gjennomført to dagar med Trygg i Bjørnafjorden på Oseana og med god hjelp av eksterne midlar fekk vi mykje god kulturformidling ute på institusjonar. Kultur har òg hatt krevjande arbeid med omstilling som følge av Bjørnafjorden 22 med knappe økonomiske rammer.

I løpet av 2021 har ansvar og oppgåver med Fjorden arena gått over til Os idrettspark Bjørnafjorden KF.

Brann og redning har fått fleire oppgåver som skal løysast. Nokon gonger er brann og redning einaste naudetat på skadestaden, andre aktuelle aktørar er fråværande grunna andre oppdrag eller dei ikkje kan levera nok ressursar over tid.

Materiell og utstyr tilknytta brann og redning blir også satt under svært krevjande belastningar, som også gjer at ein har vanskeleg å forutsjå skader og store kostnader ift service og vedlikehold.

Landbruk driv aktivt utviklingsarbeid innan skog og landbruk i samarbeid med regionale og statlege myndigheter, bønder og grunneigarar. Lokal retningslinje for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) vart rullert i 2021 for perioden 2021-2024. Denne er politisk vedteken og dei prioriterte miljøtiltaka er basert på lokale utfordningar og dei fleste er vidareførd frå førre periode.

Hydrologiske tiltak og tiltak som kan redusere ureining frå landbruket har fått høgare prioritet enn tidlegare.

Eigedom Drift har hatt store utfordringar med Covid 19 på mange måtar. Det har resultert i myke høgere fråvær og ein har måtte tilpassa kvardagen med ulike tiltak i høve til smittesituasjonen rundt om kring på dei ulike einingene i kommunen. Det gjeld først og fremst drift- og vedlikehaldsarbeidet ein gjer kvar dag ut mot dei ulike einingane.

Eigedom Drift har store innsparingskrav i budsjettet. Det vil påvirke drifta myke og når ein i tillegg aukar bygningsmassen kvart år sier det seg sjølv at det vert press på eininga. Budsjett klarte ein å få i balanse tross svært høge straumprisar i siste halvdel av 2021.

Samferdsel har utfordringar med stor slitasje på vegane og vedlikthaldskostnadene aukar. Vinterdrift er ein stor utfordring for samferdsle, det har vore ein har vinter med mykje vær. Mykje vær fører og med mykje skader på vegene våre. Dette fører til at etterslepet veks, noko som vi ser i hovudplan for veg som er under utarbeiding. Drift og vedlikehald av veglys var ute på anbod og det er no Eviny AS som har ansvaret for veglysa i heile kommunen. Fleire kaier er stengt grunna lite midlar til vedlikehald. Arbeidet med ny Trafikksikringsplan pågjekk for fullt. Ordførar signerte intensjonsavtale for å bli Trafikksikker kommune, dette arbeidet har starta opp. Trafikksikring har eit stort fokus, ein gjennomfører mindre trafikksikringstiltak heile året. Vi har trafikkteljar som er eit godt hjelpemiddel når vi skal vurdere behov for fartsreduserande tiltak.

VA. For Vatn er vedlikeholdsplanen for høgdebasseng godkjent av Mattilsynet. Vi har meldt oss på Trykkløsstudien som er i regi av Folkhelseinstituttet. I denne studien skal FHI undersøke korleis kommunene kan unngå at drikkevatnet blir forureina med smittestoffer under arbeid på vassleidningsnettet. Sommaren var tørr og vi sendte ut oppmoding om å begrense hagevatning og unødig bruk av vatn.

Vassforskrifta og arbeidet med ny vassforvaltingsplan pågår. Det er tilsett ein som berre skal drive med oppfølging av mindre private avlaupsanlegg. Det vil bli eit stort fokus på dei mindre avlaupsreinseanlegga for å oppnå måla i vassforskrifta.

I februar var det ein langvarig kokeanbefaling til heile forsyningsområdet for Eikelandsosen vassverk som består av Skjelbreid vba og Helland vba. Grunna frost og lite nedbør vart det redusert tilrenning frå begge vassbehandlingsanlegga. Urensa vatn frå Skjelbreidvatnet vart difor tatt i bruk som ekstra vasskjelde, og alle abonnenter fekk kokeanbefaling i denne perioden.

Det var 12 vassleidningsbrot i 2021, det er alt fra hovudleidninger til mindre vassleidninger som i vi har driftsansvaret for.

Innbyggarservice hadde store omstillingsskrav, der reduksjon med 7 årsverk var innbakt. Dette medførte reorganisering av oppgåver og tenester, og noko reduksjon av tenestetilbodet. Funksjonar som arkiv, utvalsekretariat, val, kommunikasjon med innbyggjarane, nettsider, publikumsmottak og sentralbord skal bli ivareteke vidare. Eininga må bruke 2022 til å rigge fagområda på ei best mogeleg måte med dei ressursane som er igjen. Viktige spørsmål i omstillingssprosessen har vore korleis brukar vi ressursane våre? Korleis klarar vi å gjere det vi skal? Kva må vi gjere? Kva kan vi gjere på andre måter? Kva kan vi slutte med? Og kva er viktig at vi prioritatar no? Effektive arbeidsprosessar og digitalisering står sentralt i arbeidet.

Eit viktig prinsipp er Digital førsteval. Det betyr at dei digitale sjølvbeteningsløysingane er så gode at det er den prioriterte vegen til brukar. Innbyggarservice i samarbeid med tenesteområda, starta i desember på arbeidet med å legge til rette for betre sjølvbeteningsløysingar som frontdesk bestillings- og besökssystem, digitale skjema, Min side og god tenesteinformasjon på nett. Dette arbeidet held fram i 2022.

Eit anna viktig prinsipp er å ha brukaren i sentrum, at vi skal ei ein inngangsport til digital sjølvbetening, betre tilgang på god tenesteinformasjon, digitale skjema og ofte stilte spørsmål. Eit anna mål for arbeidet er at publikum får den hjelpen dei treng i første kontaktpunkt med kommunen. Vi skal legge til rette for god tilgjengelegheit og mest mogeleg like opningstider.

Når det kjem til arkivet held vi fram med å ha eit sentralt postmottak, men vil ikkje utvide omfanget med den bemanninga som vi har no. Det er viktig å tilpasse drifta og få gjort det vi må, så får utviklingsoppgåver som gjeld dokumentsenteret og arkiv vente til vi har meir kapasitet.

Utvalde resultat

Plan

Avdelinga har auka gebyrinntektene og levert fleire endringar etter forenkla prosess enn i 2020. Ingen planvedtak er omgjort eller oppheva ved klagebehandling i 2021. Sak om gravplass-kapasitet ble levert til politisk behandling hausten 2021, i samsvar med budsjettvedak.

Avdelinga har deltatt på møtepunkt med næringa. Parkering i fjell er påbegynt, og forstudie er gjennomført.

Kommunedelplanens arealdel for tidlegare Os kommune, og Sentrumsplanen for Osøyro, var to planar som medførte omfattende arbeid og som vil bli arbeidd videre med i 2022.

Byggjesak

I 2021 gjorde byggesaksavdelinga nærmare 1000 vedtak. Om lag 450 av desse var nye byggesaker, mens resten var vedtak om igangsetting, bruksløyver eller ferdigattestar.

Vi har registrert totalt 18 saker som gjekk over frist, mens målsettninga for 2021 var maks 10 saker over frist. Dette skuldast dels ein del eldre saker frå tidlegare Fusa kommune som har blitt rydda i, og dels eit svært høgt arbeidspress på våren på grunn av sjukdom og foreldrepermisjonar.

Ikkje overraskande er tidsbruken noko av det folk er mest negative til i ei pågåande brukerundersøkjing. Når fleire saker går over frist, vil dei andre sakene ofte ta lenger tid, og det er grunn til å vere optimistisk på at saksbehandlingstida vil gå ned jevnt over på alle sakene i 2022.

Kart og Oppmåling

Eininga har jobba godt med innkomne saker, og vi har hatt ei auke i saksmengde samanlikna med fjoråret (auke på 10%). Sakshandsamingstida har vore låg, men ein del saker har vorte parkert då sokjar

har ville utsette gjennomføringa. Alle saker som tidlegare har vore registrert som MUF (mellombels utsatt forretning) er nå ferdigstilt. Eininga har ikke hatt uforutsette utgifter utanom fornying av måleutstyret (GPS). 10 saker gjekk over 4mnd frist, alle desse MUF.

Gebyrinntekter på sjølvkostområdet vart om lag som budsjettet. I 1.og 2. tertial låg vi litt etter, men vi klarte å ta dette inn igjen i 3.terital. Eininga har også auka inntekter på kartsal og kartrelaterte produkt (meklerpakker) gjennom «kartbutikken» på heimesida.

Oppdaterte ortofoto er lagt ut på kartløysinga.

Kultureininga

Etter vanskelege år under koronapandemi vakna kulturlivet gradvis opp i løpet av 2021, sjølv om det vart nokre tilbakeslag. 17. mai vart for det meste digital også i 2022. Flunkande ny BUA-utstyrssentral opna i juni, biblioteket hadde rekordoppslutning om sommarleskampanjen for born og hadde samla sett i 2022 god auke i utlånet samanlikna med året før. To flotte dagsturhytter opna etter ferien i tett samarbeid med lokale turlag og fylkeskommunen. Med god hjelp frå eksterne tilskot vart det stimulert til å få innbyggjarane ut i aktivitet, m.a. med transportordningar for eldre og digihjelp. Vi fekk mange nye støttekontaktar i sving i løpet av året og gjennomførte rekordmange vigsler. I oktober vart det eit svært godt resultat for TV-aksjonen til Plan international som frivilligsentralane organiserte lokalt. Dei tilsette på kultureininga strakk seg lenger enn langt gjennom heile året for at kulturtilbodet skulle vera så godt og vanleg som råd, under uføreseielege pandemikår.

Brann

Førebyggande avdeling har i 2019 og 2020 lagt om til risikobasert bustadtilsyn og feiing. Det betyr at ein går tilsyn og feier ved behov ut frå kriterier som type skorstein, ildsted, alder på bustad, alder på bebuarar og type byggverk.

Ut i frå at målet å førebygge brann slik at tap av liv og verdier unngås, vil nokon bustader få tilsyn oftare og nokon sjeldnare enn tidlegare. Feiertjenesten er gebyrfinansiert og tradisjonelt beregnet ut fra tilsyn og feiing etter faste tidsintervaller.

For at vårt tilsynspersonell skal bruke mindre tid på administrasjonsarbeid og risikokartlegging har vi besluttet å implementere eit nytt fagsystem som skal effektivisere tilsynsprosessen og redusere administrasjonstida. Målet er at innen 2024 vil alle bustader og fritidsbustader være besøkt og risikovurdert av tilsynspersonell.

Eigedom Drift

Eigedom Drift har gjennom 2021 kjørt eit prosjekt som går på å få på plass elektronisk adgangskontrollsysten ARX og nøkkelsystem Click Remote på mange kommunale bygg. Strøno barneskule har fått nytt skulekjøkken.

Det er igangsatt arbeide med å skifte ut vinduer og kledning på Eikelandsosen barneskule. Solstrandvegen 41 har fått ny heis.

Vatn

Reservevassforsyninga frå Bergen er klar.
VI har utarbeida ny beredskaps-plan for vatn og avløp.

Avlaup

Auka straumpriser påvirker budsjettet på avlaup, dette gjeld spesielt på OHARA. Det er viktig å sjå på energieffektivisering

Miljø og klima

Kommunedelplanen for klima, energi og miljø (KLEM) vart ferdigstilt sommaren 2021, den politiske slutthandsaminga vart gjort i løpet av hausten/vinteren og planen vart fullt ut operativ på nyåret 2022. Dette er eit strategisk og handlingsretta viktig verktøy for det videre arbeidet, og det blir viktig å rullere denne med jamne mellomrom dei neste åra. Aller viktigst blir det å gjennomføre konkrete tiltak dei neste åra.

Miljøløftet skal finansiere tiltak for å nå målet om nullvekst i personbiltrafikken i Bergensregionen. Miljøløftet skal bidra til at veksten i persontransport i avtaleområdet tas med kollektiv, sykkel og gange. Bjørnafjorden fekk i 2021 midler til konkrete tiltak, og ny organisering av arbeidet inn mot Miljøløftet vil gi styrka fokus på tiltak og finansiering for vår kommune.

Vidare er varslings- og oppfølgingsrutinane ved akutt forureining oppdatert og kommunen si samla innsats på dette området er styrka. Likevel er det viktig å bli betre på dette feltet.

Innbyggarservice

Frå våren 2021 jobba stabstenestene i kommunen med ei større omstillingsprosess. Innbyggarservice blei oppretta under kommunalområdet Samfunnsutvikling frå 1.8.21 med oppgåvane arkiv, utvalsekretariat, val, kommunikasjon, nettsider, publikumsmottak og sentralbord. Eininga fekk eit innsparingskrav på sju stillingar det vil seie at 33 % av årsverka i eininga skulle bort. Etter valet 13.9. starta omstillingsprosessen med innsiktsmøter, risikovurderingar, tiltaksplanar, prioritering av ressursbehov, drøftingar, omstillingssamalar og tilsetting i nye stillingar. Alle tilsette og deira tillitsvalde var tett med i prosessane. Deretter starta jobben med å rigge fagområda tilpassa den nye bemanninga. Per 1.1.2022 var eininga i mål med nedbemanning med 6 av stillingane, mens den siste stillinga jobbast med vidare med i 2022. Rigging av organisasjonen er i gang, dette er ei stor oppgåve som tek tid og som det jobbast vidare med inn i 2022.

Landbruk

Landbrukskontoret handsamer og tildeler fleire tilskotsordningar. Tilskot til drenering er lite søkt på og tildelinga på kr 38.700 er mindre enn tilskotsramma på kr 250.000. Tilskot til tiltak i beiteområde blei overført frå Statsforvaltaren i 2020. Det blei utarbeidd ei lokal retningslinje i 2021 for kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger som skal leggje føringar for prioritering av tiltak og tildeling av desse midlane.

Det blei utbetalt 30,8 mill kroner i produksjonstilskot i 2021, som er ei auke på 2,5 mill kroner frå året før. Det blei tildelt 1.375 fellingsløyver på hjort, ei auke på 10% frå året før. Det blei felt 1.149 dyr, ein fellingsprosent på 84. Det er rom for ytterligere uttak av hjort.

I Bjørnafjorden blei det i 2021 omdisponert 11,7 dekar dyrka mark til andre formål, gjennom vedtatte planer. Sju søknadar om tiltak som kravde omdisponering av dyrka mark vart handsama etter jordlova av landbrukskontoret, av desse fekk ein avslag. Til saman utgjorde dei innvilga søknadane 5,7 dekar. I sum blei 17,4 dekar omdisponert frå dyrka mark til andre formål. I pressområde kan jordvern være krevjande.

Nibio har laga ein oversikt over korleis areala i landet vert nytta i Bjørnafjorden kommune, sjå denne lenka: [Arealbarometer for Bjørnafjorden kommune \(nibio.no\)](https://www.nibio.no/norge/arealbarometer-for-bjornafjorden-kommune).

Viktige hendingar

Brann og redning har utført kontroll og tilsyn med blant annet butikker og næringsliv etterlevelse av lokale forskrifter- Covid 19-håndtering.

Miljøloftet, som er oppfølging av Byvekstavtalen, har det vært arbeid godt med gjennom året. Her går fylkeskommunen, Bergen kommune og dei fire største omegnskommunane saman om å legge til rette for klima- og miljøbaserte gode løysingar innan kollektivtrafikk og trafikkløysingar.

Internt i kommune har ein fått til ein god organisasjon på tvers av fleire einingar og ressurspersonar, Fleire prosjekt i miljøloftet gjelder utredningsarbeid, men noko prosjekt er komme i utførelsefasen t.d. arbeidet i Nilsavegen. For Bjørnafjorden er gang- og sykkelveg langs Hatvikvegen eit viktig prosjekt, dette er under prosjektering og i samarbeid med Vestland fylkeskommune.

Borgafjellet barneskule vart opna og tatt i bruk ved skulestart i august. Ein flott skule på 7200 kvm med utehall og fine uteområde. Kommunen laga til midlertidig gangveg frå Hatvikvegen og inn til skulen, i påvente av permanent gang- og sykkelveg som Vestland fylkeskommune har prosjekt på.

Lunde barneskule fekk også sin utehall ferdig i 2021.

Ny brannstasjon i Eikelandsosen vart opna og tatt i bruk.

Parkeringshus Giskavollen vart opna 1.desember med omlag 180 plasser.

Omstilling i Innbyggarservice, der betydelig redusert bemanning omfordelte oppgåver, effektiviserte og meir digitaliserte tenester har vore sentrale i omstillingsprosessen innan stabsområdet. Innbyggarservice blei ei ny eining under samfunnsutvikling og fokuset på innbyggjarane, digitale tenester og sjølvbetening for innbyggjarane har fått meir fokus i Bjørnafjorden kommune. Dette er viktig for å rigge og effektivisere kommunen for framtida. Dette arbeidet held fram i 2022.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
40-Samfunnsutvikling - Fagstab	4 134	-466	5 107	5 573	109,1 %
41-Landbrukskontoret	2 104	2 879	2 827	-52	-1,8 %
42-Næringsavdelinga	5 599	3 912	3 762	-150	-4,0 %
43-Prosjekteininga	483	2 933	3 155	222	7,0 %
44-Plan	8 469	8 387	7 547	-839	-11,1 %
45-Byggjesak	0	0	0	0	0,0 %
46-Kart og Oppmåling	739	544	1 071	527	49,2 %
47-Kultureininga	33 342	33 616	33 723	107	0,3 %
48-Brann	24 084	25 584	23 175	-2 409	-10,4 %
49-Eigedom Drift	42 199	40 997	41 420	423	1,0 %
50-Samferdsle	18 900	24 439	20 015	-4 424	-22,1 %
51-Vatn	0	0	0	0	0,0 %
52-Avlaup	-384	0	0	0	0,0 %
59-Kalkulatoriske postar - sjølvkost	0	-19 645	-13 045	6 600	50,6 %
Sum	139 668	123 180	128 758	5 579	4,3 %

Kommentar til status økonomi

Samfunnsutvikling driftar omrent i balanse i 2021 med eit lite overskot på kr 41.204. I tabellen over er ikkje avskrivingar inkludert (avskrivingar blir rapportert samla for kommunen i forskriftsskjema). Hovudelement for resultatet frå einingane var:

Samferdsle - meirforbruk 4,4 mill.kr

Hovudårsaka til meirforbruket er at det har vært ein lang og hard vinter. Ein måtte og forlenge sesongen med 14 dager grunna snø og kaldt i starten av april.

Straumkostandene til veglys er auka grunna auka straumprisar, det var busjettert med kr 1mill men det gjekk kr. 1,5 mill.

Brann og redning - meirforbruk 2,4 mill.kr

Hovudårsak til dette er fleire utrykninger enn det som låg til grunn i budsjettet. Noko merforbruk skuldast også innkjøp av inventar og utstyr til den nye brannstasjonen i Eikelandsosen og mykje ekstra utgifter i høve skade på ein del køyretøy.

Øvrige einingar hadde mindre over/underforbruk:

For næringsavdelinga skuldast meirforbruket i hovudsak kostnader knytt til oppgradering av nettsidene og informasjonsmateriell for Lyseparken i samband med Joint Battery Initiativ og øvrig arbeid med Lyseparken og etableringa av Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS.

For plan skuldast meirforbruket primært budsjettet inntekt på kr. 500 000,- på tilsyn. Ei teneste som avdelinga ikkje leverer og ikkje har inntekter på.

Kultureininga gjekk ut med eit lite overskot på rekneskapen og slik sett ein god balanse i forhold til budsjett.

Eiendom Drift gjekk ut med eit lite overskot. Det har vært eit uroleg år med mykje variasjonar kring saker som påverkar budsjettet. Ei av dei største sakene er straumsatsane som har vært mykje høgere enn forventa.

Kart og oppmåling gjekk med eit lite overskot då ein hadde mindre forbruk en budsjettet (lønnsutgifter) og også større salsinntekter.

Sjølvkostområde Byggesak hadde i 2021 større inntekter enn budsjettet, og ei stor auke frå 2020 til 2021. Talet nye saker haldt seg stabilt fra 2020 til 2021, mens gebyret for dispensasjonar vart redusert frå 2. halvår i 2021. Årsaka til dei store inntektene er at vi har godkjent fleire store prosjekter i 2021 som har bidratt til ein stor del av inntekten. Dei store utslaga i rekneskapet kjem som følgje av avvik i lønnsutgifter. Dette skuldast fleire langtidssjukemeldingar og permisjoner.

Sjølvkostområda Vatn og Avlaup blei avslutta i balanse med bruk av fondsmidlar. Bergen Vann har levert under budsjett.

For sjølvkostområde privat slamtømming er det gjort avsetning til fond.

Status målsettingar

Målsetjing	Status måloppnåing
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjøre Bjørnafjorden attraktiv som by og arbeidskommune	<p>Vi har gjennomført kommunal planforum gjennom hele 2021 for å sikre kjennskap og kompetanseheving om planarbeid i heile kommunen.</p> <p>Kommuneplanens arealdel ble levert til behandling i kommunestyret.</p> <p>Klima- miljø og energiplan ble levert til behandling i kommunestyret.</p> <p>Gravplasssaken som ble bestilt i budsjettet er levert til politisk behandling.</p>
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosesser	<p>Generelt fokus på digitale skjemaer og oppdatering av heimesider i heile sektoren. Bl.a. med tilgjengelig informasjon på nettsidene med henvisninger til veiledere og annen informasjon på dibk.no.</p> <p>Fleire eininger har tatt i bruk frontdesk, andre er i startgropa for dette systemet. Byggesak er tigjengelig for publikum både på e-post, telefonvakt 3 dager i veka, og for bestilling av teams-møte eller telefon. Bruk av frontdesk har fungert godt, og vil også inkludere bestilling av fysiske møter når samfunnet no opnar opp att etter korona.</p> <p>Ein arbeidar også med samordning av opningstidene for einingane i sektoren og sentralbord/kundetorg.</p>
Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	<p>Grøn samfunnsutvikling ligg til grunn for planlegging, tekniske løysningar på bygg og anlegg, næringsutvikling og innan kultur-fritid. Med realisering av Lyseparken kan kommunen få oppsving i etablering grøn næring.</p> <p>Klima-, miljø- og energiplan vart vedtatt i desember.</p> <p>Plan har sammen med næring startet arbeidet med strategisk næringsplan som også tar opp i seg temaet omstilling og innovasjon.</p> <p>Arbeidet med sykkelstrategi og strategi for grønn mobilitet er påbegynt og vil bli levert i 2022.</p>
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	<p>Plan har startet planlegging av prosjektet "barnetroksbanken" som skal gjennomføres i 2022. Mål med arbeidet er å få til bedre kunnskap om barn og deres nærmiljø og dermed kunne ivareta dem bedre i stedsutvikling.</p> <p>Sommer og vinterdrift er viktig for våre innbyggere som nyttar dei kommunal vegane.</p> <p>Levering av trygt og godt drikkevatn er viktig.</p> <p>Det er gjennomført medvirkning i råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, eldreråd og ungdomsråd i forbindelse med samfunnsplanen. Turstiar og tilrettelegging for friluftsliv er viktige innsatsområde, men her er parkering knytt til slike anlegg ei utfordring. Dagsturhyttene er kome på plass, dette er eit løft for innbyggjarane</p>
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	<p>Pandemien har til dels vært styrande for arbeidskvardagen, heimekontor og smittevern har vore i aktivt bruk. Einingane er bevisst på å halde arbeidsbelastning på eit forsvarleg nivå, for å unngå sjukemeldingar. Det er høgt arbeidspress, og krav om omstilling relatert til redusert tal tilsette og strammare budsjett stiller krav til leiarane og arbeidsmiljøet generelt.</p> <p>Helseundersøkingar vart gjennomført som planlagt. Men på grunn av pandemien så har det vært gjennomført mindre medarbeidersamtalar og vernerrundar enn planlagt.</p>

Målsetjing	Status måloppnåing
Vi leverer treffsikre tenester	I all hovudsak får tenestene i Samfunnsutvikling tilbakemelding på at dei er i tråd med bestilling eller forventning. Plan har i løpet av året fått ned gjennomsnittlig saksbehandlingstid på private planer til under 50 dager. Plan har også arbeidet med bedre og mer pedagogisk fremstilling av plansakene gjennom strukturelle grep i maler og saksfremlegg. Byggesak har registrert 2 saker som blei behandla etter frist i 2. tertial. Dette er ei manuell registrering, og det kan vere nokre mørketal på grunn av manglende rapportering. I tillegg viser det seg at fristen for behandling av klage i mange tilfelle kan vere krevjande å rekke dersom ein treff dårlig med møtetidspunkta i PBU. Dette er fristbrot utan konkrete økonomiske konsekvensar for avdelinga, og vil vere vanskelig å gjøre noko med utan å endre delegeringsreglementet. Avløp held reinsekrava i utsleppsløyve. Med mindre budsjettmidler til vedlikeheld har vi merka fleire klager bl.a. på oppfølging av bygg og anlegg. Dette vil vi nok merke meir av i dei desse åra også med enno strammare økonomiske rammer.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål
				2021	
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjøre Bjørnafjorden attraktiv som bу og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjøre Bjørnafjorden attraktiv som bу og arbeidskommune	Andel planar/strategier som er vedtatt i planstrategien som er følgt opp	100,0 %	80,0 %	
		Tal folkemøter knytt til overordna planlegging			
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Andel planar der det er lagt til rette for digital medverkand	80,0 %	100,0 %	
		Antal nye brukarar av meirope bibliotek	200,0	71,0	
Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Vi fremmar grøn samfunnsutvikling	Andel av planar som er utforma med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål	100,0 %	100,0 %	
		Antal deltagarar i Grøn Bjørnafjord	4	4	
		Antal nye LED-veglys	80	51	Målet samsvarer ikkje med budsjett.
		Reduksjon av energiforbruket i kommunale bygg målt i kWt	10,0 %		Med tradisjonell drift klarar ein ikkje å redusera vesentleg meir på energiforbruket enn det som allereie er gjennomført. Det er utført utskifting av varmepumper som ikkje har virka, ventilasjonsanlegg som har overskredet levealder, tunet SD anlegg, ect. Mange av bygga treng ei større oppgradering for å få ein meir energivennleg -effektiv bruk.
		Tal kilometer asfaltering av kommunale vegar	10,0	5,6	Målet er ikkje i samsvar med budsjettet. 3 km av ny asfaltert veg er i høve prosjektarbeid, ofte i samarbeid med vass- og avløpsanlegg.
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Antal barn som er med på sommarles	1 000	1 258	

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Hovudmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål
2021					
		Antal eksterne som har arrangement i biblioteket	20	15	
		Antal nye nærmiljøanlegg som er bygd	5,0	7,0	
		Antal nye støttekontaktar	27,0	44,0	
		Antal omkomne som følge av brann (henta frå DSB sin offisielle statistikk)	0,0	0,0	
		Antal reelle kokevarsel drikkevatn	3,0	1,0	
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidrarar	Andel tilsette som får tilbod om medarbeidarsamtale	100,0 %	91,0 %	
		Det er gjennomført årleg vernerunde i alle eininger	100,0 %	33,0 %	Fleire eininger har ikke gjennomført vernerrunda på grunn av covid-19.
		Samla sjukefråvær (korttid og langtid)	7,0 %	4,9 %	
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	Andel byggesaker handsama med overskriden frist. Gjeld sum saker med 3 og 12 vekers frist og dispensasjonssakar	10,0	18,0	
		Andel prosjekt kor mynde og ansvar mellom ulike nivå er tydeleg fordelt og avklart i prosjektplanlegging og gjennomføring (td. gjennom prosjektdirektiv)	90,0 %		Det har vært arbeid med prosjektstyringssystem gjennom heile året. På grunn av at ein ikkje fekk Prosjektportalen 365 til å funger tilfredsstillande for investeringsprosjekta, så har ein arbeid med å få lyst ut konkurransen for prosjektstyring inkl. webhotel. Dei større prosjekta har både prosjektleiar og prosjekteigar, prosjektgrupper er nedsatt, spesielt for prosjekt der tilsette skal ha arbeidsplass.
		Andel reguleringsplanar handsama 1. gong med overskriden frist	10,0 %	10,0 %	
		Andel reguleringsplanar handsama administrativt 2.	10,0 %	0,0 %	

Årsmelding 2021 – Bjørnafjorden kommune

Hovedmål	Mål	Målast ved	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål 2021
		gong med overskriden frist			
		Andel som er nøgd eller ganske nøgd ved gjennomførte spørreundersøkingar	70,0 %		Det er ikke gjennomført spørreundersøkingar.
		Antal saker etter matrikkellova som ikkje vert handsama innan lovpålagt frist	0,0	10,0	!
		Tal eininger som har identifisert sine arbeidsprosessar og utarbeidd flytskjema i kvalitetssystemet	90,0 %		Kvalitetssikring og dokumentasjon av arbeidsprosessar pågår kontinuerleg.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2020	Bjørnafjorden 2021	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,32	0,24		0,36
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	10,5	11,0		16,3
Brutto driftsutg til gatebelysning langs kommunale veier og gater per kilometer belyst vei (kr *)	35 670	93 809	26 521	25 553
Brutto driftsutgifter til samferdsel i kr per innbygger *)	1 362	1 494	1 893	1 944
Byggesaksbehandling og eierseksjonering brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	356	344	367	378
Kart og oppmåling brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	234	260	233	246
Kommunale vei er brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	1 277	1 403	1 514	1 492
Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansaksbehandling (B) *) **)	336	79	259	296
Netto driftsutgifter per innbygger (360) naturforvaltn og friluftsliv (B) *) **)	271	223	156	163
Samferdsel, kommune brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	1 362	1 494	1 893	1 944
Produktivitet				
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) *)	7 500	7 303	4 400	4 435
Brutto driftsutgifter i kr pr. km communal vei og gate *)	183 727	203 368	194 916	182 068
Brutto driftsutgifter i kr til gatebelysn. pr. km komm. vei *)	35 670	93 809	26 521	25 553
Dekningsgrad				
Andel km tilrettelagt for syklende i prosent av alle kommunale veier (prosent)	9,8 %	9,8 %	19,0 %	37,7 %
Kvalitet				
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1) *)	591	627	483	533

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Avlaupsprosjekt	205 000	39 636	35 000	29 430 Ikke vurdert
Brannstasjon Eikelandsosen - Tilbygg	25 000	25 727	11 237	11 964 Ferdig
Ferdigstilling Os Idrettspark Kuventræ	21 000	17 535	21 000	16 919 Iht. plan
Fjellheim	200	0	200	0 Ikke vurdert
Flaumsikring Osøyro	4 500	625	500	625 Ikke vurdert
Flaumsikring Sævareid og Strandvik	4 500	666	500	666 Ikke vurdert
Kjøp av tomter og bygg	28 000	10 767	8 000	6 485 Ikke vurdert
Kommunal infrastruktur	30 050	11 477	5 050	9 340 Ikke vurdert
Kommunal Veg Revsåsen	0	256	0	256 Ikke vurdert
Liv i Bjørnafjorden	48 000	2 579	6 000	2 280 Ikke vurdert
Lyseparken næringsområde	3 000	2 805	1 365	1 170 Ikke vurdert
OHARA (Sentralrenseanlegg kloakk)	456 000	448 819	25 346	10 356 Iht. plan
Ombygging kommunale bygg	33 000	9 528	7 000	3 492 Ikke vurdert
Parkeringsanlegg	1 200	384	972	155 Ikke vurdert
Politistasjon Moberg	68 000	60 899	60 324	49 598 Forsinket
Prosjektering utbyggingsområder	72 000	69 162	11 311	5 505 Ferdig
Rullande materiell	9 100	313	600	313 Ikke vurdert
Samnøy næringsområde	17 500	5 631	2 500	2 137 Iht. plan
Stallabrotvegen - utviding	5 000	2 655	4 744	2 399 Ikke vurdert
Tiltak i trafikksikringsplan	2 000	1 226	1 280	506 Forsinket
VA anlegg ny vei Åsen	45 000	7 568	6 000	4 734 Ikke vurdert
VA E-39	22 500	571	134	205 Ikke vurdert
Vassprosjekt	72 000	24 502	12 142	10 644 Iht. plan
Veg Revne	235 000	66 489	40 000	36 949 Ikke vurdert
Sum	1 407 850	809 956	261 504	206 266

Statustekst investeringar

Avlaupsprosjekt

Årsprosjekt. Heile økonomiramma er ikkje nytta grunna fleire av prosjekt er i prosjekteringsfase og det har vært ein del forsinkelse på utførelse.

Prosjekt i arbeid har vært:

9200 Oppgradering av Halhjem kloakkreinseanlegg (overføring til OHARA)

9220 VVA Landboden - prosjektering

9240 Solstrand - Kuhnle, overføring til OHARA; ny vurdering av plassering av pumpestasjonar og løysning pågjekk.

9270 VA Osdalen del 3; Ulike alternativ for del 3 og del 4 vurderast samla pga høg risiko på grunnforhold og kostnader.

Brannstasjon Eikelandsosen - Tilbygg

Brannstasjon Eikelandsosen vart ferdigstilt og tatt i bruk i 2021.

Ferdigstilling Os Idrettspark Kuventræ

Klatrehall, turngrop, kampsportrom og ferdigstilling av kontorlokaler vart ferdigstilt og tatt i bruk.

Utarbeiting av tilbudsgrunnlag for varmepumpe til Osbadet pågjekk.

Fjellheim

Arbeidet er utført med driftsmidlar.

Flaumsikring Osøyro

Mulighetsstudie er gjennomført.

Flaumsikring Sævareid og Strandvik

Mulighetsstudie gjennomført, skal til politisk behandling.

Kjøp av tomter og bygg

Årsprosjekt.

Kommunal infrastruktur

Årsprosjekt.

Midlane nyttar til ulike vegar, bruer og kaiar. Mykje av midlane for 2021 er nyttar til oppgradering i Øvre Varåsen. Noko av meirforbruket er uteståenda midlar.

Kommunal Veg Revsåsen

Kommunal del av Åsen-Helleskarprosjektet, jf. prosjekt 7240. Prosjekteringsarbeid har pågått i 2021. Vidare er det arbeid med utbyggingsavtalar.

Liv i Bjørnafjorden

Primært eit politisk prosjekt.

Det har vært arbeid med straum og vatn til flytebrygge på Steinaneset, parkeringsutgreiing, straumforsyning ved industriksi, innkjøp av pumptrack og uteområder.

Lyseparken næringsområde

Utgreiingsarbeid pågått.

Ny veg Åsen

Prosjektering pågår. VLFK gjennomført grunnundersøkelse og vurdert resultatet av det, samt utarbeidelse av nytt anslag. Utbyggingsavtalar er godkjent.

OHARA (Sentralrenseanlegg kloakk)

OHARA har vært i drift sidan nov.2019. Prosessanlegget sin prøvedriftsfase 2 vart avslutta våren 2021. Noko reklamasjon- og tilleggsarbeid pågår, samt dokumentasjonsarbeid.

Ombygging kommunale bygg

Årsprosjekt.

Midlane er nyttar på ulike kommunale bygg. Oppgradering av Arx-system på skular og nytt kjøkken på Strøno barneskule var dei mest kostnadskrevjande tiltaka i 2021.

Parkering i fjell

Mulighetsstudie er presentert for formannskapet.

Det vert arbeid videre med reguleringsplan for parkeringsanlegg og kollektivterminal, samt forstudie for parkeringsanlegg.

Parkeringsanlegg

Parkeringsanlegget vart overlevert og tatt i bruk. Sluttarbeid pågår.
Veidekke AS har stevna kommunen i saka om tildeling av kontrakt (jf. KOFA-saken).

Politistasjon Moberg

Sluttarbeid pågår.

Prosjektering Sperrevikvegen

Prosjekteringsarbeid har pågått. Deler av prosjektet skal dekkjast av Miljøløftmidlar, samt noko frå private.

Prosjektering utbyggingsområder

Mindre utgreiingar

Rullande materiell

Årsprosjekt.
Midlar fordelt og innkjøp er gjennomført.

Samnøy næringsområde

Det har vært utført grunnvassvurdering for Samnøy industriområde. Vidare har det vært utført geotekniske grunnundersøking og kostnadskalkylen er revidert.
Adhoc utvalet har arbeid med å få realisert næringsområdet, fleire møter er gjennomført med Bolaks AS, AT.skog og Fusa kraftlag.

Stallabrotvegen - utviding

Arbeidet med grunnavtalar tok lengre tid enn planlagt. Anbodskonkurransen vart utlyst på hausten, klage kom på tildeling av konkurransen.

Tiltak i trafikksikringsplan

Årsprosjekt.
Det er arbeid med trafikksikringsplanen.
Noko midlar er nytta til fartsreduserande tiltak og prosjektering.
Det største tiltaket er busslomme Baldersheim som er i utførelsefase.

VA anlegg ny vei Åsen

Prosjektering pågår og følger prosjekt "7240 Ny veg Åsen" og "7244 Kommunal veg Revsåsen".

VA E-39

Arbeid med entreprise for grunnarbeid og pumpeleveranse har pågått, samt sluttarbeid for VA E-39.

Vassprosjekt

Årsprosjekt. Heile økonomiramma er ikkje nytta grunna fleire av prosjekta har det vært noko forsinkelse på både i prosjekterings- og utførelsefase. For VA prosjekta i Osdalen (del 3 og 4) har ein valt å gjere nye vurderingar på ulike alternativer på grunn av risiko med grunnforhold og kostnader.

Prosjekt i arbeid har vært:

8120 VA Osdalen del 4: Forprosjekt med forslag til trasè.

8130 VA Hatvikvegen: Prosjektering

8180 VA-anlegg Svegatjørn - Endelausmarka: Sluttarbeid.
8225 VA Brugata: Prosjektering
8410 Høgdebasseng St.Hanshaugen: Bygging pågår.
8490 VA Hegglandsdalsvegen (del1): Samarbeidsprosjekt med VLFK. Bygging starta opp i 2021.
8550 VA Nordmarka: Arbeid utført og er i sluttfasen.
8560 VA Borgavegen: Ferdigstilt.
8610 VA Hegglandsdalen 2: Prosjektering utført
8615 VA Hegglandsdalen 3: Prosjektering utført
8670 VA Koldal: Sluttarbeid.

Veg Revne

Det er gjennomført forprosjekt med nærmere utgreiing av 3 ulike alternativ. Ingen av alternativene vil ivare eit fullgodt alternativ til ny veg, det er knytt fråvik til alle alternativene.

Alternativ 1 - Opprustning av eksisterande veg. Alternativet inneber etablering av nytt kryss mot Fv549 Sundvorvegen. Alternativet er utfordrande med omsyn til nærføring til eksisterande bustader, svært utfordrande med omsyn til påkobling til sekundærvegar og kryssing over Baldersheimtunnelen.

Maksimal stigning på opprusta veg er 12,5% og veglengde er ca 670 inkl. kryssløysing. Alternativet er kalkulert til ca. kr 19,0 mill. eks.mva.

Alternativ 2 – Nytt kryss og tilkomstveg. Nytt kryss etablert ca. 390 meter nordvest for Baldersheimtunnelen. Alternativet er utfordrande med omsyn til terrengeinngrep, inngrep på landbruksareal og bekkelukking. Eksisterande kryss mellom Revnavegen og Fv 549 Sundvorvegen må oppretthaldast, men vert avlasta. Stigning på vegen er 12,5% og veglengde er ca 440 meter. Vegen er kalkulert til ca. kr 11,1 mill. eks.mva.

Alternativ 3 – Nytt kryss og tilkomstveg. Nytt kryss etablert ca 108 meter nordvest for Baldersheimtunnelen. Alternativet er utfordrande med omsyn til terrengeinngrep inngrep på landbruksareal og gardstun. Eksisterande kryss mellom Revnavegen og Fv 549 Sundvorvegen må oppretthaldast, men vert avlasta. Stigning på vegen er 11% og veglengde er ca 510 meter. Vegen er kalkulert til ca. kr 9,9 mill. eks.mva.

Med bakgrunn i forprosjektet vert alternativ 3 vurdert som det beste vegtekniske alternativet.

Kommunedirektøren tilrår ikke å gå videre med prosjektet med bakgrunn i dei høge kostnadene og at ein ikke får eit fullgodt vegalternativ.

Bjørnafjorden 30.03.2022



Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør



Ingrid K. Kaalaas
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef